



Årsmelding 2022

Voss herad





Innhold

Rådmann har ordet.....	3
Økonomisk status og utvikling	4
Økonomisk resultat	4
Finansielle måltal	4
Sentrale inntekter	5
Finansinntekter og -utgifter	7
Kommentar til avvik på tenestoområda.....	8
Tapsføring refusjon sjukeløn.....	10
Knutepunktet.....	11
Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenestoområda	12
Investeringer	12
Status investering og finansiering (2A)	12
Status investeringar (2B)	13
Status investeringsprosjekt	15
Organisasjon	23
Likestilling, inkludering og mangfald	25
Lærlingar	27
Sjukefråvær.....	27
Innovasjon og digitalisering.....	28
Samfunns- og befolkningsutvikling	28
Internkontroll	30
Nytt digitalt kvalitetssystem	30
Avvik	31
Særskilde område	35
Flaum	35
Koronapandemien 2022.....	37
Flyktningar	39
Berekraft, klima og miljø	41
Kommunen sine tenestoområde.....	51
Administrasjon og leing	51
Plan, næring og forvalting	57
Samferdsel	60
Eigedom og bustad	67
Brann og ulukkesvern	76
Vatn, avlaup og renovasjon	80



Politisk styring	86
Finansielle postar/økonomi	88
Grunnskule	92
Barnehage	99
Barne- og familietenestene	104
Integrering og voksenopplæring	113
Helse	116
Omsorg	120
Sosialtenester	125
Kultur og fritid (inkl.kyrkja).....	131
Årsrekneskap.....	141
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd	141
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd	142
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd	143
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd	144
Økonomisk oversikt drift etter § 5-6	145
Forskriftsskjema konsolidert rekneskap 2022	146
Vossabadet og Voss Idrettshall KF	151



Rådmann har ordet

Knekkpunkt

Eit knekkpunkt er eit punkt der ei linje gjer ein knekk. I overført tyding er dette eit punkt der det skjer ei større brå endring i tilstand eller situasjon.

Det er vanskeleg å vita om ein opplever eit knekkpunkt når ein står midt oppi det, men eit av dei mest brukte, og misbrukte orda i samfunnet i 2022 var ordet krise: Ukraina-krise, koronakrise, bemanningskrise, energikrise, klimakrise, fastlegekrise, kokkekrise og til og med «vaniljekremkrise», var nokre av «krisene» me opplevde i 2022.

Forventningane til styresmaktene aukar i krisesituasjonar. Både nasjonale og lokale styresmakter skal vera ein stabiliserande faktor i kriser. Styresmaktene må leia og styra samfunnet gjennom små og større kriser. Men det er ikkje alltid samfunnet ser likt ut etter ei krise som det gjorde før. Me har opplevd eit knekkpunkt. Då må både styresmakter og befolkning omstilla og tilpassa seg det nye.

Eit eksempel på dette er at langt tilbake i tid og fram til i dag, har talet personar i yrkesaktiv alder alltid auka. Talet eldre har auka svakt frå etterkrigstida, men veksten har vorte tydelegare frå omtrent byrjinga av 1970-tallet. Framover vil talet eldre auke kraftig. Men i motsetnad til tidlegare, vil veksten i talet eldre skje samstundes med ein situasjon der talet personar i yrkesaktiv alder stagnerer. Dette såg me tydleg i arbeidslivet og dei kommunale tenestene i 2022. Jakta på kompetanse sette sitt preg på arbeidskvardagane våre i heile organisasjonen og tilsynelatande er dette eit knekkpunkt, og ikkje berre ein hump i vegen.

Me kan velja å tru dette ikkje er eit knekkpunkt og at ting stabiliserer seg tilbake til slik det var før. Eller så kan me sjå på oss som folkevalde og tilsette i ein kommune som heldige som har dei rollene me har. No har me moglegheit til å dra nytte av all kunnskap me har og forma eit berekraftig samfunn som står stødig i krisetider.

Voss, 31.03.2023
Arild McClellan Steine
Rådmann





Økonomisk status og utvikling

Her finn du ei vurdering av korleis den økonomiske situasjonen til Voss herad har utvikla seg og forklaring av utviklinga i finansielle måltal, sentrale inntekter, finanspostar og avsetting til fond. I tillegg finn du ei oppsummering av økonomiske avvik for dei ulike tenesteområda i 2022, og kort skildring av viktige trekk frå rekneskapen 2022.

Økonomisk resultat

Voss herad hadde i 2022 eit større meirforbruk. Tenesteområda har hatt eit høgare utgiftsnivå enn det som var budsjettert, og netto driftsresultat vart negativt, på omtrent -17,7 mill. kr. Budsjettert netto driftsresultat var positivt, på omtrent 41 mill. kr, og avviket mellom budsjett og rekneskap her vart difor på 58,7 mill. kr. Dette inneber at me må nytta meir av fond enn planlagt, og at me ikkje får sett av midlar til bruk seinare år. På lengre sikt er ikkje dette berekraftig, då me nyttar av reservane våre. Det at me har spart, og bygd opp fondsmidlane våre tidlegare år, gjer at me kan dekkja det negative resultatet, slik at årsresultatet vert 0 i 2022.

Finansielle måltal

Økonomiske måltal er eit viktig verktøy for å styra økonomien i kommunen i ønska retning. Måltala er førande for budsjett og økonomiplan, men kan fråvikast einskilde år. Kommunen sine måltal er:

Måltal	Minimum	Mål	Skildring
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,75 %	3 %	Syner om drifta er finansiert av inntektene for perioden.
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	6,5 %	7 %	Syner kor store reservar kommunen har.
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	Ikkje relevant	65 %	Syner gjeldsgraden, der målsettinga er at denne er stabil over tid.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat seier noko om i kor stor grad driftsinntekter dekkjer driftsutgiftene. Det seier også noko om kva midlar som eventuelt ikkje er nytta i drifta i inneverande år, og som kan setjast av til fond til seinare bruk i driftsrekneskapen eller til finansiering av investeringar. Eit negativt netto driftsresultat gjer at kommunen må bruka meir av fond enn me avset for å koma i balanse. Det er tilrådd av netto driftsresultat bør liggja på 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Voss herad fekk eit negativt netto driftsresultat på nær - 18 mill.kr i 2022. Dette utgjer ca. - 1 % av brutto driftsinntekter. I opphaveleg budsjett var det budsjettert med eit netto driftsresultat på 6,4 mill.kr (0,4 %), som vart auka til 14,5 mill.kr (0,9 %) i revidert budsjett 2.tertial. Hovudgrunnen til at det vart dårlegare enn budsjettert er på grunn av høgare utgifter enn venta på fleire område grunna prisvekst, nye behov og tapsføring av gamle fordringar innan refusjon sjukeløn.



Disposisjonsfond


Disposisjonsfond kan nyttast fritt til ulike føremål og er kommunen sine reserver. Teknisk berekningsutval tilrår at dette bør vera minimum 5 % av driftsinntektene for kommunane i landet. Ved inngangen av 2022 hadde kommunen om lag 123 mill.kr kr på disposisjonsfond. På grunn av dårlegare resultat i driftsrekneskapen enn venta, kunne ikkje kommunen setja av så mykje som planlagt til disposisjonsfond.

Reservane vart redusert med om lag 29 mill.kr i 2022, og ved utgangen av året var dei nær 93 mill.kr. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter utgjer ved utgangen av 2022 5,3 %. Det vart redusert frå 7,7 % i 2021. Dette syner kor sårbar økonomien er for svingingar og at resultat på måltal fort kan endra seg, og reservane bør styrast slik at det held eit berekraftig nivå over tid.

Lånegjeld

Den totale lånegjelda har blitt redusert i 2022 frå 1 426 067 563 kr til 1 398 383 193 kr. Kommunen har måltal på netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforpliktingar) trekt frå totale utlån og ubrukte lånemidlar. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlige lån (utlån av egne midler).

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter ved utgangen av 2021 var på 54 % og er redusert til 52,4 % ved utgangen av 2022. Voss herad tok ikkje opp nytt lån til investeringar i 2022 og reduserte ubrukte lånemidlar frå nær 191,5 mill.kr i 2021 til 92,6 mill.kr i 2022.



Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Frie disponible inntekter						
Rammetilskudd	-586 307	-552 800	-558 757	-599 106	40 349	7,2 %
Inntekts- og formuesskatt	-476 919	-488 300	-541 237	-521 118	-20 119	-3,7 %
Eiendomsskatt	-70 399	-70 600	-70 600	-76 403	5 803	8,2 %
Andre generelle driftsinntekter	-34 657	-39 223	-67 223	-64 834	-2 388	-3,6 %
Sum Frie disponible inntekter	-1 168 282	-1 150 923	-1 237 817	-1 261 461	23 644	-1,9 %


Frie inntekter

Kommunen sine frie inntekter omfattar skatt og rammetilskot, og er kommunen sine største inntektskjelder. Skatt på inntekt og formue, og rammetilskotet som kjem frå staten er budsjettert med utgangspunkt i statsbudsjett for 2022 og justert i løpet av året etter faktiske forhold.



Rammetilskot er eit tilskot frå staten som i utgangspunktet er fordelt etter innbyggjartal (414,5 mill.kr i 2022). Det vert deretter korrigerert for utgiftsutjamning (kor teoretisk dyr ein kommune er å drifta) (ca.74,4 mill.kr i 2022), særskilde saker (5,6 mill.kr i 2022), inndelingstilskot (18,6 mill.kr), regionsentertilskot (4,4 mill.kr) og skjønstilskot (6,5 mill.kr). I tillegg har kommunen fått auka rammetilskot og skjønstilskot med 25,3 mill.kr for å dekkja meirutgifter og tapte inntekter med koronapandemien. I 2022 fekk Voss også eit trekk i rammetilskot på grunn av vesentleg høgare skatteinntekter enn det som låg til grunn i statsbudsjettet for 2022. Auken skuldast delvis oppjustering av løns- og sysselsetjingsvekst, og delvis auka utbytte til personlege skattytarar i 2021. For kommunane omfatta dette at skatteinntektene vart sett opp og rammetilskotet ned. For Voss innebar det at budsjettet for skatt på inntekt og formue vart sett opp med 28,9 mill. kr, og rammetilskot sett ned med 26 mill. kr. Samla sett fekk Voss nær 524 mill.kr i overføringar som rammetilskot og skjønnstilskot i 2022.

I inntektssystemet til kommunane ligg det også omfordeling av skatteinntekter frå dei kommunane som får mykje skatteinntekter til dei som får mindre, inntektsutjamning. I 2022 hadde Voss ein lågare skattevekst enn landet. Voss fekk heile 75 mill.kr i inntektsutjamning.



Kommunen budsjetterte med inntekt frå skatt og formue på nær 488 mill.kr i 2022 i opphavleg budsjett, som vart auka til 541 mill.kr i løpet av året, og dei faktiske inntektene landa på 521 mill.kr. Denne skatten kjem i hovudsak frå privatpersonar. Landet hadde ein skattevekst på 12,7 % medan Voss hadde 9 %. Sidan skatteveksten var lågare enn landet samla sett fekk Voss inn meir i skatteutjamning enn venta. Ser ein desse to inntektene samla sett fekk Voss herad inn ca. 6 mill.kr meir enn budsjettert.

Eigedomsskatt

Voss herad skriv ut eigedomsskatt til rundt 11 000 eigedomar. Av desse har om lag 6 500 eigedomane kommunalt fastsett takst, medan om lag 4 500 bustadar får skattegrunnlag basert på verdiestimat frå Skatteetaten (bustadverdi). Eigedomsskatt var budsjettert med føresetnader om skattesats for bustad og fritid til 2,1 promille, og 7 promille på næring. Rekneskapen enda på 5,8 mill.kr over budsjett på totalt 76,4 mill.kr, der 36,4 mill.kr kjem frå bustad og fritidsbustader og nær 40 mill.kr frå næring. Meirinntektene skuldast i hovudsak ein eingongseffekt på omlag 5,5 mill.kr i auka eigedomsskatt på næring som følgje av utskriving av eigedomsskatt på linjenettet med tilbakevirkande kraft på 2022. I tillegg er der ein auke i skattegrunnlaget for bustad og fritidsbustad som det vert skrive ut eigedomsskatt på.

Integreringstilskot

Andre generelle statstilskot er i hovudsak integreringstilskot for flyktningar. Nivået på tilskot til flyktningar vert sterkt påverka av tal flyktningar me mottek for busetjing og integrering. Det var i utgangspunktet



budsjettert med 14,7 mill.kr i integreringstilskot som vart auka til 42,7 mill.kr i løpet av året etter auka anmodning om å ta i mot flyktningar frå Ukraina. Voss herad fekk 40,2 mill.kr i i integreringstilskott i 2022 og 14,2 mill.kr av desse er sett av på disposisjonsfond til framtidige utgifter.

Økonomiske effektar av kraftproduksjon i kommunen

Andre sentrale inntekter omfattar også inntekter frå kraftproduksjon i kommunen. Ved konsesjonar gitt etter vassdragsreguleringslova eller vannfallrettighetsloven, pliktar kraftverkseigarane å betala ein årleg avgift (konsesjonsavgift) til staten og til dei aktuelle kommunane. For Voss herad vert konsesjonsavgiftene i sin heilskap sett av til Kraftfondet. I 2022 vart det inntektsført 6 831 070 kr i konsesjonsavgifter og det vart utgiftsført 6 831 070 kr i avsetning til bundne fond (Kraftfondet). Kraftverka må også betala ein naturressursskatt på 1,3 øre per kWh til kommunen. Voss mottok 12,5 mill.kr i naturressursskatt i 2022.

Eigarar av vasskraftverk pliktar å levera ein del av krafta som vert produsert til kommunane som er berørt av kraftutbygginga. Denne konsesjonskrafta skal leverast til ein pris som lova føreskriv. Vertskommunane får tildelt ei gitt mengde straum til prisen som er fastsett av staten. Kommunen kan selja til vidare til marknadspris. Voss herad har 70,8 GWh til disposisjon, der me har nytta 9,04 GWh til eige bruk og sel 61,84 GWh. Sal av konsesjonskraft kjem inn under tenesteområdet Finansielle postar og utgjorde nær 90,2 mill.kr i 2022. Bruken av meirinntektene er skildra under kapittel om tenesteområde Finansielle postar/økonomi.

Eigedomsskatt for kraftverk vert fastsett på grunnlag av verdi i investerte anlegg, samt produksjon og gjennomsnittleg marknadspris på kraft dei siste fem åra, og utgjorde vel 25 mill.kr til Voss herad i 2022. Voss herad mottok samla omlag 137 mill.kr i inntekter frå kraftproduksjon i kommunen i 2022. I tillegg kjem utbytte frå eigarpostane i Voss Energi og Eviny.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Renteinntekter	-14 018	-15 367	-16 867	-21 592	4 725	28,0 %
Utbytter	-11 476	-10 300	-16 600	-14 992	-1 608	-9,7 %
Renteutgifter	14 779	22 280	24 380	22 155	2 225	9,1 %
Avdrag på lån	51 111	52 100	52 100	52 122	-22	0,0 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	40 396	48 713	43 013	37 692	5 321	12,4 %

Voss herad har eit positivt avvik på 5,3 mill.kr i forhold til budsjett på netto finanspostar. Dette kjem i hovudsak frå lågare renteutgifter og høgare renteinntekter enn kva som var budsjettert.

Året 2022 har vore prega av auke i rentemarknaden. Norges bank si styringsrente vart i løpet av 2022 satt opp frå 0,5 % til 2,75 %, og det er venta ytterligare auke i rentenivået utover i 2023. Marknadsrentene har auka tilsvarende, og i tillegg har marginpåslaget som kommunane må betala for sine innlån auka med omlag 0,4 %-poeng igjennom 2022. Ved utgangen av 2022 hadde Voss herad ei vekta gjennomsnittsrenta på sine innlån på 2,33 %, opp frå 1,05 % ved inngang til året. Portefyljesamansetninga gjer at heradet sine innlånskostnader ikkje har auka like mykje som det den generelle renteauke skulle tilseie.



Innskotsrenta til kommunen fylgjer marknadsrentene tett, noko som gjer at kommunen har fått høgare renteinntekter enn budsjettet for 2022.

Voss herad har betalt avdrag som budsjettet. Avdraget er 7,0 mill.kr høgare enn kommunelova sitt krav til minimumsavdrag.

Budsjett for utbyte frå Eviny og Voss Energi vart sett opp i 2022, men vart noko lågare enn estimert.

Kommentar til avvik på tenesteområda

Resultatet totalt sett for heradet er vesentleg dårlegare enn forventa, og fleire av tenesteområda har store meirforbruk i høve budsjett.

Avvika er forklart meir i detalj under kapittel om kvart tenesteområde. Nedanfor er det lagt fram ei samla oversikt.

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Administrasjon og leiging	74 787	77 301	82 409	87 131	-4 722
Plan, næring og forvaltning	24 111	23 755	24 751	39 769	-15 018
Samferdsel	27 998	27 980	35 293	37 107	- 1 814
Eigedom og bustad	11 598	24 671	30 202	21 159	9 043
Brann og ulukkesvern	13 297	12 960	13 733	15 435	-1 702
Vatn, avlaup og renovasjon	- 15 520	-14 240	-13 766	-4 413	- 9 353
Politisk styring	7 807	7 740	7 740	7 244	496
Finansielle postar/økonomi	-84 803	- 42 382	-90 882	-110 349	19 467
Grunnskule	249 427	242 886	236 344	289 308	- 52 964
Barnehage	155 459	148 651	154 887	160 660	-5 772
Barne- og familietenestene	62 845	63 397	67 049	77 019	-9 970
Integrering og vaksenopplæring	12 670	8 908	9 669	15 753	-6 084
Helse	46 549	42 001	50 039	59 212	-9 172
Omsorg	378 326	371 984	402 751	426 854	- 24 103
Sosialtenester	49 198	40 862	53 944	61 265	- 7 322
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	42 803	45 715	46 505	51 027	- 4 522
Sum løyvingar drift, netto	1 056 552	1 082 190	1 110 666	1 234 178	- 123 513

Administrasjon og leiging har eit negativt avvik relatert til utgifter til flaumen, administrasjonslokale, straum for gatelys og lisensar.



Plan, næring og forvaltning har eit større meirforbruk relatert til Kraftfondet (15,5 mill. kr). Avviket er ikkje reelt, då bruk av fond til dekking av utbetalingane ligg på anna plass i rekneskapen.

Eigedom og bustad har eit positivt avvik på omtrent 9 mill. kr. Dette er stort sett grunna rekneskapsføring på andre teneste. Utgifter relatert til skulelokale er for eksempel ført på grunnskule, og vil ikkje kome som utgift på eigedom og bustad.

Vatn, avlaup og renovasjon har hatt lågare inntekter enn forventa, og høgare prisvekst enn det som vart teke høgde for i budsjett. Då dette er eit sjølvkostområde vert fond nytta når det oppstår eit meirforbruk, men i 2022 var det ikkje nok midlar på fond til å dekkja meirforbruket (mindreinntekta).

Finansielle postar/økonomi har eit positivt avvik på nesten 20. mill. kr. Dette er relatert til pensjon. Fleire av tenestekområda har negative avvik knytt til dette, då det er ulik praksis ved budsjettering og rekneskapsføring. Sjå meir info om dette nedanfor.

Grunnskule har meirforbruk knytt til husleige, kjøp av tenester, lisensar og fastløn. Det er store behov innan spesial-pedagogikk, og to-til-ein og ein-til-ein undervisning gjer at utgiftene aukar. Ettersom kommunen totalt sett gjekk med underskot, måtte ein del av planlagt bruk av disposisjons-fond strykast, som vil si at området fekk lågare inntekter (25 mill. kr).

Barnehage har negativt avvik grunna høgare overføring til private barnehagar enn budsjettert på grunn av bemanningsnorma og tapsføring av refusjon for sjukeløn

Barne- og familietenestene har meirforbruk knytt til husleige på knutepunktet, lågare inntekter enn budsjettert, tiltak og bruk av eksterne.

Integrering og vaksenopplæring har fått mindre refusjon frå staten enn det som var budsjettetert.

Helse har meirforbruk på innleige av vikarar, husleige, lisensar og utstyr.

Omsorg sitt meirforbruk gjeld i hovudsak overtid og innleige. Omtrent 13 mill. kr av avviket er relatert til pensjon og 4 mill.kr er tapsføring av refusjon sjukeløn. Meirforbruket er og relatert til husleige, mat og vedlikehald.

Sosialteneste har eit negativt avvik knytt til sosial stønad og husleige. Bustadsituasjonen på Voss, høg prisvekst og det at me ikkje har fått mange nok ut i arbeid etter korona er nokre av grunnane til meirforbruk på sosial stønad.

Kultur og fritid har eit større meirforbruk knytt til saneringsarbied på kulturhuset etter flaumen. Deler av det totale avviket, 2,6 mill. kr, gjeld budsjettert inntekt ved bruk av fond. Denne inntekta vart ikkje rekneskapsført her.

Pensjon

Pensjonskostnaden vart høgare enn det me hadde budsjettert med i opphavleg budsjett. Prognosen som vart levert i haust synte ei vesentleg auke i reguleringspremien grunna lønsoppgjjer og trygdeoppgjjer. Budsjettet vart justert for dette i desember, då det vart lagt inn ein ekstrakostnad på omtrent 15 mill. kr (i budsjettjusteringssak desember 2022). Ved årsslutt vart likevel rekneskapen på pensjon totalt for kommunen noko høgare enn budsjettert, med eit negativt avvik på nesten 1,2 mill. kr.

Sjølv om avviket totalt sett for kommunen ikkje er veldig stort (i forhold til storleiken på utgifter til pensjon), har nokre tenestekområde vesentlege avvik på pensjon. Dette er grunna ulik praksis mellom budsjettering



og rekneskapsføring av pensjon. Største delen er knytt til bruk av premiefond. I rekneskapen vert bruken av fondet ført sentralt, på "finansielle postar/økonomi" som ein inntekt, og ut på tenesteområda som ein utgift. Då budsjettet ikkje gjer denne fordelinga vert det store avvik mellom rekneskap og budsjett for nokre tenesteområde. I 2022 vart det nytta om lag 33 mill. kr frå premiefondet.

I oversikta nedanfor er avvika som følgje av ulik praksis i budsjettering og rekneskapsføring framstilt (negativt forteikn = mindreforbruk, positivt forteikn = meirforbruk). Ser ein vekk ifrå dette, vil ingen av tenesteområda ha vesentlege negative avvik på pensjon.

Tenesteområde	Meirforbruk
Administrasjon og leing	2 185 108
Plan, næring og forvalting	660 431
Samferdsel	404 868
Eigedom og bustad	915 934
Brann og ulukkesvern	493 196
Vatn, avlaup og renovasjon	654 074
Politisk styring	58 716
Finansielle postar/økonomi	-18 533 251
Grunnskule	1 018 690
Barnehage	4 496 260
Barne- og familietenestene	1 598 148
Integrering og vaksenopplæring	-132 760
Helse	1 477 869
Omsorg	13 946 474
Sosialtenester	660 050
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	996 602

Av tabellen ser ein at det slår mest ut for Omsorg med nesten 14 mill.kr i negativ påverknad og Barnehage med nesten 4,5 mill.kr.

Tapsføring refusjon sjukeløn

Etter revisor si gjennomgang av rekneskapen for 2022 vart det avdekka av Voss har svært mykje uteståande fordringar på refusjon sjukeløn. Det er lite truleg at alt dette vil tilkoma som inntekter. Noko av



inntektene er truleg inntektsført allereie medan noko er gamalt og vil truleg ikkje koma inn. Det vert tilrådd å tapsføra det som truleg ikkje vil koma inn. Dette utgjør nær 8,6 mill.kr som rådmannen legg fram å tapsføra slik at det vert belasta 2022. Driftsutgiftene vil dermed auka med 8,6 mill.kr. Av dette gjeld 3,6 for perioden 2015-2021, og resterande for 2022. Tapet vert ført på dei som har mest uteståande refusjonar og fordeler seg slik:

Tenesteområde	Beløp
Adm og leiging	406 000
Barnehage	1 436 000
Grunnskule	1 506 000
Barne- og familietenestene	619 000
Integrering og vaksenopplæring	273 000
Helse	234 000
Omsorg	4 096 000
	8 570 000

Tapet vert dekkja med redusert avsetjing til disposisjonsfond.

Knutepunktet

Fleire av tenestene har store meirforbruk på husleige for nye lokale på Knutepunktet.

I februar 2022 flytta fleire av tenestene våre inn i nytt bygg, i Knutepunktet (Rus og psykiatri, Integreringstenesta, NAV, Barnevern, Kommunelegekontoret, PPT, Helsestasjon, Kommunepsykologane). Bygget er eigd av Bane Nor Eigedom, og Voss herad er største leigetakar.

Flyttinga har vore planlagt lenge, og tenestene som flytta inn har vore med i prosessen med å tilpassa lokala til sitt bruk. Alle tilpassingar som me meldte inn etter september 2020, etter at entreprenør starta opp med prosjektering av bygget, førte til auke i leigekostnaden. Desse kostnadane kunne me ha betalt for over leigekontrakten sin avtaleperiode på 15 år, med ei rente på 6%. Dette ville ha ført til ein rentekostnad totalt sett på omtrent 6,5 mill. kr. I staden valde me å betala for alle tilpassingane i 2022, ei rekning på omtrent 14,5 mill. kr. Ettersom denne rekninga er fordelt på dei tenesteområda som nyttar lokala, og me ikkje hadde budsjettert med dette, får dei store negative avvik.

Tilpassingane gjeld både møblement, fast inventar og prosjektering. Endringar som går på fast inventar og andre byggtekniske endringar gjeld diverse leigetakartilpassingar som for eksempel nye dører, vegger, datapunkt og ekstra vask, endringar i lås og beslag, endringar på data og stikk, endring kjøkkeninnreiing, stemningsbelysning og foliering av vindauge.



Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Avsetnader og bruk av avsetnader						
Overføring til investering	11 163	6 900	36 289	35 189	1 100	3,0 %
Avsetninger til bundne driftsfond	10 315	6 000	9 750	7 390	2 360	24,2 %
Bruk av bundne driftsfond	-10 242	-7 501	-7 501	-23 165	15 664	208,8 %
Avsetninger til disposisjonsfond	63 009	19 777	64 025	15 851	48 174	75,2 %
Bruk av disposisjonsfond	-2 910	-5 156	-18 425	-45 675	27 250	147,9 %
Netto avsetnader	71 334	20 020	84 138	-10 409	94 547	112,4 %

Tabellen syner budsjettert og rekneskapsført bruk og avsetting av midlar på fond, og overføring til investering. Sistnemnde gjeld bruk av driftsmidlar i investeringsbudsjettet, og kan vera midlar frå ulike fond, frå drift eller tilskot. Revidert budsjett ligg totalt sett på 84 mill. kr, som vil sei at me planlagde for å setta av meir på fond enn det me skulle nytta. Ettersom netto driftsresultat for 2022 vart negativt, måtte me etter rekneskapsreglane "stryka" avsettingar til fond.

Investeringer

Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Investeringar i varige driftsmidlar	82 330	163 194	179 530	223 360	-43 830
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	420	422	-2
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 910	3 400	3 169	3 169	0
Utlån av egne midlar	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	398	0	0	742	-742
Sum investeringsutgifter	85 638	166 594	183 119	227 692	-44 574
Kompensasjon for meirverdiavgift	-12 581	-32 328	-36 360	-35 581	-779
Tilskot frå andre	-30 033	-2 500	0	-30 293	30 293
Sal av varige driftsmiddel	-7 284	0	0	-1 824	1 824
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	-14 750	0	0	0	0
Bruk av lån	-6 171	-124 866	-106 175	-116 976	10 801
Sum investeringsinntekter	-70 819	-159 694	-142 535	-184 674	42 139
Vidareutlån	41 733	35 000	35 000	20 087	14 913
Bruk av lån til vidareutlån	-30 733	-35 000	-35 000	-20 087	-14 913
Avdrag på lån til vidareutlån	12 726	11 200	11 200	13 261	-2 061
Mottatte avdrag på vidareutlån	-23 136	-11 200	-11 200	-16 886	5 686
Netto utgifter vidareutlån	590	0	0	-3 624	3 624



	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Overføring frå drift	-11 163	-6 900	-35 189	-35 189	0
Avsettingar til bundne investeringsfond	10 921	0	0	6 086	-6 086
Bruk av bundne investeringsfond	-11 335	0	-420	-565	145
Avsetningar til ubunde investeringsfond	605	0	0	304	-304
Bruk av ubunde investeringsfond	-4 039	0	-4 975	-10 029	5 055
Dekning av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	-15 011	-6 900	-40 584	-39 394	-1 190
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	398	0	0	0	0

Status investeringar (2B)

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Administrasjon og leing	590	0	1 710	1 390	320
Plan, næring og forvaltning	2 301	313	313	1 937	-1 624
Samferdsel	2 037	16 194	14 319	31 738	-17 419
Eigedom og bustad	34 484	12 188	16 176	25 152	-8 976
Brann og ulukkesvern	13 594	24 200	6 200	646	5 554
Vatn, avlaup og renovasjon	7 368	6 250	12 000	22 324	-10 324
Grunnskule	7 809	64 250	104 988	94 955	10 033
Barnehage	1 715	16 250	2 000	1 229	771
Barne- og familietenestene	300	0	0	788	-788
Helse	0	0	0	341	-341
Omsorg	12 087	15 175	17 425	38 081	-20 656
Sosialtenester	0	0	0	1 120	-1 120
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	43	8 375	4 400	3 659	741
Investeringar i varige driftsmidlar	82 330	163 194	179 530	223 360	-43 830

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Stedskaping Evanger	0	0	420	422	-2
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	420	422	-2



3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Eigenkapitaltilskot KLP	2 910	3 400	3 169	3 169	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 910	3 400	3 169	3 169	0

4. Utlån av egne midlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Utlån av egne middel	0	0	0	0	0
Sum del 1-4	85 240	166 594	183 119	226 950	-43 832



Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		Kommentar
	Rev. bud.	Rekneskap	
Aktivitetspark på prestegardslandet	0	613	Arbeidet med ferdigstilling av aktivitetsparken vart ferdig 23.09.2022, med offisiell opning 24.09. Prosjektet vert fullført innanfor dei rammene som er gjeve og lovnad om spelemidlar. Spelemidlar vil fyrst koma inn etter sluttoppgjer. Midlane er budsjettert på prosjekt 6436 Aktivitetspark/festivalområde, medan kostnader i hovudsak er ført til prosjektnr 6467 Aktivitetsparken - del 2 amfi og noko til prosjekt 6462 Aktivitespark på prestegardslandet.
Aktivitetspark/festivalområde	7 500	0	Midlane er budsjettert på prosjekt 6436 Aktivitetspark/festivalområde, medan kostnader er ført til prosjektnr 6467 Aktivitetsparken - del 2 amfi og 6462 Aktivitetspark på prestegardslandet.
Aktivitetsparken - barnepark	1 125	1 083	Det skal byggast ny leikepark for born i alderen 2 år og oppover. Denne ligg ved sida av treningsparken, tett på servicebygget og aktivitetsparken. Leikeparken er utforma som del av Aktivitetstorget (To torg) og skal vera eit tilbod for primært dei minste borna. Leikeparken er ønska av gruppa bak aktivitetsparken, då det ikkje vart bygd eit tilbod for dei minste her. Voss herad løyvde kr. 900 000,- (eks mva) i 2022, desse midlane vart nytta til innkjøp av leikeapparat frå Kompan, samt benkar, bord og sykkelstativ frå Vestre. Totalt er det nytta kr.1 083 000,- (inkl mva) i 2022. Voss aktivitetspark har samla inn kr. 500 000,- som skal nyttast til gjennomføring av tiltaket. Dei har fleire aktive søknader inne for meir støtte til prosjektet. For å ferdigstille leikeparken vil det vera behov for meir midlar utover dette. Det er tenkt at ein kan nytte midlar frå prosjekt Aktivitetstorget, då leikeparken er ein del av torget og området mellom servicebygg, ny ungdomskule og aktivitetsparken. Målet er at leikeparken vert ferdigstilt sommaren 2023. Grunnlag og teikningsmaterieill til utlysing er klart, og vert lyst ut snarleg.
Aktivitetsparken - del 2 amfi	0	17 574	Arbeidet med ferdigstilling av aktivitetsparken vart ferdig 23.09.2022, med offisiell opning 24.09. Prosjektet vert fullført innanfor dei rammene som er gjeve og lovnad om spelemidlar. Spelemidlar vil fyrst koma inn etter sluttoppgjer. Midlane er budsjettert på prosjekt 6436 Aktivitetspark/festivalområde, medan kostnader i hovudsak er ført til prosjektnr 6467 Aktivitetsparken - del 2 amfi og noko til prosjekt 6462 Aktivitespark på prestegardslandet.
Bilar helse og omsorg	2 300	294	Kjøp av 2 bruktbilar til heimetenestene.
Björgum skule - ventilasjonsanlegg	700	0	Utbetring av ventilasjon med auka luftmengd i 4 klasserom ved Björgum skule. Prosjektet var i fyrste omgang definert som investeringskostnad, og planlagt finansiert ved unytta lånemidlar frå tidlegare år



			til Miljøretta helsevern skule/barnehage (291.99.279). Ved nærare vurdering vart kostnaden flytta til driftsrekneskapen, medan budsjettmidlane vart ståande uendra i investering.
Bjørkemoen utbetring veg/VA	0	3 028	Det er kostnadsført totalt 3 mill i 2022. Det er utført VA-arbeid for 0,5 mill som skal kostnadsførast på VA. Voss herad har fått tilført 3,2 mill frå IHM i samsvar med utbyggingsavtale, der 1,2 mill er sett av i rekneskapen til framtidig arbeid. Det er inngått utbyggingsavtale med NOBI A/S for utbetring av vegen frå nedkøyrsløp til NOBI og fram til vegbru over Horgjolo, som er del 3 av opprusting Bjørkevegen. Arbeidet startar opp i mars 2023 og skal vera ferdig juli 2023.
Bjørkevegen - vegfond (inv)	0	18	Avtale om grunn til kommunal veg. Sjølvvegarbeidet var gjennomført tidlegare år.
Brannstasjon Vossestrand	0	54	Brannstasjonen sto ferdig i desember 2021, vart offisielt opna april 22 og har gjennomført prøvedriftsperiode.
Brynalii vegforsterking- o.v.	0	1 903	Prosjekt for forsterking og betre handtering av overvatn av kommunal veg i Brynalii. Rekneskapen viser kostnader med 1,9 mill kr. Fylkeskommunen har gjeve tilsegn om utbetaling av 1 mill når prosjektet er ferdig utført. Rest vert finansiert av løyvde midlar i 2023 til Brynalivegen på 4 mill kr.
Bømoen reserve vassverk	1 000	818	Investeringsprosjektet vart starta opp i 2019, og det er kostnadsført 6,6 mill. kr til og med 2021. I 2022 er det kostnadsført 0,8 mill. Utført arbeid gjeld ledningsnett, og arbeidet med vassbehandlingsanlegg er planlagt til 2023.
Dagsturhytte	0	462	Arbeidet med å finna tomt, som har mogelegheit til parkering av bilar og ein gangtur på om lag ein halvtime enda med ei fin plassering på Klepp ovanfor Raugstad. For å koma opp til Dagsturhytta er det vel ein halvtimes gange frå parkeringsplassen på Raugstad, etter stiar, og langs skogsveg. Arbeidet med å rydda tomt samt fundamenta og etablere ein nedgraven kum til utedo vart utført i juli. Sjølvve hytta som var bygd i ferdig element, vart flogen opp og montert i siste halvdel av oktober. Monteringsarbeid vart deretter utført og hytta vart overlevert i slutten av november. Gjenståande arbeid før opning er overflatebehandling innvendig, samt bygging av utvendige rampar for å fanga opp terreng høgda rundt hytta. Planlagt ferdigstilling i siste halvdel av mai 2023. Ingen uhell som førde til fråvær i byggeprosjektet. Det vil tilkoma spelemidlar både til sjølvve hytta og toalettet etter ferdigstilling.
Digitalisering kino (inv)	1 100	0	Kinoprojektoren vart bestilt i juni 2022, men på grunn av leveringsforseinkingar var den ikkje levert ved årsskiftet. Forventa levering fyrste halvår 2023.
Diverse anleggsmaskiner	3 000	2 293	Kjøp av maskiner/utstyr til driftsavdelinga til bruk i tenesteområde kommunale vegar (vedlikehald og utbetring sommar/vinter) og tenesteområde vatn/avløp. I 2022 er det mellom anna kjøpt ein tidlegare leasing lastebil og utstyr for kantklypping og spreiding av sand/salt. I tillegg er det kjøpt inn anleggsrekkverk i betong og gjort investering i ventilasjonsanlegg på bygget med adressa Brynavollen.



Dyrvedalsvegen Rekve - Røthe ved-anlegg	0	2 063	Arbeidet med Dyrvedalsvegen Rekve - Røthe veg-anlegg er starta opp i 2022 og vil halda frama i 2023. Vert finansiert av løyving til veginvestering/vegpakke.
Eigenkapitalinnskot KLP	3 169	3 169	Eigenkapitalinnskot i KLP. Forventa nivå for 2022 var på 3,4 mill. kr, og reelt beløp vart på 3 169 052 kr.
Finnesvegen - Eskelandsvegen trafikkisikringstiltak	0	798	Arbeidet er starta opp i 2022 og vert ferdig utført i 2023. Voss herad har fått tilskot frå Fylket på kr. 250.000 og kr. 500.000.- frå Statens Vegvesen, som vert utbetalt etter at arbeidet er ferdig utført. Resterande finansiering vert henta frå løyving til trafikkisikringsmidlar.
Flaumsikring Skielva	313	1 500	Arbeidet er ferdig utført i 2022. Voss herad har fått utbetalt tilskotet frå NVE som saman med budsjetterte midlar frå Voss herad gjer at prosjektet vart utført innafor vedtekne rammer.
Gamlekinoen rehabilitering	300	389	Fase med mogelegheitsstudie for Gamlekinoen er avslutta. Vert finansiert frå tidlegare unytta lånemidlar til gamlekinoen (291.99.543).
Giljavegen Breidablikk - Gjelle veg-anlegg	0	2 038	Giljavegen Breidablikk - Gjelle veg-anlegg stod ferdig utført i 2022, og vert finansiert av løyving til veginvestering/vegpakke.
Hagahaugen høgdebasseng oppgradering	8 000	7 586	Hagahaugen er eit 65 år gammalt høgdebasseng i fjell som blir oppgradert ved at ein tredoblar magasinkapasitet til 980 m3. Det blir også utført ei stor kvalitetsforbetring ved at anlegget vert sikra mot inn-lekkasje av forureina vatn. Arbeidet er lyst ut som entreprise, og starta i august 2022. Anlegget er planlagt sett i drift i mai 2023. Framdrift og kostnad som planlagt. I 2022 er det er budsjettert 8 mill, og rekneskapsført 7,5 mill. Entreprise kostnad er 14,8 mill, med forventa totalkostnad med prisindeks bygg og anlegg 17% til 17,3 mill.
Hovudbrannstasjon	2 000	570	Prosjekt omfattar detaljreguleringsplan for sentrale område på Tvildemoen for bustadar, ny hovudbrannstasjon, grøntareal og næring. Samstundes som ein regulerer område utarbeidar ein forprosjekt på brannstasjonen. Det vart lyst ut konkurranse på eit moglegheitsstudie sommaren 2022, og to arkitektkontor jobba frå august til desember med dette. I januar vart MAD kåra som vinnar. Det vart varsla oppstart av reguleringsplan oktober 2022, målet er at planen vert vedteken ved årsskiftet. Forprosjekt brannstasjon er starta opp og konsulentar på andre tekniske fag er avklart. Kontrakt med MAD vert signert når alle underkonsulentar er på plass. Utlysing av totalentreprise vert gjort når reguleringsplan er godkjent. Kostnader i 2022 er hovudsakleg knytt til moglegheitsstudie der 2 arkitekt team fekk kr. 400 000 kvar for oppdraget. Grunna regulering av eit større område har Planavdelinga tatt kr. 400 000 av kostnaden med moglegheitsstudien. Det ligg inne 2 mill i revidert budsjett for 2022. Kostnadar inkl mva i 2022 er på 569 938,-, som gjev eit underforbruk på kr. 1 430 063,-.



Industrifelt istad	0	381	Det er ikkje rekneskapsført inntekter for tomtosal i 2022. Kostnader gjeld gebyr og avgifter ved sal utført i 2021. Omlag 53% av tomtearealet er selt, og dialogen med aktuelle kjøparar held fram. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjekt 6884 Industrifelt Istad - byggetrinn 3.
Industrifelt Istad - byggetrinn 3	0	56	Sjåast i samanheng med prosjekt 6850 Industrifelt Istad.
Inspeksjonsvogn kloakk 2022	0	499	Innkjøp av nytt utstyr for tilsyn og vedlikehald av avløpsleidningar, finansiert frå felles løyving for anleggsmaskiner til driftsavdelinga.
Inventar/utstyr skuler og barnehager	0	1 229	Kjøp av inventar/utstyr til Vangen skule i samband med rehabilitering av bygget.
Investering oppvekst	0	843	Kjøp av 3 bilar til integrering og EM-tiltak; 1 ny elbil og kjøp av 2 bilar etter leasing.
Kjøp maskin/utstyr/bilar til park og idrett	1 563	243	Gjennomført konkurranse på hjullastar til Park og Idrett - ingen tilbydarar. Planlagt ny utlysing, etter at kravspesifikasjon er revidert. Heradsstyret løyvde midlar til robotklippar 09.06.2022 i sak tertialrapport 1 (sak 48/22), finansiert med meirinntekter frå konsesjonskraft til eingongstiltak. Det vart kjøpt inn 1 klippar som har fungert godt på bane Gras 1 sesongen 2022.
Kjøp nye bilar BOE	500	510	Kjøp av 2 brukte bilar til til utskifting av utrangerte køyretøy for handverkarar og vaktmeistrar i avdeling bygg og eigedom.
Kjøp og sal eigedom	0	5 050	Heradsstyret vedtok 16.12.2021 i sak 86/21 Årsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 følgjande: Rådmannen får fullmakt til å kjøpa bustadeigedomar innanfor ei økonomisk ramme på inntil 10 mill. kr. Salsinntekter skal nyttast til kjøp av framtidige bustadeigedomar. Over-/underskot innanfor rekneskapsåret skal førast mot ubunde investeringsfond. I løpet av 2022 har Voss herad kjøpt Hestavangen 12 og selt 1 kommunal bustadtomt. Netto differanse vart finansiert frå bruk av ubundne investeringsfond med 4,75 mill kr.
Kommunalt kjøkken	12 000	37 464	Produksjoskjøkken: Fysisk oppstart på produksjoskjøkkenet starta seinhausten 21, innvendig ombygging i eksisterande bygg, ferdigstilt desember 21. Betong, stål og førebuarbeid med føringsvegar i eksisterande bygg gjekk utover heile vinteren. Våren 22 starta tømrararbeid og påkopling til eksisterande bygg. Innvendig arbeid oppstart etter ferien, prosjektet vart overlevert som planlagt 01.11.22 og har sidan medio november levert middagsmat. Prosjektet har tilført Vettleflaten ein del oppgraderingar som carport med EL lading for heimesjukepleie, sol-skjerming, kjølt ventilasjon i foajé og oppgradert utomhusområdet. Grøntarbeid og planting våren 23. Ingen uhell som førde til fråvær i byggeprosjektet. Tilskot frå Husbanken med 12,5 mill vart fyrst utbetalt i januar 2023.



Myrkdalen VA-utbygging	3 000	3 164	Prosjektorganisasjon med 2 årsverk vart sett i drift i mars 2022. Førebels er det i hovudsak kostnadsført løn, og noko utgreiing og kartlegging. Status for prosjektet: Starta opp prosjektorganisasjon for prosjektet. Oppretta referansegruppe og styringsgruppe for prosjektet. Evaluert prosjektmandat (Hovudplan VA) mot dagens og framtidige krav. Føreslått relokalisering av føreslått vass-behandlingsanlegg (VBA) og reinseanlegg (RA) til Cowi som utarbeider detalj-reguleringsplan for RA og VBA. Kontrahert juridisk bistand til prosjektet. Er i gang med å etablere drikke vassinntak for prøvepumping, evaluering og analyse. Estimert ferdig 2.-3. kvartal 2023. Er i gang med å fullføre finansieringsgrunnlag- og strategi for prosjektet, estimert ferdig rundt 2.-3. kvartal 2023. Er i gang med å lyse ut arbeid for rådgiving for RA, VBA og anna VA-infrastruktur knytt til prosjektet.
Nettverk 2025	260	337	Prosjektet var ikkje i tråd med plan, grunna utfordringar knytt til levering av hardware. Forseinking vart henta inn i løpet av året 2022. Prosjektet vart finansiert frå tidlegare unytta lånemidlar til digital infrastrutur (291.99.190).
Ny barnehage i Granvin	2 000	1 229	Prosjektet er 2-3 mnd forsinka, då det har vore behov for omarbeiding av planutkast og skisseforslag frå konsulent. Reguleringsplan vart endeleg godkjent mars 2023, og ein tek sikte på byggestart hausten 2023.
Nyre bustadfelt	0	-176	Utbyggingsavtale mellom Nyrefeltet AS og Voss herad, der utbyggjar har teke kostnad med opparbeiding av infrastruktur. Anlegget vert overlevert vederlagsfritt til Voss herad. Det er inngått justeringsavtale av meirverdiavgift (mva) på kapitalvarer, slik at utbyggjar får refundert mva-kostnad over ein 10-års periode. Vert synleggjort i denne oversikta som ein kostnad i rekneskapen, men er i realiteten eit nullsum-spel. Justering av delfelt 1 starta i 2016, og vil såleis ha siste år i 2025.
Nyre bustadfelt, gangbru over Vosso, veg (06/2022)	0	8 496	Utbyggingsavtale mellom Nyrefeltet AS og Voss herad, der utbyggjar har teke kostnad med opparbeiding av infrastruktur. Anlegget vert overlevert vederlagsfritt til Voss herad. Det er inngått justeringsavtale av meirverdiavgift (mva) på kapitalvarer, slik at utbyggjar får refundert mva-kostnad over ein 10-års periode. Vert synleggjort i denne oversikta som ein kostnad i rekneskapen, men er i realiteten eit nullsum-spel. Justering av utbyggjar sine kostnader til gangbru starta i 2022, og vil såleis ha siste år i 2031.
Nyre bustadfelt, vann- avløp delfelt 2 (06/2022)	0	8 535	Utbyggingsavtale mellom Nyrefeltet AS og Voss herad, der utbyggjar har teke kostnad med opparbeiding av infrastruktur. Anlegget vert overlevert vederlagsfritt til Voss herad. Det er inngått justeringsavtale av meirverdiavgift (mva) på kapitalvarer, slik at utbyggjar får refundert mva-kostnad over ein 10-års periode. Vert synleggjort i denne oversikta som ein kostnad i rekneskapen, men er i



			realiteten eit nullsum-spel. Justering av utbyggjar sine kostnader vann og avløp delfelt 2 starta i 2022, og vil såleis ha siste år i 2031.
Nyrebru	4 688	4 844	Det er her kostnadsført totalt 4,8 mill. Det er eit overforbruk på kr. 157.000.- i høve til budsjett der beløp i utbyggingsavtalen ligg til grunn. Dette skuldast ekstra kostnad med VA som er lagt under brua og vert finansiert frå VA.
Opprusting av skulebygg	6 750	0	Løyvd 10 mill. kr til opprusting av skulebygg i opprinneleg budsjett 2022. Dei 2 store prosjekta for ungdomsskulen og Vangen skule, medførte at det ikkje var kapasitet til å ta til med fleire investeringsprosjekt innafor grunnskule.
Reinhaldsprosjekt	500	0	Heradsstyrt løyvde midlar til elektrisk varebil til reinhaldsavdelinga 09.06.2022 (sak 48/22), finansiert frå meirinntekter konsesjonskraft til eingongstiltak. Kontrakt på ny elektrisk bil til reinhaldsavdelinga er inngått til kostnad kr 350.000, med levering i 2023.
Ridande Vossabrudlaup	200	2 223	Flytting og gjenreiseing av monumentet Ridande vossabrudlaup er knytt til utbygginga på knutepunktet. Bane Nor (Voss stasjonshotell) og Statens vegvesen som utbyggjar tok på seg det økonomiske ansvaret for flyttinga. Arbeidet blei lyst ut på anbod, men det var ikkje mogleg å gje fast pris på oppmuring av ramma til monumentet på grunn av for mange usikkerheitsmoment. Sluttrekninga er til no ikkje klarlagt, men det er forventa at Bane Nor og Statens vegvesen dekkjer heile rekninga. Arbeidet er planlagt slutført i 2023.
SIVLEVEGEN NEDST - VEGFOND (INV)	0	210	Masseutskifting og asfaltering av kort vegparsell. Kostnadsført 0,2 mill kr som vert finansiert frå veginvestering/vegpakke.
Stedskaping Evanger	420	422	Tilskot til Evanger grendelag frå bunde fond til Båthamn Evangervatnet.
Teknisk inventar i kontorbygg, knutepunktet	1 450	2 065	Investeringa gjeld nettverksutstyr/infrastruktur og AV utstyr til knutepunktet. Meir spesifikt er det kjøpt inn og montert utstyr for trådlusdekning i alle leigde areal, skjermar til møterom og videokonferanseutrusting. Investeringa er ferdig, med eit lite meirforbruk. Det er ført noko på prosjektkoden som ikkje er relatert til nettverksutstyr/infrastruktur og AV utstyr, som gjer at det vert eit noko større avvik.
Tinghusplassen - uteområde tinghuset	101	0	Ferdigstilling av prosjekt frå 2021.
Trafikksikringstiltak	625	0	Samla løyving til trafikksikringstiltak. Midlane vert nytta til ulike tiltak på kommunale vegar. I 2022 har midlane finansiert Finnesvegen - Eskelandsvegen trafikksikringstiltak, sjå ovanfor.
Tvildemoen kryss E16 Regimentsvegen	0	180	Kostnader med trafikkanalyse - kryssområde riksveg 13 ved Tvildemoen, finansiert frå tidlegare innbetalt anleggsbidrag Tvildemoen som har stått på bunde fond.



Tymbrålen veg-OV anlegg	0	1	Avtale om grunn til kommunal veg. Sjøelve vegarbeidet var gjennomført i 2021.
Udlabutomta	0	125	Omsorgsbustadar på Udlabutomta sto ferdig i mai 21, har gjennomført 12 månader prøvedrift og 1. års synfaring i mai 22.
Ungdomsskulen idrettsfløy	75 288	72 089	Voss ungdomsskule - ny idrettsfløy: Voss Herad inngjekk etter utlysing og tilbuds konkurranse av prosjektet ein samspelsavtale med Horgi as i januar 2022. Samspelsperioden vart gjennomført med Byggherre, brukarar og entreprenør, før det enda opp i ei Total entreprisekontrakt i april 22. Fysisk oppstart med sanering av eksisterande bygningsmasse starta i slutten av april. Med påfølgjande grunnarbeid og heving av område grunna flaumgrensa. Bygget er 3-delt med idrettsdelen i massiv tre, undervisningsdelen i betongelement og mellombygg med glas-fasadar. Råbygga vart reist seinhausten, og det var tett tak på idrettsdelen til nyttår. Prosjektet skal i tillegg til nybygg oppgradera skulen sitt uteområde, utomhusarbeidet starta med at skuleferien vart nytta til oppgradering av nord-området, slik at dette sto ferdig til skulestart. Framdrifta er i tråd med plan. Ingen uhell som førde til fråvær i byggeprosjektet i 22.
Utbyggingsavt. Brynalli 102 politistasjonen	3 181	4 194	Arbeidet er ferdig utført for del 1, men står att endeleg avklaring kring ekstra arbeid som er utført samt krav om regulering etter prisindeks. Det er kostnadsført totalt 4,2 mill der 1,2 mill er ført til vatn og avløp samla, og finansiert med unytta lånemidlar til hovudplan VA. Hovuddelen av prosjektkostnaden er kostnadsført kommunal veg med 3 mill. Gjennomført arbeid er i tråd med inngått utbyggingsavtale, og kostnad er i samsvar med vedteke budsjett. Arbeidet er finansiert i samarbeid med utbyggjar gjennom utbyggingsavtale. Del 2 av prosjektet er starta opp i februar 2023 og vert ferdigstilt våren 2023. Dette gjeld resten av vegen frå politistasjonen og fram til vegkryss ved Martin Lid A/S.
Utbyggingsavtale Knutepunktet	4 444	3 555	I utbyggingsavtale i samarbeid med Bane Nor om Knutepunktet står det at Bane Nor skal "besørge og bekoste opparbeidelse av alle rekkefølgebestemmelser i reguleringsplan". Voss herad har i same avtale forplikta seg til å betala sin andel med 3,5 mill kr.
Utsifting mannskapsbilar og tankbilar	4 200	22	I vedteke budsjett 2022 er det løyvd midlar til ny mannskapsbil til hovudbrannstasjonen på Voss. Det er igangsett kjøpsprosess for å skifta ut beredskapsbil 2, med forventa levering i 2023. Rekneskapsført beløp i 2022 gjeld tilleggsutstyr til bil kjøpt seint i 2021.
Utstyr og tekniske installasjonar	750	266	Utstyr til fysio- og ergoterapi til Friskliv, Knutepunktet og Hagahaugen.
Vangen skule oppgr KST 4/19	22 250	21 218	Vangen skule - teknisk oppgradering av underetasjer: Skulen har fått nytt ventilasjonsrom som dekkar underetasjane med balansert ventilasjon. Dei fleste overflater er oppgraderte. Det har og vore råd å teke oppgradering av overflater i korridor 1.etg og trapperom frå gymsal opp til 2.etg. Prosjektet har




			vore noko forsinka på grunn av dekking av skjulte rørføringar under riving som måtte omprosjekterast og flyttast, i tillegg har det vore lang leveringstid på tekniske deler. Ny grupperomsfløy vart teke i bruk i november og gymsalen var klar i slutten av desember. Då ein har utvida prosjektet med oppgradering av overflater i korridor og trappegang i tillegg til auka personbelastning og støyttiltak i gymsal etter ynskje frå skulen. Det gjenstår då noko arbeid i trappegang som vert slutført i 2023. Slutuppgjer vert teke straks arbeidet er slutført.
Vangen skule oppr./rehabilitering	0	200	Kjøp av inventar/utstyr til Vangen skule i samband med rehabilitering av bygget.
Veginvestering/vegpakke	3 069	0	Løyving med 3,1 mill som vert nytta til investering i kommunale vegar. I 2022 har midlane finansiert veg-anlegga Giljavegen Breidablikk - Gjelle og Dyrvedalsvegen Rekve - Røthe, sjå ovanfor.
Vetleflaten - ny dagavdeling	0	209	Stod ferdig desember 2021, og har fungert til formålet.
Villa Gjerdebu - uteområde	750	0	Heradsstyret handsama 2.tertialrapport 20.10.2022 (sak 1012/22), og løyvde då kr 600.000 + mva til "Uteområde Villa Gjerdebu", finansiert frå auka inntekter frå sal av konsesjonskraft.
Vossabadet - servicebygg utebasseng	500	0	Opprinneleg budsjett i 2022 til servicebygg utebasseng var 8,375 mill kr. I tillegg er det i 1.tertialrapport budsjettert med 4,5 mill til teknisk rom. Desse beløpa kjem fram med 2 ulike prosjektnr/linjer, men må sjåast i samanheng.
Vossabadet - servicebygg utebasseng	2 500	1 001	Opprinnelege budsjett i 2022 til servicebygg utebasseng er 8,375 mill kr. I tillegg er det i 1.tertialrapport budsjettert med 4,5 mill til teknisk rom. Desse beløpa kjem fram med 2 ulike prosjektnr/linjer, men må sjåast i samanheng. Bygging av teknisk kjellar til utebassenget er i hovudsak utført i 2022, men kostnaden er ført til prosjekt for idrettsfløy på ungdomsskulen. Arbeid med røyr/tilkopling mellom bygga vil fyrst verta kostnadsført i samband med bygging av servicebygget. Det rekneskapsførte beløpet gjeld i hovudsak sanering av gammalt bygg og klargjering av tomt for servicebygg.
Vossest. oms.tun - carport heimesjukepleie og vaktmesterlager	1 625	0	Rammeløyve for oppføring av carport med bod er godkjent. Det er laga skisseprosjekt, kravspesifikasjon og konkurransegrunnlag. Vert utlyst i mars 2023.
Ænsmoen forsterking/utbetring VEG og OV	0	15	Avtale om grunn til kommunal veg. Sjelve vegarbeidet var gjennomført i 2020-2021.
Sum	183 119	226 950	



Organisasjon

Politisk organisering



Voss herad vert styrt etter formannskapsmodellen. Heradsstyret på Voss har 43 representantar.

Formannskapet har ni medlemar.

Ved val til faste utval skal det, så langt råd er, vera gjennomgåande representasjon. Det tyder at det er medlemane i heradsstyret som skal vere medlemar i utvala.

Voss herad har tre faste utval etter (§ 5-7 i kommunelova):

- Utval for levkår
- Utval for klima og miljø
- Utval for kultur og næring

Utvala har ni medlemar kvar. Dei har vedtaksmynde innan sine område, og har innstillingsrett til formannskap og heradsstyre.

Voss herad skal ha:

- Kraftfond
- Kontrollutval
- Administrasjonsutval
- Valstyre
- Eldreråd
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Ungdomsråd
- Valnemnd
- Røystestyre
- Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt
- Klageutval for eigedomsskatt
- Klagenemnd
- Barnerepresentant etter plan og bygningslova



Administrativ organisering



Voss herad er organisert med 4 kommunalavdelingar og 3 stabsavdelingar. Rådmannen si leiargruppe omfattar tilsvarande rådmann, 4 kommunalsjefar og 3 stabssjefar.

Voss herad som arbeidsgjevar

Voss herad er den største arbeidsgjeveren i kommunen med ca.1350 årsverk og skal i samsvar med ein av verdiane våre vera ein inkluderande arbeidsgjevar. Og me skal setja mangfald høgt.

Me skal vera ein skapande og inkluderande arbeidsgjevar med myndiggjorte leiarar og medarbeidarar

I alle lysingane til kommunen står det følgjande: *Me ynskjer eit arbeidsmiljø prega av mangfald, og at våre tilsette skal gje eit bilete av folkesetnaden generelt. Me oppmodar alle som er kvalifisert til å søkja jobb hjå oss uansett alder, funksjonsevne, kjønn, eller kulturell bakgrunn.*

Verdiane våre er: påliteleg – inkluderande – profesjonell – skapande.

I Voss herad brukar me 10-faktor som medarbeidarundersøking, og det er samstundes eit utviklingsverktøy. Viktige tema i årets leiarutvikling har vore samhandling, omstilling og endring. Neste medarbeidarundersøking vert gjennomført i 2023.

Me skal vera ein tillitsskapande organisasjon med høg etisk standard

Voss herad har etiske retningslinjer som gjeld for tilsette, og etiske retningslinjer for folkevalde.

Me ynskjer å ha ein høg etisk standard som gjer at innbyggjarar opplever å bli møtt i tråd med dei [etiske retningslinjene](#). Det er viktig for oss at ålmenta har tillit til kommunen som tenesteutøvar og forvaltar.

Alle nyttilsette skal gjennom eit kurs om etiske val i Voss herad. Dette handlar om etiske dilemma som ein kan møta når ein arbeider i kommunen.

[Leiaridentiteten](#) er ei rettesnor for alle leiarar i kommunen. Tillit og autoritet er fundamentet og grunnmuren til leiaren. Å byggja tillit handlar om at du som leiar etterlever det du seier, er open og inkluderande, held det du lover, og om korleis du i kvardagen møter tilsette og innbyggjarar.



Likestilling, inkludering og mangfald

Likestillings- og diskrimineringslova skal fremja likestilling, sikra like moglegheiter og rettar, og hindra diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, religion og livssyn.


Følgjande standardtekst vert nytta i alle stillingslysingane frå heradet: «Me ynskjer eit arbeidsmiljø prega av mangfald, og at våre tilsette skal gje eit bilete av folkesetnaden generelt. Me oppmodar alle som er kvalifisert til å søkja jobb hjå oss uansett alder, funksjonsevne, kjønn, eller kulturell bakgrunn.»

Voss herad held seg til lov- og avtaleverk ved tilsettingar og fastsetting av løn. Hovudtariffavtalen har nøytralt lønssystem baserer seg på den tilsette sin formal- og realkompetanse. I tillegg har Voss herad eit tett samarbeid med tillitsvalde ved stillingsutlysingar, tilsettingar og forhandlingar. Dette er med å hindra diskriminering, og sikra at personalarbeid skjer i samsvar med lovverk og hovudtariffavtalen.

Lønspolitikken til heradet skal mellom anna bidra til å fremja og ivareta likestilling mellom kjønna: *Kvinner og menn i same verksemd skal ha lik løn for likt arbeid eller arbeid av lik verdi. Løn skal fastsetjast på same måte for kvinner og menn utan omsyn til kjønn. Her viser me til likestillingslova § 34.*

I samsvar med resten av kommunesektoren har også Voss herad også ein høg andel kvinner. I statistikken frå 2022 (2021-tal) syner at det er 1181 tilsette kvinner og 348 menn. Prosentvis fordeling er uendra frå året før.


Årsverk fordelt på kjønn




I Voss herad er det 18 kvinner og 14 menn i leiarstillingar på dei tre øvste leiarnivåa. Det er 66 kvinner og 33 menn på dei neste leiarnivåa.



Årsverk fordelt på sektor



Gjennomsnittlig stillingsstørrelse fordelt på sektor



Gjennomsnittleg stillingsstorleik var 81,60 % for heradet samla. For turnustilsette i helse og omsorg var denne 73,1%.



Heradet har oppdaterte rutinar for å handtera konflikt, utilbørleg åtferd og trakassering:
Helsefarlege konflikhtar, mobbing/ trakassering/ seksuell trakassering og utilbørleg åtferd vert ikkje akseptert i Voss herad.

Slike forhold skal både førebyggast og handsamast på ein ryddig måte og etter retningslinjene. Tilsette i Voss herad skal syna kvarandre respekt og omtanke (jf. arbeidsgjevarpolitikken). Alle skal arbeida aktivt for å skapa ein open kultur der motstridande syn kan luftast og handsamast konstruktivt utan risiko for dei involverte.

Heradet jobbar kontinuerleg med kompetanseheving av tilsette på dette området.

Lærlingar

Frå 2021 til 2022 auka talet på lærlingar i Voss herad frå 17 til 18.

I tillegg kom ein «Menn i helse»-kandidat og seks kandidatar gjennom «Gloppenmodellen». Menn i Helse er eit alternativt lærlingløp for menn mellom 25-55 år som mottek yting frå NAV. Løpet går over 2 år og er intensivt, lærlingane gjennomfører både skule og praksis i løpet av denne tida. Gloppenmodellen er eit lærlingløp som rettar seg inn mot vaksne minoritetsspråklege personar. Denne modellen går over 4 år med kombinert undervisning på vidaregåande og praksis i bedrift.

Voss herad har også blitt godkjent lærebedrift i to nye fag; byggdriftarfaget og ernæringskokkfaget, og lyser ut lærlingstilling i desse for hausten 2023. Frå før er Voss herad godkjent lærebedrift i IT-driftsfaget, barne- og ungdomsarbeidarfaget og helsefagarbeidarfaget.

Sjukefråvær

Overordna mål for Voss herad var at innan 2022 skulle sjukefråværsprosenten reduserast med 10% samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018 (det føl IA avtalen). Dette innebar at fråværet for Voss herad totalt skulle vera 7,2% eller under, til utgangen av 2022. I 2022 var totalt fråvær i heradet 10%, som vil sei at me hadde eit fråvær som låg 2,8% over måлтаlet frå 2018. I tråd med IA-avtalen er måлтаlet på 7,2% totalt for heradet vidareført til utgangen av 2024.

Voss herad skal satsa på arbeid for å redusera sjukefråvær. Konkret skal arbeidsmiljøgruppene jobba med risikovurdering knytt til fråvær, sjå på trendar og om fråvær kan skuldast forhold på arbeidsplassen. Det skal årleg gjevast internopplæring i sjukefråvær til leiarane.

Fråværsstatistikk for 2022:

Tenesteområde	Total 2021	Total 2022	Eigenmeldt 2022	Legemeldt 2022
Administrasjon og leing	6,2	6,3	1,1	5,1
Grunnskule	7,2	7,2	1,2	6
Barnehage	13,6	12,6	2,8	9,6
Barnevern og støttetjenester	7,7	10,4	1,5	8,8
Integrering	9,4	6	0,3	5,7
Helse	7	7,8	1	6,8
Omsorg	12	13,2	1,9	11,3
Sosialtjenester	5,7	5,3	1,4	3,8
Kultur og fritid (inkl. kyrkja)	6,5	6,1	1,5	4,5



Plan, næring og forvaltning	6,4	5,5	1,4	4,1
Samferdsel	3,5	4,8	2	2,8
Eigedom og bustad	9,3	9	1,9	7
Brann og ulykkesvern	2,2	3,2	1,1	2,1
Vatn, avlaup og renovasjon	12	8,3	1	7,3

Ser ein på sjukefråværet i einingane er det barnehage, barnevern og støttetjenester og omsorg som skil seg ut med det høgste fråværet. Barnehage har ein nedgang i fråværet frå 2021-2022 med 1 %. Barnevern og støttetjenester har hatt ein auke i fråværet frå 2021-2022 med 2,7 %. Omsorg har hatt ein auke i fråværet frå 2021-2022 med 1,2 %.

Innovasjon og digitalisering

I løpet av 2022 har digital sikkerheit vore eit prioritert satsingsområde i Voss herad. Dette omhandlar satsing på auka digital kompetanse hjå tilsette, tekniske tiltak og nye samarbeidspartnarar. I 2022 vart det også tilsett ein rådgjevar i innbyggjarservice som er dedikert til arbeid med personvern og informasjonssikkerheit. Rådgjevaren skal bistå ulike avdelingar med arbeidet innanfor fagfeltet. Det gjeld både ha oversikt, kontroll og gode og oppdaterte risikovurderingar. Sidan seinsommaren har personvernrådgjevar, IT ressursar frå Helse og omsorg, Oppvekst og Digitalisering og IT delt felles kontor. Denne samlokaliseringa har gjeve viktige synergieffektar med omsyn til kommunikasjon og informasjonsflyt, kompetansedeling og samarbeid kring ulike aktivitetar. Mot slutten av året vart det inngått ei avtale med Kommune- CSIRT. Dette er eit viktig strategisk ledd i å sikra naudsynt kompetanse og kapasitet til å jobba meir aktivt med analyse av trusselbiletet, kartlegging av eige driftsmiljø, innføring av førebyggjande tiltak og handtering av hendingar. Satsinga på bevisstgjerjing og opplæring av tilsette gjennom bruk av foredrag, seminar, kurs og liknande vil halde fram med auka intensitet.

Hausten 2022 vart strategien for IT området utarbeidd. Strategien gjeld for perioden 2023 – 2025. Denne strategien er ei vidareføring av arbeidet med å etablere strukturen for korleis me skal jobba med IKT området i Voss herad. Den nye strategien byggjer i hovudsak på NSM sine grunnprinsipp som omhandlar digital sikkerheit, personellsikkerheit, fysisk sikkerheit og sikkerheitsstyring. Voss herad skal i perioden 2023 – 2025 sikra at desse prinsippa vert lagt til grunn for all aktivitet som omhandlar IKT området. Målet er at grunnprinsippa skal implementerast på ein slik måte at dei kan etterlevast av heile organisasjonen.

Voss herad vil framleis satsa på deltaking i ulike faglege og strategiske nettverk, til dømes DuVe (digitaliseringsutval i Digi Vestland). Nokre av desse nettverka har også oppretta ulike felles prosjekt på tvers av kommunar. Dette er eit viktig ledd i satsinga på deling av kompetanse, ressursar og erfaringar, mm. mellom kommunane i Vestland fylke. Gevinstar vert henta ut gjennom felles kartleggingar, erfaringsdeling, utredningar og kompetanseauke som gjer det lettare å setja i verk naudsynte førebyggjande tiltak og forbetringar.

Samfunns- og befolkningsutvikling


Voss herd har hatt stabil vekst i folketalet dei siste ti åra. I 2022 auka tal innbyggjarar med 269, den høgaste veksten på fleire år. Noko av dette er knytt til busetjing av fleire flyktningar enn normalt, grunna krig i Ukraina. Voss opplev likevel generell vekst i folketal.

Me vart fleire vaksne og eldre (i aldersgruppa 20-66 og 67-79 år), men me vart og fleire unge (45 fleire i alderen 0-19 år). Det er venta at befolkninga vert eldre, og me vil truleg sjå att trenden med fleire eldre i



åra som kjem. Det er difor positivt å sjå at det og kjem fleire unge, både born og personar i yrkesaktiv alder.

	2020	2021	2022	2023	Endring frå 22 til 23
0 - åringer	153	167	154	171	17
Barnehage (1-5 år)	889	886	880	870	-10
Grunnskole (6-15 år)	1 863	1 857	1 889	1 946	57
Videregående (16-19 år)	821	808	804	785	-19
Voksne (20-66 år)	8 995	9 005	9 025	9 156	131
Eldre (67-79 år)	1 982	2 042	2 097	2 200	103
Eldre (80-89 år)	803	791	776	770	-6
Eldre (90 år og eldre)	234	231	250	246	-4
Total	15 740	15 787	15 875	16 144	269





Utvikling i befolkning 2. Kvartal 2022

	2019	2020	2021	2022
Folketal ved inngangen av kvartalet	15 543	15 740	15 787	15 875
Fødde	150	161	152	93
Døde	143	150	150	76
Fødselsoverskot	7	11	2	17
Innvandring	140	70	103	43
Utvandring	28	41	58	25
Innflytting, innanlands	484	473	528	209
Utflytting, innanlands	476	466	488	187
Netto innvandring og flytting	120	36	85	40
Folkevekst	132	47	88	57
Folketalet ved utgangen av kvartalet	15 675	15 787	15 875	15 932

Internkontroll

Alle kommunar har sjølvstendig ansvar for å føra kontroll med eiga verksemd. Ansvar er lovfesta i kommunelova § 25-1, og det er rådmannen som har overordna ansvar for internkontrollen i Voss herad.

Me skal likevel ha internkontroll på alle nivå i organisasjonen, og alle leiarar har ansvar for kontroll i eiga avdeling. Det er difor viktig at me legg til rette for dette. Lova spesifiserer ikkje korleis me skal jobba i praksis, så me må tilpassa internkontrollen til vår verksemd.

Føremålet med internkontroll er å sikra at me har kvalitet og effektivitet i tenestene våre og at me følgjer lovverk og føreskrifter. Sentrale verktøy for internkontrollen er formalisering, risikovurdering og avvikshandtering. Internkontrollen i Voss herad er soleis eit viktig element i [Styring i Voss herad](#), og ein viktig del av kvalitetsarbeidet me gjer.

Føremålet med internkontroll er å sikra at me har kvalitet og effektivitet i tenestene våre og at me følgjer lovverk og føreskrifter.

Kommunelova § 9-13:

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal daglig leder

- utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

Nytt digitalt kvalitetssystem

I 2021 vart det utarbeida eit [internkontrolldokument](#) for Voss herad, ein rettleiar som gjer det enklare for leiarane å ha god internkontroll i sin avdeling. Etter at denne vart ferdigstilt kjøpte me inn eit nytt digitalt kvalitetssystem, eit verktøy som skal bidra til å betre og formalisera internkontrollen i heradet. Dette har me mangla på overordna nivå sidan me vart ny kommune i 2020. Hovudfokus i 2022 vart difor å få systemet godt implementert i heile organisasjonen, eit stort arbeid som krevjar tid og ressursar. Me hadde ein ekstra ressurs på internkontroll for å jobba spesifikt med dette i fjor, og denne tek me med oss vidare for å fullføre arbeidet i 2023.



Oppstartsmøte med leverandør vart gjennomført 21. februar 2022. Styringsgruppe og prosjektgruppe for implementeringa vart oppretta i mars, og i tida fram til sommaren vart det arbeidd med å setta opp systemet, planlegga innføring, avklara og modellera. Først etter sommaren vart systemet rulla ut i organisasjonen, med opplæring hovudsakleg i september og oktober. Systemet har ulike modular som me skal ta i bruk. For å få til god implementering tek me innføringa stegvis, med avviksmodulen først. Gamalt avvikssystem vart avvikla i september, slik at me sikra overlapp mellom dette og nytt system. Etter opplæring og utrulling av denne sette me i gong modul for dokumenthandtering. Dette er eit verktøy som skal gje oss god oversikt og kontroll på dokument som rutine og retningslinjer. Det tek ein del tid å få på plass strukturen her, og å få inn alle dokument som er relevante. Del av denne prosessen vert og å få oversikt over kva dokument me manglar, kva me har som kan nyttast på tvers av avdelingar, og utarbeiding av nye dokument. Her kom me godt i gong i 2022, men det gjenstår ein del for å kunne si at systemet er godt implementert. I 2023 vil me innføra dei to siste modulane: årshjul og modul for risiko- og sårbarheitsanalyse.

I tillegg til implementering av sjølve it-systemet, vert implementering av god avviskultur også viktig i denne prosessen. I 2022 har me jobba mykje med systemet, men dette har og gjort oss merksam på at det er behov for fagleg støtte innan internkontroll i nokre avdelingar. Gjennom innføring av dei ulike modulane er det arbeidd med forbetringar, deling og systematisering i og mellom avdelingane. Avdeling for helse og omsorg har dei siste åra jobba med implementering av Kvalitetshuset, eit digitalt system for kvalitet i helse- og omsorgstenesta. Her ligg mellom anna oversikt over viktige dokument for helse og omsorgstenestene, plan for kompetanseheving og kurs og avviksregistrering- og behandling. Det vert i 2023 vurdert korleis dette systemet skal nyttast i forhold til det nye overordna kvalitetssystemet.

Avvik

I 2022 vart avvik meldt i tre ulike system. Totalt sett var det meldt 1 640 avvik i organisasjonen. Dei fleste avvika er relatert til helse, miljø og sikkerheit (HMS), men det er rapportert inn avvik relatert til andre kategoriar og. Kategoriane er ulike i dei ulike systema, og vert difor framstilt kvar for seg.

Helse og omsorg sitt system for avviksregistrering vart innført i 2021, og nesten alle avdelingar innan helse og omsorg meldte inn sine avvik der i 2022.

I gamalt system var det meldt 372 avvik. Desse var meldt frå januar til september, då nytt system kom på plass på hausten.


I oversikta under er avvika som vart meldt i gamalt system fram til september framstilt pr kategori.

	2022 (jan - sept)
Vald	94
Personskade	11
Tilløp til skade	1
Truslar	11
Trakkassering frå brukar	9
Bemanningsavvik	26



Forbetringsforslag	4
Vatn og avløp: overløp	1
Prosedyre/rutine ikkje følgt	49
Feil på maskiner, bygg og utstyr	20
Handtering av personopplysingar	8
Inneklima	65
Andre feil/manglar	55
Ergonomi	6
Farlege forhold	12
Sum	372

Historikken for innmeldte HMS- avvik er framstilt i figuren nedanfor. Dette er henta frå gamalt system, så avvik meldt i nytt system er ikkje med her. Nedgang i tal avvik frå 2021 til 2022 har med dei nye systema å gjera, då Helse og omsorg fekk nytt system for registrering av avvik i 2021, og det nye overordna kvalitetssystemet kom på plass i september 2022.





Avvik i nytt system:

I det nye kvalitetssystemet var det meldt 214 avvik i 2022. Ettersom me rulla ut systemet i september, gjeld avvika frå og med denne månaden. 121 av desse ligg innanfor alvorskategori låg, 72 ligg under middels og 21 har høg alvorsgrad.


Når det gjeld dagar frå avviket vart meldt til det vert lukka, vert største delen av avvika lukka etter mellom 10 og 30 dagar. 49 av avvika som vart meldt inn 2022 låg framleis opne når me gjekk inn i 2023. Dette synleggjer at me må jobba vidare med avvikskultur i organisasjonen, slik at avvik vert lukka raskare.

	Tal dagar før lukking
Åpen	49
Under 1 dag	3
1-3 dagar	11
3-10 dagar	13
10-30 dagar	103
Over 30 dagar	35

Alle avdelingane har meldt avvik i det nye systemet, men ettersom kommunalavdeling helse og omsorg har nytta eiga system, kjem deira statistikk difor ikkje inn i denne oversikta. Eiga statistikk for helse og omsorg er framstilt lengre ned.

	Tal meldte avvik
Rådmann (direkterapporteringar)	0
Administrasjon og politiske organ	0
Kommunalavdeling for helse og omsorg	1
Kommunalavdeling for kultur og fritid	10
Kommunalavdeling for oppvekst	174
Kommunalavdeling teknisk	16
Rådmannens stab	13
Sum	214

Innmeldte avvik er kategorisert innanfor ulike avvikskategoriar. Største delen av avvika gjeld HMS avvik (68%), men det har vore meldt inn ein del avvik innan tenesteproduksjon og (21%).




Avvik i helse og omsorg:

I 2022 vart det meldt 1 054 avvik i helse og omsorg. 750 av dei gjaldt uønska hending, og 304 var HMS-avvik. Av alle avvik som er registrert som uønskt hending, hadde 290 låg risiko, 218 medium risiko, og 98 høg risiko. Dei fleste hendingane er relatert til medikamenthandtering.





Av dei 304 HMS-avvika hadde 141 låg risiko, 99 medium risiko og 31 høg risiko. Største del av avvika gjeld vald, personskade og bemanningsavvik. Dette samsvarer med HMS-avvik frå tidlegare år.



Særskilde område

Flaum

Flaumen på Voss 11.-12.november 2022

Voss vart på nytt råka av flaum 11. november 2022, 8 år etter den store flaumen 28. oktober 2014. Voss sentrum og Evanger fekk også denne gongen omfattande skader. På Evanger steig vatnet 27 cm over nivå i 2014, medan vass-standen var 30 cm lågare på Vangen. Flaumen var lokal og det var lite skader utanom Voss. Dei store nedbørsmengdene som kom over område i Stølsheimen var svært lokale og gav meteorologisk institutt og NVE utfordringar med meldingar.

Til skilnad frå flaumen i 2014, vart det trong for evakuering av folk. Dette var frå eit hus i Teigdalen der elva flaut ut over store areal og øydela mykje landbruksareal. Våre folk kom ikkje fram med redningsmannskap, då flaumen på Evanger stengte vegen.

Vatnet steig svært raskt og varsling om raudt nivå kom seint. Likevel er erfaringa at flaumsikringstiltak som vart iverksett flaumnatta førte til mindre skadeomfang. Folk i heradet stod på og arbeidde gjennom heile natta for å avgrensa skadeomfanget.

Truleg må me forventa nye store flaumar oftare i framtida. Det er difor viktig å ta lærdom av hendingane og byggja opp beredskap på dei mest utsette bygga. Sidan flaumen var så lokal, viser statistikken til forsikringsselskap i Vestland 11. - 12.november, 110 innmelde flaumskadar til ein stipulert verdi på totalt



55 mill. kr. I tillegg kjem offentleg infrastruktur som ikkje er med (veg, bruer, delar av vatn- og avløpsanlegg, med meir).

Voss herad har fått skadar på sine bygg og anlegg til ein samla verdi anslått av forsikringsselskapet til 15 mill. kr. Kommunale bygg med vassinntrenging var kulturhuset, idrettshallen, ungdomsskulen og tinghuset. Dei 2 kunstgrasbanane som Voss Fotball eig, vart på nytt øydelagde (Olabanen og Kiwibanen).

Erfaringane må me ta med oss og freista gjera tiltak for å hindra flest mogleg skader neste gong. Me må og sikra at me har beredskap og kan handtera den neste flaumen endå betre. Ansvar ligg hjå Voss herad, men me står ikkje åleine. Det er me som må fatta formelle vedtak om kva me vil gjera, men det må skje i samarbeid med fagfolk, i dette tilfelle NVE, men og andre viktige aktørar som Vegvesen, Vestland fylkeskommune, BaneNor, Statsforvaltaren med fleire. NVE er dei som vil få naudsynte tiltak til godkjenning.



Arbeidet med flaumsikring av Voss og Evanger pågår i samarbeid med NVE. Eit alternativ er å byggja tunnelar for å få vatnet ut av vassdraget. I tillegg vert det sett på lokale tiltak på Vangen.



Det er gjennomført studiar som viser at det er store og omfattande inngrep som må til for å få til ei flaumsikring av Voss ved å føra vatnet ut av vassdraget. Kostnadane ligg langt over eit nivå som Voss herad kan handtera. Firma dr Øverland er engasjert av NVE, og har gjennomført mange flaumsikringsprosjekt. Dei er no i sluttfasen av arbeidet med å kartleggja vassstraumane på Voss. Dette skal vera eit grunnlag for å vurdera kva tiltak som er mogleg å setja inn for å flaumsikra einskilde bygg, eller mindre område på Vangen. Rådmannen meiner at det må vurderast nøye om ein skal setja i stand dei kommunale bygg og anlegg som vart

øydelagde av flaumen både i 2014 og i 2022. Den nye situasjonen som me opplever med klimaendringar vil mest truleg gje hyppigare situasjonar med ekstremvær og meir flaum med skadar på dei same bygga. Samfunnsøkonomisk bør ein freista gjera tiltak som hindrar nye flaumar i å gjera skade på nytt. Det må vurderast nye løysingar der dette er teknisk mogleg.

Kostnadar som er rekneskapsført i 2022 for kommunen i samband med flaumen summerer seg til 4,3 mill. kr. Dei mest vesentlege postane er 0,4 mill til ungdomsskulen, 2,1 mill på kulturhuset, 0,5 mill på Tinghuset og 0,3 mill kr på Idrettshall/anlegg. I tillegg er det rekneskapsført 0,5 mill kr for skadar som ikkje har forsikringsdekning.



Koronapandemien 2022

Til glede for mange vart dei fleste nasjonale smitteverntiltaka som munnbind, éin meter avstand, avgrensa moglegheit for samling av personar og karanteneregjar, avvikla i 2021. Smitten av korona i Norge auka ut over hausten. Då den nye virusvarianten omikron vart oppdaga i november vart det igjen innført inngripande smitteverntiltak som varte inn i 2022. Virusvarianten viste seg å vera mindre farleg enn frykta og smitteverntiltak vart gradvis avvikla frå midten av januar til 12.februar. Kommunane skulle likevel halda beredskapen for vaksinasjon og testing ut april.

Med auka smittetal innebar dette at mange innbyggjarar i Voss herad vart smitta og dermed også mange tilsette. Fyrste tertial vart ein periode der det var krevjande å halda hjula i gang med alt av tenestetilbod som kommunen har. For å halda hjula i gang vart det mot slutten av 2021 inngått ein avtale mellom KS og arbeidstakarorganisasjonen, "koronaavtalen". Denne omfatta auka kompensasjon for overtid og meirarbeid under koronapandemien og varte ut april. Det meste av meirutgifter har vore til bemanning, med eigne tilsette og innleige av eksterne.

Ut over i 2022 vart samfunnet meir normalisert og dei fleste aktivitetar i både kommunen og samfunnet elles kunne ha normal drift. Dette fekk positive følgjer for økonomien når kommunale tilbod (som kino, kultur og idrett) kunne opnast opp, me unngjekk meirutgifter knytt til handtering av pandemi, og sysselsettinga i samfunnet gjekk meir tilbake til normalen.

Aktiviteten med testing, smittesporing og vaksinerer var for høg i 2022, men avtakande i løpet av året. *I perioden til og med august vart det sett litt over 4 400 dosar med vaksinar. Frå september tok apoteka over vaksinerer, og det vart sett om lag 2 000 dosar resten av året.*

Staten har gitt kommunane kompensasjon for arbeidet og meirutgiftene som kommunane har hatt. I 2022 har kommunen fått nær 25,3 mill.kr for å dekkja meirutgifter og mindre inntekter. Det meste av midlane kom ikkje før mot slutten av året.

Inntekter til handtering av koronapandemi

Kommunen har fått følgjande ekstra inntekter for 2022:

Kva	Beløp
Dekking vaksinasjonsutgifter (mars)	2 671 000
Skjønsmidlar (des.22)	7 505 000
Koronakompensasjon nysaldering (nov 22)	15 110 000
Sum meirinntekter	25 286 000

I tillegg har meir skatteinntekter enn venta vore med å dekkja meirutgifter med korona.

Tilleggsføringar til kompensasjon til lokale verksemdar (kompensasjonstilskot):

Kva	Beløp
Tilleggsføring, kompensasjonsordning lokale verksemdar	-1 985 000
Bruk av avsette midlar frå 2021	-2 456 000
Utbetaling av stønad til lokale verksemdar	4 441 000

*2 456 000 kr vart løyvd i desember 2021 og vart sett av på fond til utbetaling til verksemdar i 2022.

Påløpte meirutgifter




Det er rekneskapsført nær 35,5 mill.kr i meirutgifter med korona for 2022. I tillegg er det vurdert at NAV har hatt meirutgifter på sosial stønad på xx mill.kr. Om lag 29 mill.kr av meirutgiftene var innan tenesteområda Helse og omsorg, nær 1 mill.kr innan barnehage og 3,8 mill.kr innan grunnskule. Fordeling av budsjettmidlar er gjort etter registrerte meirutgifter med prosjektkode og ei skjønsviss vurdering. I løpet av året har nær 32 mill.kr i budsjettmidlar blitt fordelt på ulike einingar slik som oversikta under viser:

Avdeling	Rekneskap 22	Budsjett 22	Avvik
Barne- og familietenestene	235 049	236 349	1 300
Barnehage	964 173	879 693	-84 480
Grunnskule	3 774 562	3 819 589	45 027
Integrering og vaksenopplæring	64 731	0	-64 731
Helse	5 095 763	4 346 531	-749 232
Omsorg	24 018 134	22 476 349	-1 541 785
Teknisk	318 418	180 000	-138 418
Sum	34 470 830	31 938 511	-2 532 319

Det meste av meirutgifter med handtering av koronapandemien har vore til bemanning med lønsutgifter (25 mill.kr) og innleige av personell (7,4 mill.kr). Driftsutgifter omfattar utstyr og lisensar der medisinsk forbruksmateriell utgjer vel 2 mill.kr.

Fordeling meirutgifter korona 2022



Konklusjon

Den økonomiske støtta frå staten har vore svært viktig for å dekkja meirutgifter og tapte inntekter som Voss herad har hatt heile perioden som korona-pandemien har vart. Kommunen visste ikkje om dette ville bli dekkja før november 2022. Løyvingane dekkjer ikkje åleine meirutgiftene. Saman med auke i skatteinntekter har kommunen fått dekkja dei meirutgiftene og tapte inntektene kommunen har hatt med koronapandemien i 2022.



Flyktningar

Voss herad har som mål å gjera godt integreringsfremjande arbeid ved å skapa tillit, nettverk, auka samfunnsdeltaking og tilhøyre for busette flyktningar på Voss. Planlegging av god busetting og kartlegging av behov skjer allereie før flyktningane kjem frå mottak i Noreg og utlandet. Målet er å gje god tilpassa oppfølging etter behov.

I 2022 var planen å busetja 35 flyktningar, men grunna krigen i Ukraina vert det i 2022 stor skilnad frå dei siste åra. Voss vart oppmoda å busetja 175 flyktningar. Ved utgangen av året var 163 flyktningar busett i heradet. Av desse kjem dei aller fleste frå Ukraina, men me har også nye vossingar frå Syria og Kongo. Utfordringar med mangel på husvære medførte at dei resterande blei busett i starten av 2023.

I den Ukrainske flyktninggruppa på Voss er 41% menn 59 % kvinner. Den største gruppa er mellom 30-39 år. 16 % av dei busette er 60 år eller eldre, som er ei stor auke frå tidlegare år. Ca 35 % er under 18 år. Den store flyktningstraumen har krevd mykje av dei kommunale tenestene, som integreringstenesta, sosiale tenester (NAV), legetenester, bygg og eigedom med fleire. Integreringstenesta hadde akkurat flytta inn i nye lokale i Knutepunktet før dei måtte tenkja kreativt om kor nyttilsette rådgjevarar og miljøarbeidarar skulle ha kontorplass.

Voss herad har fått integreringstilskot som dekkjer meirutgiftene me har hatt relatert til flyktningar i 2022. Integreringstilskotet skal dekkja utgifter til busetting og integrering av flyktningar dei fem fyrste åra dei er i heradet. I tertialrapporten for 2. tertial 2022 vart budsjettet justert for auke i integreringstilskot, og for auke i utgifter knytt til busetting av flyktningar frå Ukraina. Dei ulike tenesteområda vart på den måten kompensert for forventa meirforbruk knytt til busetting av flyktningar. Ettersom fleire flyktningar kom seint i året, og største delen av utgiftene kjem i 2023, vart ein del av tilskotet som kom i 2022 satt på fond (omtrent 14. mill. kr). Budsjett og rekneskapsført bruk av integreringstilskot til busetting av flyktningar frå Ukraina i 2022 ser slik ut (reelt forbruk er mest sannsynleg høgare enn det som er rekneskapsført, då prosjektrekneskapen kun tek høgde for dei utgifta som er ført med prosjektkode):

	Budsjettjustering 2022	Prosjektrekneskap 2022
Administrasjon og leing	120 000	-
Eigedom og bustad	3 400 000	1 164 525
Finansielle postar/økonomi	- 13 762 000	-3 762 000
Grunnskule	1 075 000	526 623
Barnehage	365 000	1 110
Barne- og familieteneste	863 000	364 153
Integrering og vaksenopplæring	626 000	67 842
Sosialtenester	7 188 000	3 117 686
Kultur og fritid	125 000	-
Sum	-	- 8 520 061



Største delen av kostnadane som er rekneskapsført med prosjektkode er relatert til løn. Det er og nytta midlar til lærebøker, IT-utstyr, tolk, kurs, døgnopphald på senter, stønad til livsopphald og buutgifter, husleige og straum.

Mange tilsette og avdelingar har vore med å bidratt til at Voss lukkast å ta i mot så mange flyktningar i 2022. Nokre døme:

- Det har vore eit tett samarbeid mellom Integrering og Bygg og eigedom for å skaffa flyktningane ein plass å bu. Her har Voss herad fått solid hjelp av innbyggjarane på Voss. Over 60 privatpersonar har leigd ut husvære til Voss herad og ukrainarane.
- Helsestasjon har kartlagt alle me har tatt imot, og Barneverntenesta har vore der når det har vore naudsynt.
- Vaksenopplæringa har starta opplæring. Det har vore fulle klassar med ukrainarar som vil læra seg norsk. Ikkje ein gong flaumen har stoppa vaksenopplæringa. Når kjellaren på Kulturhuset ikkje kunne nyttast, har vaksenopplæringa vore kreativ og funne andre tenlege lokale fleire stader i heradet.
- Barnehagane har tatt imot 6 born, skulane 33 born.
- Kultur har hatt eit tett samarbeid med Røde Kors, noko som har resultert i både sommarskule og eit fast treffpunkt kvar veke for ukrainarane.

Me veit at det har vore både krevjande og givande å jobbe med ukrainarane. Me veit også at ikkje jobben er ferdig gjort. Ukrainarane som har kome skal me ivareta, og dei som vert verande skal me integrera, gje skuleplass og me ynskjer at dei skal få seg jobb. Krigen i Ukraina kjem til å utfordra tenestene våre også i året som kjem, både med vidare oppfølging av dei som kom i 2022, men også ved at me skal ta godt imot dei som kjem i 2023.

Endring i nasjonal busetting medførte endring i fleire lover, mellom anna introduksjonsprogram tilpassa flyktningane frå Ukraina. Lova skildrar no eit raskare kvalifiseringsløp gjennom samarbeid mellom Integreringstenesta og Nav.



Berekraft, klima og miljø

FN sine berekraftsmål

Voss herad har tufta overordna strategiske planar på FN sine berekraftsmål og ynskjer å bidra konkret og konstruktivt i arbeidet med at berekraftsmåla vert nådd. Å delta aktivt i KS sitt nasjonale [Berekraftsnettverk](#) er ein viktig del av dette arbeidet. Berekraftsnettverket er ein lærings- og samarbeidspartnar for norske kommunar og fylkeskommunar i arbeidet med å få fart på berekraftig samfunnsutvikling og slik bidra til å oppnå FN sine berekraftsmål innan 2030. Arbeidet i nettverket omfattar lokale – og regionale utviklingsprosjekt, organisasjonsutvikling, samarbeid med næringslivet, involvering av innbyggjarane og støtte til andre lokale prioriteringar som set sosial, økonomisk og miljømessig berekraft høigare på dagsordenen.

For å sikra at me jobbar mot berekraftsmåla må heile organisasjonen knyta arbeidsoppgåvene opp til relevante berekraftsmål. Tenesteområda har difor satt seg mål i økonomiplanen som er direkte relatert til FN sine berekraftsmål. Det er likevel ulikt korleis dei ulike tenesteområda har jobba vidare med desse, og det er behov for å bevisstgjera og ansvarleggjera organisasjonen i større grad. I 2023 vert det jobba vidare med dette, og målet for dei komande åra er at berekraftsmåla tek større plass i økonomiplan og budsjett.

Vossaklima 2030

Kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøn omstilling 2022-2034, «Vossaklima 2030», vart vedtatt av heradsstyret 17. november 2022. Planen er tufta på FN sine berekraftsmål, og er i tråd med relevante internasjonale, nasjonale og regionale føringar.



Planen er utarbeida med eit 12- års perspektiv, med forventa rullering kvart fjerde år. Strategiane i Vossaklima 2030 er utarbeida med tanke på at sjølve planen er aktuell også om 12 år, men at desse vert gradvis utvikla i takt med auka ambisjonsnivå, ny teknologi og nye statlege føringar og krav.


Vossaklima 2030 har som mål å redusera direkte klimautslepp, men samstundes ha ei bevisst og styrka satsing på naturen som karbonlager og vossingane sitt klimafotavtrykk. Slik skal Voss herad bidra lokalt i eit arbeid som samstundes gjev meining i ein større global samanheng.



Omsyn til natur og naturmangfald er varetatt i planen. Vidare arbeid med Vossaklima 2030 skal realiserast på ein måte som sikrar best mogeleg balanse mellom dei mange potensielle målkonfliktane, samstundes som me tryggjar at satsingane våre ikkje rammar urettvist.

Vossaklima 2030 er strukturert kring tre plantema med fylgjande overordna mål og satsingsområde:

- **Plantema 1 – Voss som pådrivar for nullutslepp:** I 2030 er direkte klimagassutslepp i Voss herad redusert med 69 prosent, samanlikna med 2005. I 2050 er Voss herad eit lågutsleppssamfunn.
 - Satsingsområde 1: Frå fossil til utsleppsfri
 - Satsingsområde 2: Snu transporthierarkiet
 - Satsingsområde 3: Eit berekraftig og framtidsretta landbruk
 - Satsingsområde 4: Naturen som karbonlager
- **Plantema 2 – Klimatilpassing:** Voss herad si evne til å tola klimaendringar er styrka fram mot 2030. Bygda vår skal utviklast slik at me er rusta for endringar som er forventta fram mot 2050.
 - Satsingsområde 5: Auka kunnskap for å møte klimaendringar
 - Satsingsområde 6: Naturbaserte løysingar som del av framtida
- **Plantema 3 – Grøn omstilling:** Næringslivet i Voss herad skal byggja på berekraftig ressursforvaltning. Voss herad skal vera ein aktiv pådrivar i omstilling til sirkulærøkonomi. Me vil arbeida for at Voss og Hardanger er eit grønt reisemål i framtida. Voss herad skal feia for eiga dør.
 - Satsingsområde 7: Grøn giv i næringslivet
 - Satsingsområde 8: Vossakraft og energiproduksjon
 - Satsingsområde 9: Framtidsretta bustader og bygg
 - Satsingsområde 10: Satsa på born og unge
 - Satsingsområde 11: Vossingen sitt klimafotavtrykk
 - Satsingsområde 12: Voss herad skal feia for eiga dør
 - Satsingsområde 13: Dei kommunale selskapa som spydspissar i klimaarbeidet





Figur: Frå scenarioanalysen som Asplan Viak har laga på oppdrag frå Voss herad. Syner nivå på utslepp frå ulike kjelder oppgitt i tonn CO2 ekvivalentar pr. år, frå 2009 til 2020, og utvikling fram til 2030 viss me skal nå måla i klimaplanen. Referansebanen synar korleis utsleppa vil utvikla seg framover viss me ikkje tek ytterlegare grep.

Medverknad

Voss herad har valt å nytta ni månader på arbeidet med å få alle (som vil) til å koma med i forarbeidet til Vossaklima 2030. Særleg stor innsats vart lagt ned i arbeidet med å få med born og unge. Aktivitetar i samband med medverknadsprosessen i 2022 kan oppsummerast slik:

- Klimacafè klima og naturmangfald (januar) og klimacafè flaum og klimatilpassing (mars)
- Klimadagen BLØME (februar)
- Bygdalab Vossaklima 2030 (mars)
- Undervisningsopplegget «Vossaklima 2030» i skular og barnehagar
- Klimaverkstad «Betre, Grønare, Gøyare» for ungdom
- Faglønssjar for kompetanseheving i kommuneorganisasjonen

Ordschy som oppsummerer innspel frå skuler og barnehagar



For meir info sjå: <https://voss.herad.no/tenester/samfunnsutvikling/planar-og-rapportar/kommunedelplanar/vossaklima-2030/medverknad/>

Vossaklima 2030 vart også diskutert i Regionalt planforum 10. mai 2022.

I samband med at Vossaklima 2030 låg ute til høyring og offentleg ettersyn fekk me innspel frå ni høyringsinstansar.

Meverknadsprosessen viste at det særleg er tre tema innbyggjarane tykkjer er viktig i Voss sitt vidare arbeid med klimautfordringane: ta vare på naturen, leggja til rette for ombruk/sirkulærøkonomi og sykkel (snu transporthierarkiet). Vossaklima 2030 tek innspela frå medverknadsprosessen på alvor. Fleire satsingar og strategiar i Vossaklima 2030 handlar difor om det å ta vare på naturen, leggja betre til rette for gjenbruk og satsa meir på sykkel.

Voss herad har fått mykje merksemd med Vossaklima 2030 og vorte presentert på ei rekkje samlingar i regi av mellom anna Vestland Fylkeskommune, Statsforvaltar i Vestland, Miljødirektoratet, Folkets Fotavtrykk/Ducky og ulike landbrukssamlingar. I november 2022 var me også vertskap for Klimathon 2022 der tema var klimatilpassing og naturbaserte løysingar. Arrangementet fekk ein ekstra dimensjon av aktualitet då Voss vart råka av ein storflaum berre nokre dagar tidlegare.



Vidare arbeid knytt til Vossaklima 2030

Vossaklima 2030 legg viktige føringar for det vidare klimaarbeidet i Voss herad, både internt i kommunen og utanfor kommuneorganisasjonen. Kvart av satsingsområde har ei rekke *kva skal me gjera*-punkt knytt til seg, 122 til saman. Desse vil i.a. våren 2023 verta fordelte på kommunale avdelingar som skal arbeida vidare med å spesifisera dei, prioritera dei og kostnadsestimera dei.

Til Vossaklima 2030 er det utarbeida to vedlegg:

- Bruk og handtering av plast i Voss herad (vedtatt i heradsstyret 2. februar 2023).
- Strategi for klimatilpassing (vedtatt i heradsstyret 16. mars 2023).

Våren 2023 byrjar i tillegg arbeidet med temaplan for naturmangfald.



Rapportering på klimatiltak

I budsjettet til Voss herad for 2022 vedtok heradsstyret å nytta 1 225 000 mill. kr til ulike klimatiltak for 2022.

I planen låg det tiltak som utgjorde til saman 1 935 000 kr. Beløpet vart justert i løpet av året, og summen av dei tiltaka som vart planlagt etter 2. tertialrapport var innafor ramma.

Under er oversikt over status for bruk av midlar på dei ulike tiltaka (tal i 1000 kr). I tabellen ligg det også nokre tiltak som ikkje vart prioritert i 2022. Dette er gjort annleis for 2023, slik at berre dei prioriterte tiltaka vert rapportert på gjennom året.



Nr	Tiltak	Kostnad	Lokale klimamidlar	Eksterne midlar	Kommentar	Revidert budsjett (lokale klimamidlar)	Rekneskap 22
1.	Fossilfrie anleggsmaskiner og utstyr		150		I samband med utskifting av Cat beltegravemaskin, vart det vurdert ny maskin med batteri/straum. Denne beltegravemaskina er tenkt brukt på kommunale vegar rundt i heile heradet, der det er avgrensa tilgang til straum og ladepunkt. Batteridreven gravemaskin viser seg å vera tre gonger dyrare enn vanleg konvensjonell maskin, minus ev. tilskot frå til dømes Enova. I tillegg kjem utfordringar med infrastruktur for lading. Moderne beltegravemaskin som går på fossilfritt HVO biodrivstoff vart og vurdert, men då det ikkje er mogleg å få kjøpt biodrivstoff i nærområdet vart det kjøpt inn ordinær gravemaskin. Når det vert etablert anlegg for biodrivstoff så kan me vurdere biodrivstoff for dei gamle maskinane som skal byttast ut. Det vart også gjennomført vurderingar av alternativ i innkjøpsprosess for ny bokbuss. Arbeidsgruppa arbeidde med undersøkingar i marknaden for kartlegging av klimavenlege løysingar for bokbussdrift, eksplisitt høyring i marknaden på kva som fanst av løysingar. På grunnlag av dette vart det utarbeida nye kostnadsrammer for investeringa som vart lagt fram for politikarane. Deretter vart det laga ny	150	



					kravspesifikasjon forankra i rapport frå undersøkingane.		
2.	"Circle scan"	400	250	200	Samarbeid med Næringsshagen om kartlegging og forbetring av sirkulære prosesser i Voss herad. Første del av prosjektet vart ferdig i september, med presentasjon av rapport i utval for klima og miljø i november. Planlegging av dei neste fasane er godt i gang, og dette forprosjektet vil halda fram ut 2023.	250	250
3.	Bygdalab (Innovasjonslab)		250	425	Avslag på søknad om midlar frå Miljødirektoratet. Prosjektet vert difor ikkje sett i gong. Kommunen har likevel eit liknande prosjekt, Tinghus 3.0, som vurderar bruk av ledige lokale på Tinghuset. Dette har fått tilskot frå Vestland fylkeskommune, og har mange av dei same målsettingane som prosjekt Bygdalab.		
4.	Ducky verktøy Folkets Fotavtrykk	65	65		Lisens for verktøyet Folkets Fotavtrykk som gjev innsikt i og dermed betre moglegheit til å redusere forbruksbaserte utslepp.	65	65
5.	Kompetanseheving klimabudsjett/rekneskap	100	100		Det er ikkje nytta midlar direkte til kompetanseheving på klimabudsjett og klimarekneskap. Det er i staden nytta nokre midlar til kompetanseheving av folkevalde gjennom deltaking på Klimathon i haust, og promotering av Grøn veke i november.	90	20



6.	Kreative klimamidlar	200	200		Dette tiltaket vart ikkje realisert.		
7.	Plaststrategi				Plaststrategien vart vedtatt i heradsstyret 2. februar 2023. Det vart nytta midlar til konsulent for fullføring av strategien i perioden Voss herad ikkje hadde Klima- og miljørådsgjevar.		45
8.	Pollineringsstrategi				Ikkje starta - skal vera vedlegg til temaplan naturmangfald som startar opp våren 2023.		
9.	Transformera og sambruka bygg	700	250	350	Me fekk Klimasats-midlar frå Miljødirektoratet til dette prosjektet som skal nyttast til ombygging av Oppheim skule til barnehage. Det vart gjennomført ein tilstandsrapport for bygget i 2022. Prosjektet har fått utsett rapporteringsfrist til Klimasats, og det vil i 2023 utførast eit konsulentarbeid for å greie ut klima, miljø, krav til gamle bygg osv., og ein moglegheitsstudie for ny bruk. Dei avsette midlane for 2022 vart såleis ikkje nytta til dette føremålet, og må hentast inn på andre måtar i 2023 for å dekkja eigenandelen til Klimasats. Det ligg inne 100 000 kr i klimabudsjettet for 2023 til å eigenandelen til Klimasats.	250	



10.	Utvikling av indikatorar for måling av klimatilpassing av areal, bygningar og infrastruktur				Prosjektet er pågåande, og ressursar i form av eigeninnsats vart nytta.		
11.	Klimakommunikasjon og medverknad	100	100		Aktivitetar knytt til medverknad og kommunikasjon er gjennomført i samband med Vossaklima 2030, og heile summen her vart nytta i år.	100	100
12.	Landsbyhage "Finnestråi"	50	50		Ikkje prioritert.		
13.	Klimapartnere Vestland	50	50		Medlemsavgift.	50	50
14.	Miljøsertifisering av eigen verksemd	200	200		Sertifisering av kommunen er i planleggingsfasen, og summen kjem ikkje til å verta nytta i år. Forventa oppstart i starten av 2023		
15.	Miljøsertifisering av verksemdar under "Berekraftig reisemål"	70	70		Det var planlagt oppstart av gruppesertifisering på hausten i regi av Næringshagen. Det var ikkje kapasitet til å gjennomføra i 2022, men tiltaket er framleis aktuelt i 2023.	70	



16.	Etablere ladepunkt for egen bilpark	640	100	320	Det vart gjeve tilsegn om 16 ladepunkt, der 10 av desse vart installert til bilar nytta i heimesjukepleien. Det vart arbeidd for å finna gode løysingar for å etablere dei seks resterande ladepunkta, og eitt ladepunkt vart etablert til den nybestilte varebilen som skal bringa maten ut til dei andre sjukeheimane. Dei siste fem ladepunkta vart ikkje etablert.	100	160
17.	Matsvinn - Kopling av overskotsmat i kommunen med behov for mat				Dette prosjektet vart ikkje sett i gang. Derimot vart det arbeidd med å fullføre prosjektet "Reduksjon av matsvinn i Voss herad". Sjå tilleggsinfo under tabellen.		
18.	Jordkarbonprosjekt	100	100		Midlane vart nytta i løpet av året, og går til arbeid med forsøksfelt, storskalaforsøk, informasjonsmøte og deling av kunnskap om jordliv og lagring av karbon.	100	100
SUM		2675	1935	1295		1225	790



VH: Voss herad; Vlfk: Vestland fylkeskommune; KS: Klimasats, Miljødirektoratet; NH: Næringsshagen; KP: Klimapartnere; RFF: Regionalt forskningsråd; NLR: Norsk landbruksrådgjeving.

Tilleggsinfo:

- Prosjekt Transformasjon og sambruk av bygg. Tilleggsøyving på 1 mill. kr til prosjektet (verbalvedtak HST 16.12.21 Budsjett 2022), er nytta til Oppheim skule og flytting av Hauge barnehage.
- Klimamidlar til landbruket: Tilleggsøyving på kr. 400 000, verbalvedtak HST 16.12.21 Budsjett 2022. Kriterier for bruk av midlane vart utarbeidd og godkjent. I løpet av året vart 150 000 kr av desse midla betalt ut.
- Prosjekt matsvinn i omsorgsinstitusjonane på Voss 2021: Prosjektet stoppa opp under koronapandemien og fekk utsett rapporteringsfrist frå Klimasats til haust 2022. Prosjektet vart difor jobba vidare med og ferdigstilt i 2022. Prosjektet har vore todelt: A) Sikra at erfaringane frå prosjektet ved Vetleflaten (2019-2020) vart vidareført og vidareutvikla gjennom m.a. nye rutinar, jobba med merking og lagerplanar, infomateriale, plakatar osv. B) Formidla resultat og erfaringar frå Vetleflaten til dei andre sjukeheimane i heradet: Voss sjukeheim, Granvin omsorgssenter og Vossestrand omsorgstun. Det vart gjennomført ein inspirasjonsverkstad, «Vinn-vinn med matsvinn» for personalet ved sjukeheimane der nær 50 deltakarar var med. Det er nytta midlar til konsulent i samband med inspirasjonsverkstad og fullføring av rapport i perioden Voss herad ikkje hadde Klima- og miljørådgjevar (til saman omtrent 110.000 kr). Det vart utarbeida ein rapport som vart ferdigstilt og levert i 2022. Du kan lesa den her: [Sluttrapport - Reduksjon av matsvinn i Voss herad](#)



Kommunen sine tenesteområde

Administrasjon og leing

Skildring av tenesteområde

Skildring av tenesteområdet finn du her: [lenkje](#)

Hovudprioriteringar

Året 2022 har vore eit år der det har vore jobba med ein del utviklingsprosjekt i staben. Det kan blant anna nemnast:

- Implementering av nytt sak- og arkivsystem som vart teke i bruk rett før sommaren
- Implementering av nytt kvalitetssystem
- Ny struktur på korleis me fordeler ansvar for ulike digitale system - forvaltningsmodell
- Betra datatryggleik gjennom meir skybaserte løysingar og innføring av sikringstiltak
- Ny IT-strategi; Trygg digital kvardag 2023-2025 vart vedteken. Dette er ein strategi for IT området i Voss herad og som peikar på dei sikkerheitsutfordringane me står ovanfor i dag og i åra som kjem. Desse må løysast før me kan gå mot ytterlegare digitalisering av heradet sine tenesteområde. Strategien peikar på føresetnader som må på plass, korleis det skal gjerast, med konkrete mål som skal etterlevast for å skapa ein trygg digital kvardag.
- Organisasjonsutvikling med kultur for forbetningsarbeid og leiarutvikling
- Ferdigstilt arbeidet kommunedelplan for klima og klimatilpassing og plaststrategi ([Vossaklima 2030](#)), og lagt fram både klimarekneskap og klimabudsjett
- Fredigstilt arbeidet med temaplanen Voss i vekst ([Voss i vekst](#)), ein plan for å styrka utdannings- og kompetansenivået i heile heradet. Temaplanen har kartlagt hovudutfordringar me har på Voss i høve rekruttering. Det er vidare utarbeida ei verktøykasse med framlegg til moglege tiltak i samsvar med overordna samfunns mål og temaplanen sine mål og strategiar.
- Innføring av nytt rekrutteringssystem EasyCruit
- Jobba for å betra økonomiforvaltinga og -styringa i organisasjonen med styrka opplæring og nye verktøy

Det var planlagt for å redusera årsverk i staben i perioden. Ved naturlege avgangar, er fleire stillingar halde ledig, men ikkje så mykje som planlagt. Dette skuldast at omlegging tek tid, og organisasjonen vert svært sårbar når kjernekompetanse forsvinn og må fordelast til enkeltpersonar.

45 bryllup og ei gravferd

Voss herad har mange forskjellige oppgåver. I 2022 var det mange innbyggjarar som ville gifta seg. I løpet av året vart det gjennomført 45 vigslar i kommunal regi.

Voss herad har også handtert ei gravferd etter gravferdslova § 9, 5. ledd. I dei tilfella ein innbyggjar døyr, men ingen kan handtera det praktiske og formelle kring gravferda, er det kommunen der vedkomande bur som handterer dette. Dette skjer sjeldan i Voss herad. Det er i etterkant av dette utarbeidd kommunale retningslinjer for korleis Voss herad skal handtera slike tilfelle.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000



Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Administrasjon	68 946	75 932	72 275	76 217	284
Administrasjonslokale	2 524	5 456	950	2 450	-3 006
Fellesutgifter	985	1 917	1 195	1 256	-661
Tjenester utenfor kommunalt ansvarsområde	0	1 326	0	0	-1 326
Naturforvaltning og friluftsliv	2 331	2 499	2 880	2 485	-14
Sum	74 787	87 131	77 301	82 409	-4 722

Kommentar til status økonomi

Tenestemrådet har samla sett eit meirforbruk på om lag 4,7 mill.kr. Dette skuldast i hovudsak meirutgifter til administrasjonslokale og straumutgifter til vegljøs. Stabsfunksjonane på teneste 120 har hatt eit mindreforbruk.

Det er eit stort meirforbruk til administrasjonslokale på 3 mill.kr. Dette skuldast både høgare utgifter enn budsjettert og mindre inntekter. I hovudsak er dette meirutgifter til ombygging av lokale på tinghuset på nær 250 000 kr, vel 500 000 kr til utgifter med flaumen november 2022, manglande husleigeinntekter på 1,4 mill.kr etter at NAV flytta til Knutepunktet og meirforbruk av lønsutgifter til reinhald på nær 600 000 kr. Sistnemnde er eit meirforbruk for reinhald til administrasjonslokale, men reinhaldstenesta samla sett for heile kommunen har eit mindreforbruk.

2022 er fyrste året Voss herad synleggjer kostnader til straum for vegljøs i rekneskapen. Voss energi har ansvar for vegljøsa. Voss herad betalar for vegljøsa, men me får eit tilskot for Riks- og fylkesvegar. Tidlegare har kostnaden vorte trekt ifrå utbetaling av utbytte frå Voss Energi i påfølgjande år. Endra praksis medfører at tenesta 285 som vert rapportert for under Administrasjon og leiling, har eit meirforbruk på 1,3 mill.kr. Dette vil innarbeidast i budsjett for 2023.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	53 501	56 110	54 332	-1 778
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	26 858	34 873	32 492	-2 381
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 028	1 969	2 268	299
Overføringsutgifter	6 053	10 940	4 043	-6 897
Finansutgifter	460	612	0	-612
Sum Driftsutgifter	88 901	104 504	93 135	-11 369
Salgsinntekter	-3 892	-2 832	-4 096	-1 264
Refusjoner	-8 874	-13 351	-4 451	8 901
Overføringsinntekter	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 348	-1 190	-2 180	-990
Sum Driftsinntekter	-14 114	-17 373	-10 726	6 647
Netto resultat	74 787	87 131	82 409	-4 722



Status måltabell

Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Attraktive Voss	11 - Bærekraftige byer og lokalsamfunn 13 - Stoppe klimaendringene 12 - Ansvarlig forbruk og produksjon 08 - Anstendig arbeid og økonomisk vekst 09 - Industri, innovasjon og infrastruktur	Voss herad skal ha ein berekraftig økonomi	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)		1,4 %	-0,6	Vesentleg dårlegare resultat enn målnivå på grunn av høg prisvekst og uføresette utgifter.
Inkluderande Voss	10 - Mindre ulikhet 05 - Likestilling mellom kjønnene 03 - God helse og livskvalitet	Sjuefråværsprosenten skal reduserast med 10% samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018 innan 2022 (IA avtalen).					
		Voss herad har som mål å ta inn lærlingar i fleire fag og auka talet læreplassar i løpet av perioden.	Tal lærlingar	19	22	18	Auke frå 17 i 2021, men likevel under målnivå.
Innovative Voss	16 - Fred, rettferdighet og velfungerende institusjoner	Voss herad leggjer til rette for universelt utforma og digital kommunikasjon med innbyggjarane.	Brukarar av Mi side for sjølvbetening	9 800, 0	11 000, 0	12 000, 0	I overkant av 12.000 sidevisningar dei siste 12 mnd.

**KOSTRA Nøkkeltal****Kostranalyse**

	Voss herad 2021	Voss herad 2022	Kinn	Stord	Aurskog- Høland	Kostragruppe 07
Prioritet						
Administrasjon	4 906	4 848	5 475	3 477	4 692	4 088
nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **)						
Brutto driftsutgifter til funksjon 130	449	513	458	533	702	502
Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B) *) **)						
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B)	7,0 %	6,5 %	7,6 %	5,3 %	7,7 %	6,5 %
Netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innbygger (B) *) **)	145	147	45	93	215	165

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak**Rammeendringer i økonomiplanen**

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
--------	---------------	--------	--------	------------

Vedtak forrige periode

Redusera administrasjon	858	I arbeid		
Sum	858			

Budsjettendringer

Redusera administrasjon	-1 300	I arbeid		
Sum	-1 300			

Politisk vedtak

HST 16.12.21 auke klimapott	400	I arbeid		Nytta til klimatiltak i landbruk der verksemdar kunne søkja om midlar til tiltak.
Sum	400			

Nye tiltak

Digitalisering	2 700	I arbeid		
Sum	2 700			



Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
--------	---------------	--------	--------	------------

Sum tiltak	2 658			
-------------------	--------------	--	--	--

Rammeendringar gjennom året*Beløp i 1000*

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
--------	---------------	--------	--------	------------

Budsjettendringer

Eingongstiltak - Implementeringskostnader til nytt saks-arkivsystem	2 000	I arbeid		Midlar nytta til lisensar, opplæring og eingongsutgifter ved implementering av nytt sak- og arkivsystem. Utgifter med overgangen vart høgare enn estimert.
--	-------	----------	--	--

Sum	2 000			
------------	--------------	--	--	--

Sum tiltak	2 000			
-------------------	--------------	--	--	--

Status investeringsprosjekt*Beløp i 1000*

Investering	Budsjett for året			Kommentar
	Rev.	Rekneskap	bud.	
Dagsturhytte	0	462		Arbeidet med å finna tomt, som har mogelegheit til parkering av bilar og ein gangtur på om lag ein halvtime enda med ei fin plassering på Klepp ovanfor Raugstad. For å koma opp til Dagsturhytta er det vel ein halvtimes gange frå parkeringsplassen på Raugstad, etter stiar, og langs skogsveg. Arbeidet med å rydda tomt samt fundamentera og etablera ein nedgraven kum til utedo vart utført i juli. Sjølv hytta som var bygd i ferdig element, vart flogen opp og montert i siste halvdel av oktober. Monteringsarbeid vart deretter utført og hytta vart overlevert i slutten av november. Gjenståande arbeid før opning er overflatebehandling innvendig, samt bygging av utvendige rampar for å fanga opp terreng høgda rundt hytta. Planlagt ferdigstilling i siste halvdel av mai 2023. Ingen uhell som førde til fråvær i byggeprosjektet. Det vil tilkoma spelemidlar både til sjølv hytta og toalettet etter ferdigstilling.
Nettverk 2025	260	337		Prosjektet var ikkje i tråd med plan, grunna utfordringar knytt til levering av hardware. Forseinking vart henta inn i løpet av året 2022. Prosjektet vart finansiert frå tidlegare unyttta lånemidlar til digital infrastrutur (291.99.190).
Teknisk inventar i kontorbygg, knutepunktet	1 450	592		Investeringa gjeld nettverksutstyr/infrastruktur og AV utstyr til knutepunktet. Meir spesifikt er det kjøpt inn og montert utstyr for trådløsdekning i alle leigde areal, skjermar til møterom og videokonferanseutrusting. Investeringa er ferdig, med eit lite meirforbruk. Det er ført noko på prosjektkoden som ikkje er



Investering	Budsjett for året	
	Rev.	Rekneskap Kommentar
	bud.	relatert til nettverksutstyr/infrastruktur og AV utstyr, som gjer at det vert eit noko større avvik.
Sum	1 710 1 390	



Plan, næring og forvaltning

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet har ansvar for at kommunen vert utvikla i tråd med gjeldande planar og vedtak, innan offentlege og private arealplanar, byggesak, oppmåling og næring. Eininga skal bidra til å skapa gode fysiske bumiljø, leggja til rette for næringsutvikling og ivareta kommunen sin eigenart. Vidare har eininga ansvar for å sikra bruk og vern av kommunen sine areal- og naturressursar, samt sikra samfunnet si trong for stadbunden informasjon. Tilskot til næring, konsesjonskraft og disponering av kraftfond ligg også her. Voss herad har vedteke strategisk næringsplan og tilsett næringssjef som kan endra heradet si rolle og arbeidet med næringsutvikling. Det er i tillegg utarbeidd reiselivsplan for berekraftig reiseliv på Voss.

[Plan, næring og forvaltning](#)

Status og utfordringar

Me må halda fram med å nytta ressursane våre så effektivt som mogleg.

Nøkkelen til å lukkast kan vera:

- Å prioritera kva oppgåver me skal gjennomføra. Når oppgåvene er definerte, må me finna dei mest effektive måtane å løysa oppgåvene på.
- Å sikra seg gode team av tilsette som kan utfylla kvarandre på ein god og effektiv måte.
- Å ha fokus på godt samarbeid og høg produktivitet med god fagleg kompetanse.
-

Lønnskostnader er største utgifta for tenesteområdet, men i tillegg kjem store kostnader til kartlisensar. Våre viktigaste oppgåver er å forvalta plan- og bygningslova, matrikkellova, jordlova, skoglova og konsesjonslova, i tillegg til å forvalta statlege oppgåver på landbruksida, inklusiv arbeidet med landbrukstilskota. Me skal og vera gode tilretteleggjarar for god samfunnsutvikling. Det betyr å møte ein profesjonell marknad med høg kompetanse og profesjonelt nivå.

Voss herad må vera langt framme i bruk av teknisk utstyr og nye hjelpemiddel, samt vera utadretta og løysingsorienterte med fokus på å løysa oppgåvene i lag med kundane.

Tenesteområdet består i dag av gode team som kan tena alle dei ulike oppgåvene.

Hovudprioriteringar

- Vidareutvikla Vossevangen til det viktigaste regionsenteret for indre deler av Vestland med levande lokalsenter kringom i distrikta.
- Bidra til at heradet når måla i kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel.
- Møta utfordringa med manglande eigedomstilhøve i utmark både innan landbruksforvaltning og oppmåling.
- Møta innbyggjarane sine behov for meir digitale tenester, og eit herad som ser deira behov.
- Gjennomføra statlege forventingar innan landbrukspolitikken.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Plan - sakshamsaming	3 590	3 985	4 055	4 177	191
Bygge- og delesak	-380	-455	-1 185	-1 114	-659
Kart og oppmåling	3 044	2 828	3 143	3 373	545



Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Tilrettelegging og bistad for næringslivet	14 578	30 552	14 715	14 740	-15 812
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling	3 279	2 859	3 028	3 576	717
Sum	24 111	39 769	23 755	24 751	-15 018

Kommentar til status økonomi

Tilrettelegging og bistand for næringslivet viser netto mindreinntekter i høve budsjett med 15,8 mill kr, og utgjør hovudårsaka til avvik innafor tenesteområdet samla sett. Dette er ikkje eit reelt avvik, men eit teknisk avvik, då bruk av bunde fond er synleggjort i sentralt skjema (1A), men utgifta knytt til denne fondsbruken er ført på tenesteområdet. Avviket på bruk av bundne fond utgjør 15,5 mill. kr og gjeld i hovudsak bruk av midlar frå Kraftfondet. Praksis er i løpet av 2022 endra frå føring på utbetalingstidspunkt til vedtakstidspunkt. Dette medfører at Voss herad sin rekneskap frametter vil vera oppdatert med omsyn til disponerte og tilgjengelege midlar i Kraftfondet. Om ein ser vekk ifrå dette, syner tenesta netto korrigerert meirforbruk med omlag 0,3 mill, og gjeld kostnader i samband med strategisk næringsplan.

Plan - sakshandsaming representerer netto meirinntekter med 0,2 mill. Overskotet skuldast i hovudsak at det er motteke lønsrefusjon for tilsett i barselpermisjon utan at det har vore tilsett vikar.

Bygge- og delesak er eit eige sjølvkostområde, og viser netto meirforbruk med vel 0,6 mill. kr. Tenesta hadde 0,3 mill. kr i mindreforbruk på løn grunna vakanse og sjukmelding utan at det vart sett inn vikar. Vidare vart eit gammalt krav i underkant av 0,6 mill. kr avskrive som tap. Noko nedgang i gebyrbelagte saker i 2. halvår gav reduserte inntekter på nær 1 mill. kr. Det har likevel vore stor aktivitet, og 530 saker er handsama. Av desse er ca 95 % handsame i tråd med vedtekne fristar utan reduserte gebyr. Sjølvkostrekneskapen gjekk med underskot med 1,7 mill. kr, som vart dekkja av sjølvkostfondet for byggesak.

Kart og oppmåling har eit netto mindreforbruk med 0,5 mill som kan knytast til Kartverket. Her har det ikkje vore kostnader dette året, og det har samstundes kome refusjon av partskonto. Ein del av tenesta, oppmåling, er gebyrbelagt gjennom sjølvkost. Sjølv om gebyrinntektene var 0,2 mill høgare enn budsjettet, gjekk sjølvkost-rekneskapen med 0,3 mill. kr i underskot, og vart dekkja med sjølvkostfond.

Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling har netto meirinntekter/mindreforbruk på 0,7 mill. kr. Jordkarbonprosjektet vert dekkja av tilskot frå fylket, og viser netto meirinntekter med 0,3 mill i 2022. Avviket skuldast periodiseringar mellom år. HST vedtok 16.12.2021 i sak 86/21 Årsbudsjett 2022 å løyva 0,4 mill. kr til auka klimapott særleg retta inn mot landbruket. Her det rekneskapsført kr 150.000, noko som medfører mindreforbruk på 250 000 kr.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	17 263	16 646	16 468	-178



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 858	3 617	3 650	33
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3 017	2 825	2 530	-295
Overføringsutgifter	34 441	30 458	11 800	-18 658
Finansutgifter	3 083	1 500	1 500	0
Sum Driftsutgifter	61 661	55 046	35 948	-19 098
Salgsinntekter	-9 195	-6 152	-7 479	-1 327
Refusjoner	-28 355	-7 116	-2 919	4 197
Overføringsinntekter	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-2 010	-800	1 210
Sum Driftsinntekter	-37 550	-15 277	-11 198	4 080
Netto resultat	24 111	39 769	24 751	-15 018

Status måltabell

Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Attraktive Voss		Leggja til rette for god infrastruktur med god kapasitet som vegar, jernbane, kai, breiband	Byggesaker handsama innafor tidsfrist fastsett i Plan- og bygningslova	100,0 %	100,0 %	95,0 %	

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Voss herad 2021	Voss herad 2022	Kinn	Stord	Aurskog- Høland	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutgifter per innbygger (302) byggesaksbehandling og eierseksjonering (B) *) **)	-90	78	212	73	12	76
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging per innbygger (B) *) **)	318	523	643	364	137	424
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger (B) *) **)	171	199	215	83	144	106
Kvalitet						



Dispensasjonssøknader i alt Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	20	26	41	41	18	46
Søknader i samsvar med plan Byggesøknader i alt Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	10	23	31	17	6	24
Andre nøkkeltal						
Område- og detaljreguleringsplaner vedtatt av kommunen siste år (B)	6	8	9	2	2	157

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		Kommentar
	Rev.	Rekneskap bud.	
Flaumsikring Skielva	313	1 500	Arbeidet er ferdig utført i 2022. Voss herad har fått utbetalt tilskotet frå NVE som saman med budsjetterte midlar frå Voss herad gjer at prosjektet vart utført innafor vedtekne rammer.
Industrifelt istad	0	381	Det er ikkje rekneskapsført inntekter for tomtesal i 2022. Kostnader gjeld gebyr og avgifter ved sal utført i 2021. Omlag 53% av tomtearealet er selt, og dialogen med aktuelle kjøparar held fram. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjekt 6884 Industrifelt Istad - byggetrinn 3.
Industrifelt Istad - byggetrinn 3	0	56	Sjåast i samanheng med prosjekt 6850 Industrifelt Istad.
Sum	313	1 937	

Samferdsel

Skiltring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvestering i kommunale vegar, inklusiv kommunale gang- og sykkelvegar samt Voss flyplass Bømoen.

Voss herad har 300 km kommunal veg (Voss: 242 km, Granvin 47 km, del av Ullensvang 12). Noko under halvparten har fast dekke og resten er gruslagt. Voss herad har 6 km gang- og sykkelveg, omlag 120 bruer og 6 tunnelar. Avdelinga har òg ansvar for flaumsikringstiltak.

Eininga har ansvar for verkstad som driftar og vedlikehald kommunale bilar samt maskinpark for heile Voss herad. Eiga anleggsavdeling tek mindre utbyggingsoppgåver og vedlikehaldsarbeid.

Voss flyplass Bømoen er ein flyplass til ikkje almen bruk. Voss fallskjermklubb er ein stor brukar av flyplassen i tillegg til flyklubbar og eit helikopterselskap med tilhald i tilknytning til flyplassen. Det er søkt ny konsesjon for inntil 10 000 bevegelser årleg.

[Samferdsel](#)



Status og utfordringar

Heradet fekk vedteke ein ny Trafikksikringsplan for Voss i desember 2021. Med denne som grunnlag vart det søkt om trafikksikringsmidlar, og heradet fekk tilsagn på 1,5 mill. kr, fordelt med 1,25 mill. kr til Brynalii og 0,25 mill. kr til trafikksikringstiltak rundt Gullfjordingen skule.

Eit av måla til tenesteområdet var å optimalisera bruk av maskinpark og teknisk mannskap. Bygg og eigedomsavdelinga og vegdrift har nytta eigen maskinpark betre gjennom sambruk av maskinparken. Dette arbeidet vil halda fram vidare for å effektivisera og auka bruken av maskiner ytterlegare. Det har vorte nytta ekstern entreprenør for realisering av del 1 av utbyggingsavtalen med Brynali 102, med oppgradering av vatn, avløp og veg i Brynamoen og i deler av Brynali. Arbeidet med realisering av VA og Veg i Brynali held fram i 2023. Det har også vore utført arbeid på Bjørkevegen i tråd med tidlegare inngått utbyggingsavtale med IHM. Det vart utarbeidd utbyggingsavtale med NOBI for slutføring av Bjørkevegen. I 2023 kan det verta aktuelt å inngå 5 nye utbyggingsavtalar med heimel i nye detaljreguleringsplanar.

Ljosregulering av Lekvemokrysset kom eit steg vidare mot realisering, og arbeidet held fram i 2023. Det vart tilført ekstra midlar til asfaltering hausten 2022, noko som gav fleire oppgraderte vegar med asfaltdekke.

Anleggsavdelinga har utført mykje vedlikehald på kommunale vegar med eige utstyr og mannskap. Oppgradering av Giljavegen har vore eit stort vegprosjekt i eigen regi. Voss herad deltek som ein av 4 kommunar i eit pilotprosjekt kalla FlomRisk. NVE er prosjekteigar og hovudmålet å finna fram til betre lokal varsling av flaum. Teknisk drift er aktivt med i gruppa som arbeider med dette.

Hovudprioriteringar

- Effektiv drift av vegnettet tilpassa gitte økonomiske rammer
- Auka tilrettelegging for mjuke trafikantar
- Følgja opp og revidera prioriteringslista for utbetring av kommunale vegar
- Digitalisering av vegnettet til NVDB (NorskVegDataBase).
- Retting av feil i vegnettet (databasen) og revidering av eksisterande skiltplanar. Arbeidet vil halda fram i 2023
- Halda fram arbeidet med å redusera tal km kommunal veg, då Voss herad har svært høgt tal km kommunal veg i høve til innbyggjartalet
- Få til samarbeid med offentlege og private aktørar for å oppgradera det kommunale vegnettet i spleiselag, då det er stort etterslep på vegvedlikehald
- Utarbeiding av hovudplan Veg i 2023
- Følgja opp ansvar og plikter i utbyggingsavtalar, samarbeidsprosjekt og eigne prosjekt.
- Utbetring av bruer i samsvar med tilstandsrapportar.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap		Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
	2021	2022			
Samferdsle	47	397	198	202	-195



Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Kommunale	27 952	36 710	27 782	35 091	-1 619
vegar,miljø,traikksikr,parkering					
Sum	27 998	37 107	27 980	35 293	-1 814

Kommentar til status økonomi

Totalt endte tenesteområde samferdsel opp med eit meirforbruk på omtrent 1,8 mill. kr i 2022. Anleggsavdelinga enda med eit meirforbruk på 0,3 mill. kr. Overforbruket skuldast i hovudsak mindre inntekter enn budsjettet for verkstaden.

Kommunale vegar enda med eit meirforbruk på totalt 1,2 mill. kr. Det har vore store utgifter til snøbrøyting og strøing, eit meirforbruk på totalt 4,2 mill. kr. Det vart tilført 5,3 mill. kr til asfaltering hausten 2022. Det vart brukt vel 4 mill. kr av desse midlane før vinteren sette inn.

Det er utført mykje arbeid på vegnettet. Når meirforbruket på vintervedlikehaldet vart kjent, vart noko arbeid sett på vent for å unngå eit større meirforbruk. Bømoen flyplass hadde eit meirforbruk i 2022 på 0,19 mill. kr. Meirforbruket skuldast høgare utgifter til vedlikehald. Sprekker i asfalten på rullebanen måtte reparerast for at flya skulle kunna nytta flyplassen.

Stikkord om bakgrunn for meirforbruket i 2022:

- Auka straumkostnader.
- Auka kostnader til snøbrøyting/strøing.
- Det har vore ein sterk prisauke innan varer og tenester. Teknisk nyttar byggkostnadsindeks for "Veg i dagen". Denne er på **15,7 %** i 2022. Vinterdrift, dvs. justering av brøytekontraktar steig med **16,7 %**. Til samanlikning ligg konsumprisindeksen for 2022 på **6,8 %**.
- Dieselpriisen nær dubla seg i 2022.
- Programvarelisensar auka kraftig.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	7 424	8 870	11 580	2 710
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	21 387	28 938	24 638	-4 300
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3	0	0	0
Overføringsutgifter	7 065	6 733	5 253	-1 480
Finansutgifter	1	2	0	-2
Sum Driftsutgifter	35 880	44 542	41 471	-3 071
Salgsinntekter	-325	-333	-462	-129
Refusjoner	-7 557	-7 102	-5 716	1 386
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-7 881	-7 435	-6 178	1 257



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Netto resultat	27 998	37 107	35 293	-1 814

Status måltabell

Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Attraktive Voss	09 - Industri, innovasjon og infrastruktur	Alle kommunale vegar skal minimum 10 tonn akseltrykk (50 tonn totalvekt)	Oppgradering av alle kommunale vegar til minimum 10 tonn akseltrykk			2 920	Totalt i 2022 vart omtrent 2,9 km oppgradert, fordelt på tre ulike vegar
		Tilpassa aktivitet og utgiftsnivå for drift av kommunalt vegnett til gitte rammer	Tal kilometer kommunal veg omklassifisert i løpet av året	2	4	3	

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Voss herad 2021	Voss herad 2022	Kinn	Stord	Aurskog- Høland	Kostragruppe 07
Prioritet						
Andel netto driftsutgifter for samf. i alt av samlede netto driftsutg (B)	3,2 %	3,5 %	2,7 %	1,2 %	1,7 %	2,1 %
Netto driftsutgifter i kr pr. innbyggere, komm. vei er og gater (B) *)	2 411	2 792	1 585	1 073	1 090	1 401
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Samferdsel (B) *) **)	2 420	2 821	2 140	824	1 090	1 419
Produktivitet						
Brutto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B) *)	81 903	100 292	72 267	103 757	71 726	96 723
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B) *)	132 979	150 678	148 717	190 342	107 285	174 733



Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B) *)

Dekningsgrad

Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger

Antall parkeringsplasser skiltet for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)

Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)

Kvalitet

Andel kommunale veier og gater uten fast dekke

Grunnlagsdata (Nivå 3)

Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede

Kommunal vei og gate. Antall kilometer

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak**Rammeendringer i økonomiplanen**

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
--------	---------------	--------	--------	------------

Budsjettendringer

Omklassifisere vegar, plassar, bruer	-200	I arbeid	–	Revisjon av NVDB har gitt 1000m reduksjon kommunale vegar.
---	------	----------	---	--

Sum	-200
------------	-------------

Sum tiltak	-200
-------------------	-------------



Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		Kommentar
	Rev.	Rekneskap	
	bud.		
Bjørkemoen utbetring veg/VA	0	2 489	Det er kostnadsført totalt 3 mill i 2022. Det er utført VA-arbeid for 0,5 mill som skal kostnadsførast på VA. Voss herad har fått tilført 3,2 mill frå IHM i samsvar med utbyggingsavtale, der 1,2 mill er sett av i rekneskapen til framtidig arbeid. Det er inngått utbyggingsavtale med NOBI A/S for utbetring av vegen frå nedkøyrsele til NOBI og fram til vegbru over Horgjolo, som er del 3 av opprusting Bjørkevegen. Arbeidet startar opp i mars 2023 og skal vera ferdig juli 2023.
Bjørkevegen - vegfond (inv)	0	18	Avtale om grunn til kommunal veg. Sjølvvegearbeidet var gjennomført tidlegare år.
Brynalii vegforsterking o.v.	0	1 903	Prosjekt for forsterking og betre handtering av overvatn av kommunal veg i Brynalii. Rekneskapen viser kostnader med 1,9 mill kr. Fylkeskommunen har gjeve tilsegnom utbetaling av 1 mill når prosjektet er ferdig utført. Rest vert finansiert av løyvde midlar i 2023 til Brynalivegen på 4 mill kr.
Diverse anleggsmaskiner	3 000	2 293	Kjøp av maskiner/utstyr til driftsavdelinga til bruk i tenesteområde kommunale vegar (vedlikehald og utbetring sommar/vinter) og tenesteområde vatn/avløp. I 2022 er det mellom anna kjøpt ein tidlegare leasing lastebil og utstyr for kantklypping og spreining av sand/salt. I tillegg er det kjøpt inn anleggsrekkverk i betong og gjort investering i ventilasjonsanlegg på bygget med adressa Brynavollen.
Dyrvedalsvegen Rekve - Røthe ved-anlegg	0	2 063	Arbeidet med Dyrvedalsvegen Rekve - Røthe veg-anlegg er starta opp i 2022 og vil halda frama i 2023. Vert finansiert av løyving til veginvestering/vegpakke.
Finnesvegen - Eskelandsvegen trafikksikringstiltak	0	798	Arbeidet er starta opp i 2022 og vert ferdig utført i 2023. Voss herad har fått tilskot frå Fylket på kr. 250.000 og kr. 500.000.- frå Statens Vegvesen, som vert utbetalt etter at arbeidet er ferdig utført. Resterande finansiering vert henta frå løyving til trafikksikringsmidlar.
Giljavegen Breidablikk - Gjelle veg-anlegg	0	2 038	Giljavegen Breidablikk - Gjelle veg-anlegg stod ferdig utført i 2022, og vert finansiert av løyving til veginvestering/vegpakke.
Nyre bustadfelt, gangbru over Vosso, veg (06/2022)	0	8 496	Utbyggingsavtale mellom Nyrefeltet AS og Voss herad, der utbyggjar har teke kostnad med opparbeiding av infrastruktur. Anlegget vert overlevert vederlagsfritt til Voss herad. Det er inngått justeringsavtale av meirverdiavgift (mva) på kapitalvarer, slik at utbyggjar får refundert mva-kostnad over ein 10-års periode. Vert synleggjort i denne oversikta som ein kostnad i rekneskapen, men er i realiteten eit nullsum-spel.



Investering	Budsjett for året		Kommentar
	Rev.	Rekneskap	
	bud.		
			Justering av utbyggjar sine kostnader til gangbru starta i 2022, og vil såleis ha siste år i 2031.
Nyrebru	0	4 688	Det er her kostnadsført totalt 4,8 mill. Det er eit overforbruk på kr. 157.000.- i høve til budsjett der beløp i utbyggingsavtalen ligg til grunn. Dette skuldast ekstra kostnad med VA som er lagt under brua og vert finansiert frå VA.
SIVLEVEGEN NEDST - VEGFOND (INV)	0	210	Masseutskifting og asfaltering av kort vegparsell. Kostnadsført 0,2 mill kr som vert finansiert frå veginvestering/vegpakke.
Trafikksikringstiltak	625	0	Samla løyving til trafikksikringstiltak. Midlane vert nytta til ulike tiltak på kommunale vegar. I 2022 har midlane finansiert Finnesvegen - Eskelandsvegen trafikksikringstiltak, sjå ovanfor.
Tvildemoen kryss E16 Regimentsvegen	0	180	Kostnader med trafikkanalyse - kryssområde riksveg 13 ved Tvildemoen, finansiert frå tidlegare innbetalt anleggsbidrag Tvildemoen som har stått på bunde fond.
Tymbrålen veg-OV anlegg	0	1	Avtale om grunn til kommunal veg. Sjølve vegarbeidet var gjennomført i 2021.
Utbyggingsavt. Brynalii 102 politistasjonen	3 181	2 992	Arbeidet er ferdig utført for del 1, men står att endeleg avklaring kring ekstra arbeid som er utført samt krav om regulering etter prisindeks. Det er kostnadsført totalt 4,2 mill der 1,2 mill er ført til vatn og avløp samla, og finansiert med unytta lånemidlar til hovudplan VA. Hovuddelen av prosjektkostnaden er kostnadsført kommunal veg med 3 mill. Gjennomført arbeid er i tråd med inngått utbyggingsavtale, og kostnad er i samsvar med vedteke budsjett. Arbeidet er finansiert i samarbeid med utbyggjar gjennom utbyggingsavtale. Del 2 av prosjektet er starta opp i februar 2023 og vert ferdigstilt våren 2023. Dette gjeld resten av vegen frå politistasjonen og fram til vegkryss ved Martin Lid A/S.
Utbyggingsavtale Knutepunktet	4 444	3 555	I utbyggingsavtale i samarbeid med Bane Nor om Knutepunktet står det at Bane Nor skal "besørge og bekoste opparbeidelse av alle rekkefølgebestemmelser i reguleringsplan". Voss herad har i same avtale forplikta seg til å betala sin andel med 3,5 mill kr.
Veginvestering/vegpakke	3 069	0	Løyving med 3,1 mill som vert nytta til investering i kommunale vegar. I 2022 har midlane finansiert veg-anlegga Giljavegen Breidablikk - Gjelle og Dyrvedalsvegen Rekve - Røthe, sjå ovanfor.
Ænsmoen forsterking/utbetring VEG og OV	0	15	Avtale om grunn til kommunal veg. Sjølve vegarbeidet var gjennomført i 2020-2021.
Sum	14 319	31 738	



Eigedom og bustad

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvestering i kommunale bustader, eigedomsforvaltning og kommunale grønt- og friområde. Formålsbygg er sortert under ulike andre tenesteområde, og skal omtalast der. Dette gjeld:

Administrasjonslokale (tenesteområde administrasjon og leing), skulelokale (tenesteområde grunnskule), barnehagelokale (tenesteområde barnehage), institusjonslokale (tenesteområde omsorg), kommunale idrettsanlegg/bygg, samt kommunale kulturbygg (dei 2 siste under tenesteområde kultur og fritid).

Avdeling Bygg og eigedom (BOE) utfører tenester for nær alle tilsette i Voss herad. Dette betyr eit spesielt fokus på å samarbeida på tvers av kommunalavdelingane.

Reinhaldarane vart formelt flytt over i Bygg og eigedomsavdelinga pr 1.1.2021 og er samla i ei eiga, felles avdeling under Bygg og eigedom. Avdelinga er framleis under utvikling.

Tenesteområdet har ansvar for generell forvaltning av kommunale bygg og eigedomar, uavhengig av om dei er i drift eller ikkje. Kommunen har også tilbod om bustad til innbyggjarar som ikkje klarer å skaffa eigen bustad sjølve, personar med låg buevne og innbyggjarar som har behov for tilpassa bustad. Den kommunale bustadmassen er jamt fordelt på fleire eigarar; Voss herad, Voss bustadstifting, Voss eigedom AS og Granvin bustadstifting.

Tenesteområdet har også ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale parkar, friområde, leikeplassar/nærmiljøanlegg, idrettsanlegg, badeplassar, utandørsanlegg ved skular/barnehagar/omsorgsbygg/administrasjonsbygg, samt vintervedlikehald og drift av gangveggar og andre mindre samferdsleanlegg.

I Voss herad har park og idrett samarbeid med kyrkja om drift og vedlikehald av gravplassar og anlegg kring kyrkjene, samt graving i samband med gravferder.

[Eigedom og bustad](#)

Status og utfordringar

Flaumen 11.-12. november 2022 gjorde stor skade i heile heradet og førte til mykje ekstraarbeid, ikkje minst for BOE. Viser til eige kapittel under Særskilde område.

For å nå hovudprioriteringane i økonomiplanen er det gjennomført ei rekkje tiltak på den kommunale bygningsmassen; tilstandsanalysar på alle formålsbygg. Det er utført tilstandsanalyse på formålsbygg eldre enn 10 år for å setja fokus på trongen for og prioritering av vedlikehaldet.

Målet er å kartleggja tilstanden på dei ulike bygga iht. NS3424, nivå 1, visuell synfaring. Referansenivå på tilstandsanalysen er sett til standard/krav ved byggjeår. Tilstandsanalysen legg grunnlaget for ein plan for vedlikehald og utvikling av bygga, med eit vurderingsperspektiv på 10 år. I tillegg er det utført kostnadskalkyle for utbetringstiltaka.

Enøk-analyse har som føremål å definera energitilstand på bygget og fremja lønsame og verknadsfulle energitiltak i prioritert liste med tiltaksløysingar. Rapporten gjev oversyn over U-verdiar, ytingar for tekniske anlegg, økonomiske innsatsmidlar og andre føresetnader for å oppnå ynskt resultat.

Byggdriftarane i Voss herad jobbar kvar dag for å optimalisera drifta av formålsbygga våre. BOE har automatisert store delar av bygningsmassen, og utnyttar dei fordelane sentrale styringssystem gjev. Ynsket er å etablere eit Energi Oppfølgings System (EOS), kor me får energidata frå våre nettselskap.



Dette vil gje eit grunnlag for god kontroll og høve for styring og prioritering av enkeltbygg, og prioritera ENØK-tiltak i tråd med tilrådte tiltak frå tilstandsanalysane.

Arbeidet med å få inn alle opplysningar om våre formålsbygg, bustader og eigedommar pågår for fullt og mange har teke i bruk Famac som det kommunikasjonssystemet det er meint å vera. Famac vil betra kommunikasjonen, og me vil verta meir effektive med omsyn til oppfølging av brukarane. Det har også integrasjon med heradet sitt nye kvalitetssystem Compilo, og dette vil me vurdere å ta i bruk. Handverkarane jobbar med heradet sin bustadmasse, og bidreg også inn i andre prosjekt som BOE gjennomfører på bygga våre. Det er mange kommunale husvære som er ute av drift i påvente av beslutningar om sanering eller eventuelt sal. Det er eit kontinuerleg behov for oppussing av eksisterande bustadmasse.

Ved slutten av 2022 kom det på plass lovverk som gjev kommunen høve til å avvikla dei kommunale bustadstiftingane utan å måtte betala dokumentavgift ved overføring av heimlane. Dette arbeidet tek til i 2023.

I reinhaldsavdelinga har ein hatt fokus på å betra samhandling, auka status på reinhaldsfaget og profesjonalisera reinhaldstenestene. Målet er flest mogleg tilsette med 100 % stilling. Det er ved utgangen av 2022 49 tilsette i 100 % stilling. Nokre ynskjer sjølv ein lågare stillingsprosent. Vidare er det eit mål at flest mogleg reinhaldarar skal ha fagbrev. 20 medarbeidarar har pr utgangen av 2022 fagbrev i reinhaldsfaget, i tillegg er 9 tilsette i gang med teoridelen og 3 venter på å få gjennomført siste del - praksisprøve. Felles avdeling gjev moglegheiter til å bruka personalet på tvers av einingar der det er størst behov.

Prosjekt og utvikling

Eit viktig mål då avdelinga for Prosjekt og utvikling vart etablert, var å skapa ein samanheng gjennom alle fasar i utbyggingsprosjektet, med god forankring mot brukarane og dei overordna planane og måla i Voss herad. I 2022 har alle som jobbar med prosjekt i Prosjekt og utvikling og BOE jobba tett i dei ulike fasane av nye prosjekt. BOE og Prosjekt og utvikling har etablert byggjeprojekthandbok. Dette arbeidet har bidrege til å byggja opp system og rutinar for alle typar prosjektarbeid, og gjev betre kvalitet og styring i alle prosjektfasane.

Prosjekt i 2022

Voss ungdomskule: Oppstart av prosjektet i april 2022. Bygging pågår og skal vere ferdig innan desember 2023.

Barnehage Granvin: Reguleringsplan godkjent. Det kan vere mogleg å få oppstart bygging 2023.

Bjergum skule: Nye ventilasjonsanlegg ferdigstilt.

Aktivitetsparken: Arbeidet med landskapsforming, amfi og murar vart fullført i 2022. Arbeidet med rulleparken og resten av parkarealet vart også ferdigstilt 2022, og parken opna juni 2022. Det er komen på plass eit flott område som inviterar innbyggjarane til aktivitetar. Samarbeidet med frivillige som har arbeidd med finansiering i spleiselag med heradet, har vore utslagsgjevande for at aktivitetsparken har vorte realisert så raskt.

Hovudbrannstasjon: I 2022 vart det gjennomført skisseprosjekt, og arkitektfirma vart valt i desember 2022. Arbeid med plan, prosjektering og anbudsprosess er prioritert i 2023.

Brannstasjon på Vinje: Stod ferdig november 2021 og vart offisielt opna april 2022. Huset har fått namnet Beredskapshuset.

Produksjonskjøkken: Arbeidet med nytt storkjøkken som tilbygg på Vetteflaten starta opp i 2020 og vart ferdig og opna i november 2022. Bygget inneheld kjøkken som produserer mat til alle institusjonane på Voss.



Vangen Skule trinn 1: Arbeidet med opprusting av Vangen skule tok til i 2021 og vart i all hovudsak fullført i 2022.

Fallunderlag leikeplassar: Det er i 2022 etablert fallunderlag på leikeplassar på 10 skular i Voss herad. Her har egne resursar frå avdeling Park og idrett gjort grunnarbeidet og soleis bidrege til å få kostnadane ned.

Dagsturhytta: BOE har bidrege i samarbeid med kulturavdelinga til å få dagsturhytta på plass på Klepp opp mot Hanguren.

Bergsliparken: Moglegheitsstudie er gjennomført og oppdrag tildelt Bruket arkitektur. Vidare arbeid vert truleg starta vår 2023. Det er sett av 1 mill. kr som skal nyttast til fyrste trinn i prosjektet.

Hovudprioriteringar

- Utvikla bygningsmassen med omsyn til brukarane sine behov.
- Optimalisera byggdrafta spesielt med tanke på ENØK og inneklima, gjennom bruk av tilstandsanalysar og egne prioriteringar på vedlikehald.
- Følgja opp ansvar og plikter i utbyggingsavtalar, samarbeidsprosjekt og egne prosjekt.
- Utøva god eigedomsforvaltning ved å optimalisera og tilpassa tal og type bygg til behov, slik at unytta bygg vert omdisponert eller avhenda.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Eigedomsforvaltning	10 844	11 505	18 423	20 191	8 685
Interne serviceeiningar	0	0	401	25	25
Kommunalt disponerte bustader	2 996	4 164	570	4 619	455
Parkar og plassar	-2 242	5 490	5 277	5 368	-122
Sum	11 598	21 159	24 671	30 202	9 043

Kommentar til status økonomi

Bygg og eigedom famnar breitt og er knytt til mange tenester. Rekneskap for administrasjonslokale, skulelokale, barnehagelokale, institusjonslokale, kommunale idrettsanlegg/bygg og kulturbygg vert ført til egne tenestemråde. Tenestemrådet utgjør i hovudsak aktivitet innafor kommunalavdeling tekniske tenester.

Tenestemråde Eigedom og bustad viser samla sett eit netto mindreforbruk med 9 mill. kr. I revidert budsjett har det vorte tilført midlar for å dekkja dei høge straumkostnadane. Dette vart dekkja inn med meirinntekter frå sal av konsesjonskraft med 12,7 mill. kr totalt for alle tenestemråda. For tenestemråde Eigedom og bustad utgjør auken 0,8 mill.

Eigedomsforvaltning viser netto mindreforbruk på nesten 8,7 mill. kr. Den største årsaka er vakante stillingar, som utgjør 4,7 mill. kr, saman med meirinntekter sjukeløn på 0,7 mill. kr. I tillegg kjem 1,6 mill. kr i refusjon frå investeringsrekneskapen for prosjekt- og byggeleing. Resterande avvik på 1,7 mill. kr skuldast fordeling av lønskostnader ut i frå faktisk bruk, medan budsjettet ikkje har vorte justert tilsvarande. Det er særleg tenestene skulelokale og institusjonslokale som har fått høgare lønskostnader enn budsjettet.



Kommunalt disponerte bustader viser eit mindreforbruk på 0,4 mill. kr. I revidert budsjett fekk prosjekt Ukraina tilført midlar på 3,5 mill. kr. Prosjektet ender opp med netto mindreforbruk/meirinntekter på 2,3 mill. kr innanfor teneste kommunalt disponerte bustader. Årsak til mindreforbruket er at bebuarane mottek faktura som vert refundert frå NAV og derfor ikkje belasta bygg og eigedom sin rekneskap. Dersom ein ser bort ifrå posteringar til prosjekt Ukraina, så har teneste eit meirforbruk på omtrent 1,8 mill. kr. Dette skuldast mindreinntekter husleige i høve budsjett med 1,5 mill. kr og meirforbruk breiband med 0,3 mill. kr.

Parkar og plassar viser eit lite meirforbruk på 122 000 kr. Dette er hovudtenesta innafor avdeling Park og idrott. Avdelinga endar opp med mindreforbruk isolert sett, og meirforbruket skuldast meirkostnader pensjon.

Reinholdsavdelinga har totalt sett eit meirforbruk på 0,4 mill. kr. Avdelinga har hatt god styring av ressursar som resulterer i mindreforbruk løn med 0,3 mill. kr. Meirforbruk reingjeringsmiddel og reinhaldsartiklar med 0,7 mill. kr er noko høgare enn rekneskapen førre år. Noko av grunnen til dette kan vera den høge prisveksten i 2022.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	40 979	15 720	24 763	9 042
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	11 067	34 086	34 814	728
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	10	0	0	0
Overføringsutgifter	1 985	3 105	1 173	-1 932
Finansutgifter	13	1	0	-1
Sum Driftsutgifter	54 054	52 912	60 750	7 838
Salgsinntekter	-30 561	-27 249	-28 621	-1 372
Refusjoner	-4 943	-4 504	-1 927	2 577
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-6 953	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-42 456	-31 753	-30 548	1 205
Netto resultat	11 598	21 159	30 202	9 043

Status måltabell

Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2021	Oppnådd resultat 2022	Statusbeskriving indikator
Attraktive Voss	17 - Samarbeid for å nå målene	Godt samarbeid med brukarar for best mogleg resultat	Tal fellesmøter med brukarane	10	10	10



Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
		Stimulerer til bygging av alternative bustader tilpassa ulike livsfasar	Nyetablering av alternative bustader	20	12	0	
Innovative Voss	07 - Ren energi til alle	Etablert sentral driftsstyring på alle formålsbygg (SD-anlegg)	Tal bygg utan sentralt styringsanlegg (SD)			5	
Sikra utdanningsløp for ungdom	04 - God utdanning	Tilby ei stor breidde av læreplassar i Voss herad	Engasjerte læringar innanfor tekniske fag	0	1	0	

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Voss herad 2021	Voss herad 2022	Kinn	Stord	Aurskog- Høland	Kostragruppe 07
Prioritet						
Areal på formålsbygg per innbygger (m2)	6	7	5	5	5	5
Brutto investeringsutgifter til boligformål per innbygger i kroner *)	1 108	414	1 875	2 981	1 274	1 330
Netto driftsutgifter per innbygger (265) kommunalt disponerte boliger (B) *) **)	613	672	668	97	-151	94
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger (B) *) **)	7 390	8 210	5 319	4 771	7 115	6 281
Netto driftsutgifter til kommunal forvaltning av eiendommer (F121) per innbygger (B) *) **)	831	816	177	-30	316	358
Produktivitet						



Netto driftsutgift til 265 kommunale boliger per utleid bolig (B) *)	33 101	31 621	28 120	6 652	7 391
---	--------	--------	--------	-------	-------

Dekningsgrad

Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere (B)	20	23	30	15	18
---	----	----	----	----	----

Grunnlagsdata (Nivå 3)

Antall søknader siste år	135	195	63	100	3 796
---------------------------------	-----	-----	----	-----	-------

Antall utleide boliger per 31.12	294	343	408	279	9 521
---	-----	-----	-----	-----	-------

Totalt antall kommunalt disponerte boliger (antall)	316	379	518	288	10 451
--	-----	-----	-----	-----	--------

Andre nøkkeltal

Netto driftsutgifter (335)	5 809	6 676	5 655	3 439	599	144 638
Rekreasjon i tettsted *)						

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak**Rammeendringer gjennom året**

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
--------	---------------	--------	--------	------------

Budsjettendringer

Eingongstiltak - EPC-modell med ENØK gjennomgang av formålsbygg	700	Ferdig	✓	Alle formålsbygg har gjennomført ENØK-analyse.
--	-----	--------	---	--

Sum	700
------------	------------

Sum tiltak	700
-------------------	------------

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		Rekneskap	Kommentar
	Rev. bud.			

Aktivitetspark på prestegardslandet	0	613		Arbeidet med ferdigstilling av aktivitetsparken vart ferdig 23.09.2022, med offisiell opning 24.09. Prosjektet vert fullført innanfor dei rammene som er gjeve og lovnad om spelemidlar. Spelemidlar vil fyrst koma inn etter sluttoppgjer. Midlane er budsjettert på prosjekt 6436 Aktivitetspark/festivalområde, medan kostnader i hovudsak er ført til prosjektnr 6467 Aktivitetsparken
--	---	-----	--	--

**Budsjett for året****Investering****Rev. Rekneskap Kommentar**
bud.**Aktivitetspark/festivalområde** 7 500 0

- del 2 amfi og noko til prosjekt 6462 Aktivitespark på prestegardslandet.

Midlane er budsjettert på prosjekt 6436 Aktivitetspark/festivalområde, medan kostnader er ført til prosjektnr 6467 Aktivitetsparken - del 2 amfi og 6462 Aktivitetspark på prestegardslandet.

Aktivitetsparken - barnepark 1 125 1 083

Det skal byggast ny leikepark for born i alderen 2 år og oppover. Denne ligg ved sida av treningsparken, tett på servicebygget og aktivitetsparken.

Leikeparken er utforma som del av Aktivitetstorget (To torg) og skal vera eit tilbod for primært dei minste borna. Leikeparken er ønska av gruppa bak aktivitetsparken, då det ikkje vart bygd eit tilbod for dei minste her. Voss herad løyvde kr. 900 000,- (eks mva) i 2022, desse midlane vart nytta til innkjøp av leikeapparat frå Kompan, samt benkar, bord og sykkelstativ frå Vestre. Totalt er det nytta kr. 1 083 000,- (inkl mva) i 2022. Voss aktivitetspark har samla inn kr. 500 000,- som skal nyttast til gjennomføring av tiltaket. Dei har fleire aktive søknader inne for meir støtte til prosjektet. For å ferdigstille leikeparken vil det vera behov for meir midlar utover dette. Det er tenkt at ein kan nytte midlar frå prosjekt Aktivitetstorget, då leikeparken er ein del av torget og området mellom servicebygg, ny ungdomskule og aktivitetsparken. Målet er at leikeparken vert ferdigstilt sommaren 2023. Grunnlag og teikningsmateriell til utlysing er klart, og vert lyst ut snarleg.

Aktivitetsparken - del 2 amfi 0 17 574

Arbeidet med ferdigstilling av aktivitetsparken vart ferdig 23.09.2022, med offisiell opning 24.09. Prosjektet vert fullført innanfor dei rammene som er gjeve og lovnad om spelemidlar. Spelemidlar vil fyrst koma inn etter sluttoppgjer. Midlane er budsjettert på prosjekt 6436 Aktivitetspark/festivalområde, medan kostnader i hovudsak er ført til prosjektnr 6467 Aktivitetsparken - del 2 amfi og noko til prosjekt 6462 Aktivitespark på prestegardslandet.

Kjøp maskin/utstyr/bilar til park og idrett 1 563 0

Gjennomført konkurranse på hjullastar til Park og Idrett - ingen tilbydarar. Planlagt ny utlysing, etter at kravspesifikasjon er revidert. Heradsstyret løyvde midlar til robotklippar 09.06.2022 i sak tertialrapport 1 (sak 48/22), finansiert med meirinntekter frå konsesjonskraft til eingongstiltak. Det vart kjøpt inn



Investering	Budsjett for året		Kommentar
	Rev. bud.	Rekneskap	
			1 klipper som har fungert godt på bane Gras 1 sesongen 2022.
Kjøp nye bilar BOE	500	510	Kjøp av 2 brukte bilar til utskifting av utrangerte køyretøy for handverkarar og vaktmeistrar i avdeling bygg og eigedom.
Kjøp og sal eigedom	0	5 050	Heradsstyret vedtok 16.12.2021 i sak 86/21 Årsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 følgjande: Rådmannen får fullmakt til å kjøpa bustadeigedomar innanfor ei økonomisk ramme på inntil 10 mill. kr. Salsinntekter skal nyttast til kjøp av framtidige bustadeigedomar. Over-/underskot innanfor rekneskapsåret skal først mot ubunde investeringsfond. I løpet av 2022 har Voss herad kjøpt Hestavangen 12 og selt 1 kommunal bustadtomt. Netto differanse vart finansiert frå bruk av ubundne investeringsfond med 4,75 mill kr.
Nyrebru	4 688	0	Det er her kostnadsført totalt 4,8 mill. Det er eit overforbruk på kr. 157.000.- i høve til budsjett der beløp i utbyggingsavtalen ligg til grunn. Dette skuldast ekstra kostnad med VA som er lagt under brua og vert finansiert frå VA.
Reinhaldsprosjekt	500	0	Heradsstyret løyvde midlar til elektrisk varebil til reinhaldsavdelinga 09.06.2022 (sak 48/22), finansiert frå meirinntekter konsesjonskraft til eingongstiltak. Kontrakt på ny elektrisk bil til reinhaldsavdelinga er inngått til kostnad kr 350.000, med levering i 2023.
Ridande Vossabrudlaup	200	197	Flytting og gjenreising av monumentet Ridande vossabrudlaup er knytt til utbygginga på knutepunktet. Bane Nor (Voss stasjonshotell) og Statens vegvesen som utbyggjar tok på seg det økonomiske ansvaret for flyttinga. Arbeidet blei lyst ut på anbod, men det var ikkje mogleg å gje fast pris på oppmuring av ramma til monumentet på grunn av for mange usikkerheitsmoment. Sluttrekninga er til no ikkje klarlagt, men det er forventat at Bane Nor og Statens vegvesen dekkjer heile rekninga. Arbeidet er planlagt slutført i 2023.
Stedskaping Evanger	420	422	Tilskot til Evanger grendelag frå bunde fond til Båthamn Evangervatnet.
Tinghusplassen - uteområde tinghuset	101	0	Ferdigstilling av prosjekt frå 2021.
Udlabutomta	0	125	Omsorgsbustadar på Udlabutomta sto ferdig i mai 21, har gjennomført 12 månader prøvedrift og 1. års synfaring i mai 22.



Investering	Budsjett for året		
	Rev.	Rekneskap	Kommentar
	bud.		
Sum	16 596 25 574		



Brann og ulukkesvern

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet inneheld arbeid og tiltak for å førebyggja brannar og andre ulukker. Hovudaktiviteten er feiing av piper og tilsyn som vert dekkja av gebyr for brann- og feietilsyn, då dette er eit sjølvkostområde. I tillegg kjem tilsyn av særskilte brannobjekt. Dei tilsette arbeider også med kurs og opplæring for å tryggja innbyggjarane.

Tenesteområdet omfattar i tillegg drift av brannvesenet i kommunen. Herunder kjem også oljevernberedskap og annan beredskap mot brann- og eksplosjonsarta ulukker. Hovudbrannstasjonen på Voss har 4-delt vaktordning med 6 personar i kvart vaktlag. I tillegg er det 3 bistasjonar; Evanger, Vossestrand og Granvin med deltidstilsette knytt opp mot stasjonane.

Det er inngått avtale med Ulvik herad og Eidfjord kommune om kjøp av brannsjefteener i Voss herad.

[Brann og ulukkesvern](#)

Status og utfordringar

Oppfølging av Arbeidstilsynet sitt tilsyn med eksponering av støv, gass og brannrøyk pågjekk gjennom heile 2022. Arbeidsgruppa som arbeidde med forprosjekt ny hovedbrannstasjon starta opp i 2022, og kåra rett før nyttår vinnar av arkitektkonkurranse moglegheitsstudie Tvildemoen. Reguleringsarbeidet er starta opp og detaljprosjektering av ny hovedbrannstasjon går parallelt. Prosjektet er noko forseinka, men ny hovedbrannstasjon på Tvildemoen vil etter revidert plan stå klar medio 2024.

Brannsjefen har delteke i prosjekt med ny brannstasjon i Ulvik. Dette i samband med vertskommunesamarbeidet om brann- og redningstenester mellom Voss herad, Eidfjord kommune og Ulvik herad.

Det er gjennomført til saman 86 ulike tilsyn med eigarar og brukarar i A, B og C objekt.

Det vart varsla tilsyn i 2066 fyringsanlegg og feiing i 3092 skorsteinar. Fyringsanlegg i bustader og hytter skal ha feiing og tilsyn etter behov.

Utrykningar	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Falsk og unødig alarm	50	44	58	64	45	65	58	66
Bygningsbrann	14	4	9	7	12	9	12	18
Pipebrann	1	6	4	0	6	6	9	8
Andre brannar	18	7	12	28	12	13	25	16
Brannhindrande tiltak	1	16	11	16	9	8	14	19
Trafikkulykker	12	35	27	19	35	27	35	21
Vannskade, akutt ureining	5	4	12	16	9	4	7	8
Anna assistanse	16	19	15	44	21	37	34	31
Sum	117	135	148	194	149	169	194	187

Statistikk over utrykningar i perioden 2017-2022.

Eit viktig prosjekt som starta opp i 2022 var samarbeidet mellom brann og helse, om brannssikkerheit for risikoutsette grupper. Representantar for Skadeforebyggende Forum (SKAFOR) gjennomførte i desember Teams-undervisning for nøkkelpersonell hjå helse, kommunale bygg og brannvern. Dette prosjektet skal vidareførast med praktisk opplæring i 2023.

Brannvernopplæring på alle skulane vart gjennomført i april 2022 for alle 6. klassingar, saman med det lokale el-tilsynet. Open brannstasjon vart gjennomført i samband med brannvernveka. Elles har det vore brannverninformasjon i digital form både via nettside og facebook, eksempelvis info til hytter, brannvernveka, røykvarsldagen, fyrverkeri.



Hovudprioriteringar

I året som gjekk har brann- og ulukkesvern arbeidd aktivt for å:

- gjennomføra [Ny brannordning Voss herad](#), vedteken av fellesnemnda 25.01.2019 (sak 1/19), stadfesta av Voss heradsstyre. Første prioritet har vore å etablera lokale for brannmannskap og feiarar som stettar krava i arbeidsmiljølova gjennom å få ny hovudbrannstasjon.
- Vidare få på plass naudsynt utstyr på alle stasjonane.

Det var utarbeidd ei konsekvensvurdering av ei eventuell nedlegging av bistasjonen på Evanger.

Heradsstyret vedtok å oppretthalda beredskapen på Evanger.

Ny brannbil vart sett i bestilling, men lang leveringstid gjer at den ikkje vert levert før i 2023.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Førebygging brann og ulukker	1 358	1 417	1 038	1 254	-164
Beredskap brann og ulukker	11 939	14 017	11 922	12 479	-1 538
Sum	13 297	15 435	12 960	13 733	-1 702

Kommentar til status økonomi

Førebygging gjennom brann- og feietilsyn er ei gebyrbelagt teneste og vert gjort opp som sjølvkostrekneskap. Etterkalkyle viste underskot med 0,8 mill. kr. Det er ikkje tilgjengelege midlar på sjølvkostfond til å dekkja underskotet frå 2022, noko som medfører at underskotet må dekkast inn i løpet av 5 år.

Del av førebygging som gjeld tilsyn med særskilte brannobjekt enda opp i balanse i høve budsjett.

Beredskap brann og ulukker syner eit meirforbruk på omtrent 1,5 mill. kr. Ekstra utgifter i 2022 var på om lag 0,4 mill. kr til 110 sentralen, og skuldast mellom anna investering i ny infrastruktur, samanslåing med Sogn og Fjordane, samt ekstra utgift til oppdragshandteringsverktøy.

Statistikken viser at det var fleire brannar (større hendingar) i 2022 enn i 2021. Dette saman med flaumen gav utgifter som i utgangspunktet ikkje er budsjettert. Innafor løn er det også meirkostnader til etterbetaling av vaktgodtgjersle frå 2021 med 0,2 mill. kr.

Meirutgifter til pensjon utgjer 0,5 mill samla for tenesteområdet. I tillegg er det kostnadsført utgreiingskostnader i samband med prosjekt ny hovudbrannstasjon på 0,4 mill. kr.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	14 588	16 251	14 747	-1 504
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 839	4 342	4 228	-114



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 036	1 371	924	-447
Overføringsutgifter	475	568	442	-126
Finansutgifter	1	0	0	0
Sum Driftsutgifter	19 939	22 532	20 340	-2 192
Salgsinntekter	-6 107	-6 380	-6 078	302
Refusjoner	-535	-717	-442	275
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	-88	-88
Sum Driftsinntekter	-6 642	-7 098	-6 608	490
Netto resultat	13 297	15 435	13 733	-1 702

Status måltabell

Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska 2021 resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskrivelse indikator
Gode, trygge og tenelege lokale for brannmannska pa i Voss herad	03 - God helse og livskvalitet	Ny hovudbrannstasjon på Tvildemoen	Gjennomført utbygging i tråd med plan			Gjennomført planlegging og forventar ferdigstilling i 2024 etter plan
Godt og teneleg utstyr som set brannmannska pa i stand til å redde liv og helse	11 - Bærekraftig e byer og lokalsamfun n	Utskifting av mannskapsbil på hovudbrannstasjon	Gjennomført innkjøp i tråd med løyving i økonomiplan			Lang leveringstid gjer at bilen ikkje vert levert før i 2023

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Voss herad 2021	Voss herad 2022	Kinn	Stord	Aurskog- Høland	Kostragruppe 07
Prioritet						
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	13,7	13,6	15,0	16,5	16,6	16,1
Netto driftsutgifter til funksjon 338 og 339 pr. innbygger, konsern (kr) (B)	969	1 021	1 675	798	968	993
*)						

**Kvalitet**

Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) *)	536	535	420	479	436	475
---	-----	-----	-----	-----	-----	-----

Grunnlagsdata (Nivå 3)

Antall A-objekter	116	117	114	91	71	2 316
-------------------	-----	-----	-----	----	----	-------

Antall A-objekter med tilsyn i løpet av året	76	86	0	6	25	815
--	----	----	---	---	----	-----

Antall piper i alt	11 504	11 504	7 265	6 349	9 244	226 245
--------------------	--------	--------	-------	-------	-------	---------

Antall utrykninger (antall)	217	220	257	316	298	9 261
-----------------------------	-----	-----	-----	-----	-----	-------

*) Inflasjonsjustert med deflator

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		Kommentar
	Rev.	Rekneskap bud.	
Brannstasjon Vossestrand	0	54	Brannstasjonen sto ferdig i desember 2021, vart offisielt opna april 22 og har gjennomført prøvedriftsperiode.
Hovudbrannstasjon	2 000	570	Prosjekt omfattar detaljreguleringsplan for sentrale område på Tvildemoen for bustadar, ny hovudbrannstasjon, grøntareal og næring. Samstundes som ein regulerer område utarbeidar ein forprosjekt på brannstasjonen. Det vart lyst ut konkurranse på eit moglegheitsstudie sommaren 2022, og to arkitektkontor jobba frå august til desember med dette. I januar vart MAD kåra som vinnar. Det vart varsla oppstart av reguleringsplan oktober 2022, målet er at planen vert vedteken ved årsskiftet. Forprosjekt brannstasjon er starta opp og konsulentar på andre tekniske fag er avklart. Kontrakt med MAD vert signert når alle underkonsulentar er på plass. Utlysing av totalentreprise vert gjort når reguleringsplan er godkjent. Kostnader i 2022 er hovudsakleg knytt til moglegheitsstudie der 2 arkitekt team fekk kr. 400 000 kvar for oppdraget. Grunna regulering av eit større område har Planavdelinga tatt kr. 400 000 av kostnaden med moglegheitsstudien. Det ligg inne 2 mill i revidert budsjett for 2022. Kostnadar inkl mva i 2022 er på 569 938,-, som gjev eit underforbruk på kr. 1 430 063,-.
Utsifting mannskapsbilar og tankbilar	4 200	22	I vedteke budsjett 2022 er det løyvd midlar til ny mannskapsbil til hovudbrannstasjonen på Voss. Det er igangsett kjøpsprosess for å skifta ut beredskapsbil 2, med forventa levering i 2023. Rekneskapsført beløp i 2022 gjeld tilleggsutstyr til bil kjøpt seint i 2021.
Sum	6 200	646	



Vatn, avlaup og renovasjon

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og investering i kommunale vatn- og avlaupsanlegg (VA-anlegg). Renovasjon er delegert til det interkommunale selskapet Indre Hordaland Miljøverk (IHM IKS). Hovudoppgåvene til VA-avdelinga er å produsera tilstrekkelege mengder vatn med god kvalitet til abonnentane og syta for å ta vare på avlaupsvatnet frå kommunal kloakk, industri og spreidd busetnad på ein måte som hindrar at det oppstår miljøulempar i vassdrag og sjø. Tømming og handsaming av slam frå septiktankar og tømmeasjon for bubilar sorterer også innanfor dette tenesteområdet.

Voss herad har 11 store og mindre vassbehandlingsanlegg, 11 reinseanlegg, 60 pumpestasjonar og slamavskiljarar med tilhøyrande ca 300 km leidningsnett. Avdelinga administrerer slamrømming av septiktankar i heile heradet.

Vatn og avløp vert finansiert gjennom gebyrinntekter frå abonnentane og det vert utarbeida kalkylar for kvart enkelt sjølvkostområde, med indirekte kostnader frå andre tenesteområde som del av grunnlaget.

[Vatn, avlaup og renovasjon](#)

Status og utfordringar

Det er jobba med å redusera vasslekkasjar på kommunalt leidningsnett. Lekkasjar er søkt opp med måling, lytting og deretter utbetra. I tillegg er ei rekkje leidningstrekk med dårleg kvalitet fornya. Frå 2019 til og med 2022 er lekkasjar redusert frå rundt 25% til 18 %.

Avdelinga har totalt 21 medarbeidarar, og har store utfordringar med å behalda og rekruttera medarbeidarar. Dette då det er stor etterspurnad etter fagfolk med VA kompetanse i arbeidsmarknaden. Heradet konkurrerer særskild mot andre offentlege etatar, konsulentverksemder, røyrleggjarverksemder og entreprenørar.

VA-området er i vekst med stadig nye abonnentar, og heradet må utvida sitt leidningsnett. Auken er størst i dei store hytteområda, men fortetting nært sentrum har også ført til eit større behov for administrasjon enn tidlegare.

Hovudprioriteringar

- Planlegging, vurdering og val av løysingar for nytt reservevassverk på Bømoen.
- Gjennomføra utbygging av kommunalt vatn- og avløpsanlegg i Myrkdalen i samsvar med ny vedteken hovudplan. Det er oppretta ein kommunal prosjektorganisasjon som skal gjennomføra hovudplanen i Myrkdalen knytt opp mot driftsavdelinga i Voss herad. Det er tilsett prosjektleiar og prosjektmedarbeidar, og organisasjonen arbeider aktivt med å finna og etablere dei beste løysningane for levering av vatn og handtering av avløpet.
- Etablere langsiktig strategi for utskifting og rehabilitering av eksisterande vatn- og avløpsnett
- Oppfølging av hovudplan avløp

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000



Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Produksjon av vatn	6 900	7 802	6 522	6 602	-1 199
Distribusjon av vatn	-13 303	-7 646	-13 183	-13 092	-5 446
Avlaupsrensing	11 831	11 708	10 958	11 061	-647
Avlaupsnett	-19 780	-16 058	-18 017	-17 822	-1 764
Tømming av septiktank	-1 169	-218	-520	-514	-296
Sum	-15 520	-4 413	-14 240	-13 766	-9 353

Kommentar til status økonomi

Tabellen syner revidert budsjett 2022 for tenesteområdet med eit netto innteningskrav på omtrent 13,8 mill. kr, medan rekneskapsresultatet for 2022 vart på 4,4 mill. kr i netto inntening. Resultatet for 2022 vart difor eit meirforbruk på 9,3 mill. kr for tenesteområdet, ettersom me fekk inn lågare inntekt enn budsjettert. Grunnen til at området ikkje gjekk i balanse er at sjølvkostfonda vart tømt, og alt underskotet kunne ikkje dekkast med fond.

Det vert utarbeidd sjølvkostkalkyle for kvart av områda vatn, avløp og septik. Dei 3 områda vatn, avløp og septik, bør over 3-5 år balansere i null med gebyrinntektene i samsvar med sjølvkostprinsippet. Samla sett har tenesteområdet i 2022 ein reduksjon i inntekter frå kommunale vass- og avløpsgebyr på totalt 4,3 mill. kr. Dette skuldast mellom anna koronapandemien, som medførte at ei rekkje større bedrifter hadde redusert forbruk av vatn og avløp i 2021. Dette vert først registrert ved måleravlesing ved årsskiftet då alle verksemdene betaler på forskot etter forventa forbruk, men avrekna etterskotsvis når vassmålar vert avlest.

Indirekte kostnader (indirekte kostnader, kalkulatoriske rentekostnader og kalkulatoriske avskrivningar) har auka med ca. 1,5 mill. kr på vatn, og 1,2 mill. kr på avløp i 2022 i høve til 2021. Auken i driftsutgifter skuldast hovudsakleg prisauken i områda energi, materialkostnader samt ein vesentleg renteauke. Auken i kostnader i kombinasjon med reduserte inntekter gjer det naudsynt å bruka midlar frå sjølvkostfonda for vatn og avløp.

Produksjon og distribusjon av vatn hadde eit budsjettert netto innteningskrav på omtrent 6,5 mill. kr. For distribusjon av vatn, endte rekneskapen opp med eit meirforbruk på 5,4 mill. kr, og for produksjon av vatn eit meirforbruk i høve budsjett på omtrent 1 mill. kr. Sjølvkostkalkylen syner eit meirforbruk for vatn på 9,2 mill. kr. Ein har dekkja inn 2,4 mill. kr av dette ved bruk av fond, men sit att med eit underskot på 6,9 mill. kr som må dekkjast inn over ein 5 års periode frå 2022.

Avlaupsnett og avlaupsrensing hadde eit budsjettert netto innteningskrav på omtrent 6,77 mill. kr. Rekneskapen syner lågare resultat, og områda til saman fekk eit negativt avvik i høve budsjett på omtrent 2,4 mill. kr i 2022. Sjølvkostkalkylen viser underskot på 3,4 mill. kr. Ein har henta 0,7 mill. kr frå fond, og sit att med eit underskot på 2,7 mill. kr som må dekkast inn over ein 5 års periode frå 2022. Tømming av septik syner eit meirforbruk på 0,3 mill. kr. Dette skuldast meirutgifter til tømming av septiktankar.

Heradet har i 2022 fått om lag 50 nye abonnentar tilknytt kommunale vass- og avløpsanlegg. Dette viser att i inntekter frå tilknytingsgebyr. Auka tal abonnentar fører og til auka mengde vatn og avløp produsert



og reinsa. Snittforbruket til ei eining på Voss er pr 2022 på 185 m3 pr år. Snittforbruket til ein einebustad er i 2022 rekna til om lag 120m3.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	14 186	15 241	15 424	183
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	23 920	27 081	21 581	-5 500
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	4 168	5 351	4 870	-482
Overføringsutgifter	0	15	0	-15
Finansutgifter	261	1	0	-1
Sum Driftsutgifter	42 536	47 690	41 875	-5 815
Salgsinntekter	-45 996	-48 439	-50 668	-2 229
Refusjoner	-672	-570	0	570
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-11 389	-3 095	-4 973	-1 878
Sum Driftsinntekter	-58 056	-52 103	-55 641	-3 538
Netto resultat	-15 520	-4 413	-13 766	-9 353



Status måltabell

Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2021	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Attraktive Voss	03 - God helse og livskvalitet 06 - Rent vann og gode sanitærforhold 09 - Industri, innovasjon og infrastruktur	Fornya /utvida høgdebasseng Hagahaugen	Gjennomført utbygging i tråd med plan	100,0 %	90,0 %	Høgdebassenget er under gjennomføring og vert klart i 2023
		Gjennomføra hovudplan vatn og avløp i Myrkdalen	Gjennomført utbygging i tråd med plan			Prosjektorganisasjon arbeider med god framdrift.
		Nytt vassverk Bømoen	Gjennomført utbygging og sett i normal drift			Arbeidet pågår etter plan.
		Vassforsyningssystemet skal levere godt og hygienisk sikker drikkevatt til abonnentane.	Prosentandel rutinemessige vannanalyser med god hygienisk vannkvalitet.	100,0 %	100,0 %	

**KOSTRA Nøkkeltal****Kostra-analyse**

	Voss herad 2021	Voss herad 2022	Kinn	Stord	Aurskog- Høland 07	Kostragruppe
Dekningsgrad						
Antall innbyggere tilknyttet kommunal vannforsyning (antall)	7 934	7 934	14 451		13 943	
Kvalitet						
E.coli: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater	100,0 %	100,0 %	100,0 %		100,0 %	
Farge: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater	100,0 %	100,0 %	96,9 %		100,0 %	
Intestinale enterokokker: Andel innbyggere tilknyttet komm.vannverk med tilfredsstillende prøver	100,0 %	100,0 %	100,0 %		100,0 %	
Grunnlagsdata (Nivå 3)						
Antall innbyggere tilknyttet kommunalt avløp (=>50 pe) (antall)	9 600	9 650	12 684	14 366	12 724	
Antall lekkasjereparasjoner på det kommunale nettet (antall/km ledningsnett)	0,11	0,14	0,01		0,07	

**Status investeringsprosjekt**

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		Kommentar
	Rev.	Rekneskap	
	bud.		
Bjørkemoen utbetring veg/VA	0	539	Det er kostnadsført totalt 3 mill i 2022. Det er utført VA-arbeid for 0,5 mill som skal kostnadsførast på VA. Voss herad har fått tilført 3,2 mill frå IHM i samsvar med utbyggingsavtale, der 1,2 mill er sett av i rekneskapen til framtidig arbeid. Det er inngått utbyggingsavtale med NOBI A/S for utbetring av vegen frå nedkøyrse til NOBI og fram til vegbru over Horgjolo, som er del 3 av opprusting Bjørkevegen. Arbeidet startar opp i mars 2023 og skal vera ferdig juli 2023.
Bømoen reserve vassverk	1 000	818	Investeringsprosjektet vart starta opp i 2019, og det er kostnadsført 6,6 mill. kr til og med 2021. I 2022 er det kostnadsført 0,8 mill. Utført arbeid gjeld ledningsnett, og arbeidet med vassbehandlingsanlegg er planlagt til 2023.
Hagahaugen høgdebasseng oppgradering	8 000	7 586	Hagahaugen er eit 65 år gammalt høgdebasseng i fjell som blir oppgradert ved at ein tredoblar magasinkapasitet til 980 m3. Det blir også utført ei stor kvalitetsforbetring ved at anlegget vert sikra mot inn-lekkasje av forureina vatn. Arbeidet er lyst ut som entreprise, og starta i august 2022. Anlegget er planlagt sett i drift i mai 2023. Framdrift og kostnad som planlagt. I 2022 er det er budsjettet 8 mill, og rekneskapsført 7,5 mill. Entreprise kostnad er 14,8 mill, med forventa totalkostnad med prisindeks bygg og anlegg 17% til 17,3 mill.
Inspeksjonsvogn kloakk 2022	0	499	Innkjøp av nytt utstyr for tilsyn og vedlikehald av avløpsleidningar, finansiert frå felles løyving for anleggsmaskiner til driftsavdelinga.
Myrkdalen VA- utbygging	3 000	3 164	Prosjektorganisasjon med 2 årsverk vart sett i drift i mars 2022. Førebels er det i hovudsak kostnadsført løn, og noko utgreiing og kartlegging. Status for prosjektet: Starta opp prosjektorganisasjon for prosjektet. Oppretta referansegruppe og styringsgruppe for prosjektet. Evaluert prosjektmandat (Hovudplan VA) mot dagens og framtidige krav. Føreslått relokalisering av føreslått vass-behandlingsanlegg (VBA) og reinseanlegg (RA) til Cowi som utarbeider detalj-reguleringsplan for RA og VBA. Kontrahert juridisk bistand til prosjektet. Er i gang med å etablere drikke vassinntak for prøvepumping, evaluering og analyse. Estimert ferdig 2.-3.kvartal 2023. Er i gang med å fullføre finansieringsgrunnlag- og strategi for prosjektet, estimert ferdig rundt 2.-3. kvartal 2023. Er i gang med å lyse ut arbeid for rådgiving for RA, VBA og anna VA-infrastruktur knytt til prosjektet.
Nyre bustadfelt	0	-176	Utbyggingsavtale mellom Nyrefeltet AS og Voss herad, der utbyggjar har teke kostnad med opparbeiding av infrastruktur. Anlegget vert overlevert vederlagsfritt til Voss herad. Det er inngått justeringsavtale av meirverdiavgift (mva) på kapitalvarer, slik at utbyggjar får refundert mva-kostnad over



Investering	Budsjett for året		Kommentar
	Rev. bud.	Rekneskap	
			ein 10-års periode. Vert synleggjort i denne oversikta som ein kostnad i rekneskapen, men er i realiteten eit nullsum-spel. Justering av delfelt 1 starta i 2016, og vil såleis ha siste år i 2025.
Nyre bustadfelt, vann- avløp delfelt 2 (06/2022)	0	8 535	Utbyggingsavtale mellom Nyrefeltet AS og Voss herad, der utbyggjar har teke kostnad med opparbeiding av infrastruktur. Anlegget vert overlevert vederlagsfritt til Voss herad. Det er inngått justeringsavtale av meirverdiavgift (mva) på kapitalvarer, slik at utbyggjar får refundert mva-kostnad over ein 10-års periode. Vert synleggjort i denne oversikta som ein kostnad i rekneskapen, men er i realiteten eit nullsum-spel. Justering av utbyggjar sine kostnader vann og avløp delfelt 2 starta i 2022, og vil såleis ha siste år i 2031.
Nyrebru	0	157	Det er her kostnadsført totalt 4,8 mill. Det er eit overforbruk på kr. 157.000.- i høve til budsjett der beløp i utbyggingsavtalen ligg til grunn. Dette skuldast ekstra kostnad med VA som er lagt under brua og vert finansiert frå VA.
Utbyggingsavt. Brynali 102 politistasjonen	0	1 203	Arbeidet er ferdig utført for del 1, men står att endeleg avklaring kring ekstra arbeid som er utført samt krav om regulering etter prisindeks. Det er kostnadsført totalt 4,2 mill der 1,2 mill er ført til vatn og avløp samla, og finansiert med unytta lånemidlar til hovudplan VA. Hovuddelen av prosjektkostnaden er kostnadsført kommunal veg med 3 mill. Gjennomført arbeid er i tråd med inngått utbyggingsavtale, og kostnad er i samsvar med vedteke budsjett. Arbeidet er finansiert i samarbeid med utbyggjar gjennom utbyggingsavtale. Del 2 av prosjektet er starta opp i februar 2023 og vert ferdigstilt våren 2023. Dette gjeld resten av vegen frå politistasjonen og fram til vegkryss ved Martin Lid A/S.
Sum		12 000 22 324	

Politisk styring

Skildring av tenesteområde

Skildring av tenesteområdet finn du her: [lenkje](#)

Status og utfordringar

Politisk styring

Heradsstyret har bak seg eit år med fleire store og viktige saker for heradet. Aktiviteten har samla sett og vore stor på spørsmålssida, der me får løfta fram dagsaktuelle saker i heradet vårt. Det har vore gitt mykje informasjon i heradsstyremøta. I 2022 har heradsstyret handsama 103 saker. I tillegg har det vore 37 referatsaker. Det har vore 10 møte gjennom året. Det har vore 5 heildagsmøte i 2022, 4 ordinære møte og eit ekstramøte. Det eine heildagsmøte var Klimadagen Bløme. I tillegg har det vore mykje aktivitet og saker til behandling i dei ulike utvala og brukarråda.



Av store saker til behandling i heradsstyret kan desse nemnast:

- Tilstandsrapport barneverntenesta 2021
- Næringsplan for Voss herad
- Barnehage på Hagahaugen
- Alkoholpolitiske retningslinjer Voss herad 2022-2024
- Retningsgjevande økonomiplan 2023-2026 og budsjett
- Evanger kraftverk - Eksingevassdraget og Teigdalsvassdraget - uttale
- Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget- uttale Byggestart idrettsfløy, Voss ungdomsskule
- Temaplan, Voss i vekst Vossaklima 2030
- Ny hovudbrannstasjon
- Detaljreguleringsplan Vinsand-Roe hyttefelt planid
- Detaljreguleringsplan for sentralidrettsanlegget
- Detaljreguleringsplan for E16 Åsbrekke - Skromle bru
- Detaljreguleringsplan for dyreklinikk
- Årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026
- Tertialrapportar
- Etablering av privat friskule Samanslåing av BIR AS og IHM IKS

Her finn du eiga årsmelding for Heradsstyret: [Årsmelding for heradsstyret 2022](#)

Kontrollutvalet

Kontrollutvalet er eit folkevald organ som fører tilsyn og kontroll med forvaltninga i kommunen. Dei skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, og at det vert utført rekneskapsrevisjon, forvaltingsrevisjon og eigarskapskontroll. Voss kontrollutval har hatt 5 møter i 2022 og handsama 41 saker (68 sakerinklusive formaliasaker, meldingssaker og faste orienteringssaker). Her finn du eiga årsmelding: [Årsmelding Voss kontrollutval 2022](#)

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Politisk styring	6 033	5 298	5 834	5 834	535
Kontroll og revisjon	1 774	1 945	1 906	1 906	-39
Sum	7 807	7 244	7 740	7 740	496

Kommentar til status økonomi

Tenestområdet har eit mindreforbruk i høve budsjett på om lag 550 000 kr. Dette omfattar i hovudsak unyttar midlar av heradsstyret sin reservepott.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	4 259	3 899	3 884	-15



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 171	2 983	1 427	-1 556
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	151	147	1 660	1 513
Overføringsutgifter	498	348	879	531
Sum Driftsutgifter	8 079	7 377	7 850	473
Salgsinntekter	0	0	-20	-20
Refusjoner	-271	-133	-90	43
Overføringsinntekter	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-271	-133	-110	23
Netto resultat	7 807	7 244	7 740	496

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Voss herad 2021	Voss herad 2022	Kinn	Stord	Aurskog- Høland	Kostragruppe 07
Prioritet						
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) *)	409	336	557	223	271	386
**) 						

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Finansielle postar/økonomi

Skildring av tenesteområde

Les om tenesteområdet her: [Finansielle postar/økonomi](#)

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Årets premieavvik	-46 603	-41 800	-6 000	-3 500	38 300
Tidlegare års premieavvik	9 451	46 603	0	0	-46 603
Pensjon	661	690	0	0	-690
Premiefond	-26 261	-33 243	-18 000	-7 000	26 243
Konsesjonskraft,kraftrettigheter og anna kraft for vidare salg	-8 756	-82 784	-18 415	-80 415	2 369



Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Skatt	0	31	8	8	-23
Generelt statstilskudd	-12 302	0	0	0	0
Renter, utbyte og lån	-993	154	25	25	-129
Sum	-84 803	-110 349	-42 382	-90 882	19 467

Kommentar til status økonomi

Under tenesteområdet finansielle postar/økonomi ligg det eit vesentleg positivt avvik i høve budsjett, på nær 19,5 mill.kr. Dei store beløpa på dette tenesteområdet kjem frå pensjon, og sal av konsesjonskraft. Det største avviket skuldast pensjon, og kjem fram her som eit stort positivt avvik grunna ulik praksis i budsjett og rekneskapsføring. Bruken av premiefondet er største grunn til det store avviket, då me nytta om lag 33 mill. kr frå premiefond til å betala pensjonspremie i 2022. I rekneskapen vert dette ført som ein inntekt på tenesteområdet Finansielle postar/økonomi, og som utgift i dei ulike tenesteområda. Dette vert ikkje gjort i budsjettet, og tenesteområda fekk i 2022 difor store negative avvik, og finansielle postar/økonomi endte opp med eit større positivt avvik.

Totalt avvik på pensjon var på nesten 1,2 mill. kr i meirforbruk i 2022. I opprinneleg budsjett låg utgifter til pensjon vesentleg lågare enn det som vart resultatet, men etter budsjettjustering i desember vart posten auka opp med omtrent 15 mill. kr. Grunnen til høgare anslag var auke i lønsvekst og trygdeoppgjær.

Sal av nær 62 GWh i konsesjonskraft enda på litt over 90 mill.kr for 2022. Tidlegare år har dette vore mellom 15-23 mill.kr per år. Frå 2022 har Voss herad hatt ein forvaltningsavtale der krafta vert seld i marknaden gjennom heile året. Dette har gjort at Voss fekk vesentleg høgare inntekter enn dersom all krafta hadde blitt seld hausten 2021. Du kan lesa meir om dei økonomiske effektane av kraftproduksjon under kapittel "Økonomisk status og utvikling".

Det har vore lagt fram 2 oppjusteringar av budsjett for sal av konsesjonskraft, med 27 mill. kr i 1.tertial og 34 mill. kr i 2.tertial. Dette har gitt oss eit handlingsrom til å prioritera midlar til områder med meirutgifter, utviklingsprosjekt, vedlikehald og investeringar. Meirinntekter har vore disponert til:

Løyvd 1.tertial	Tiltak	Beløp (i 1000 kr)	Status etter årsslutt
Oppvekst	Prosjektleiar/planleiar Tidleg innsats og livsmeistring	800	Brukt til føremålet
Oppvekst	Barnehagane på Voss - oppgradering av utstyr	500	Brukt til føremålet
Oppvekst	Oppretting av barnehage på Hagahaugen.	2 000	Brukt til føremålet
Finans	Lønsvekst	10 500	Brukt til føremålet
Oppvekst	Underlag Leikestativ- skule og barnehage	500	Brukt til føremålet
Helse	Utgifter til legetenester	1 000	Brukt til føremålet



Omsorg	Oppgradering av utstyr og inventar institusjonar i helse og omsorg	1 000	513 på drift
Omsorg	Flyttbare heisar/personløftere til bruk i omsorgstenestene	150	100 brukt
Omsorg	Velferdsteknologi, kommunikasjon og tryggleikshjelpemiddel.	1 000	Ikkje nytta
Fleire	Straumutgifter	2 000	Brukt til føremålet
Teknisk	EPC-modell - med Enøk gjennomgang av formålsbygg	700	Ikkje lenger aktuelt, i staden brukt til tilstandsanalysar
Stab	Implementeringskostnadar til nytt saksarkivsystem	2 000	Brukt til føremålet
Oppvekst	Pott til politisk prioritering, tidleg innsats born og unge	2 000	Brukt til føremålet
	Sum drift	24 150	
Kultur og fritid	Monument Ridande Vossabrudlaup	250	Delvis brukt.
Kultur og fritid	Meirope Bibliotek	100	I planleggingsfase. Midlane er ikkje nytta
Omsorg	Bilar helse og omsorg	1 200	294' brukt, resten til finans i inv
Omsorg	Medisinrom på Vetleflaten	400	Planlagt i 2023
Teknisk	Robotklipparar til Park og idrott	250	194' brukt, resten til finans i inv
Teknisk	Sentral styring av SD anlegg	250	Ikkje nytta
Teknisk	Elektrisk varebil til Reinholdsavdelinga	400	Planlagt i 2023
	Sum investering	2 850	

Løyvd 2.tertial			
	Tiltak	Beløp	
Fleire	Auka stramutgifter	10 500	Brukt til føremålet
Teknisk	Asfaltering	5 300	Brukt til føremålet
Omsorg	Takheisar institusjon	1 700	Ikkje nytta
Omsorg	Uteområde Villa Gjerdebu	600	Ikkje nytta
Teknisk	Fullføring av parkområde ved aktivitetsparken, barnepark	900	Brukt til føremålet
Kultur og fritid	Auka overføring til kommunalt føretak for auka energiutgifter	2 000	Brukt til føremålet
Finans	Avsetting til disposisjonsfond	13 000	Har ikkje kunna setja av alt grunna negativt driftsresultat
	Sum drift	34 000	




Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	-63 414	-28 440	-10 500	17 940
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	840	751	338	-413
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	0	0	0
Overføringsutgifter	9 110	7 366	9 100	1 734
Finansutgifter	107	154	0	-154
Sum Driftsutgifter	-53 356	-20 169	-1 062	19 107
Salgsinntekter	-17 972	-90 148	-89 820	328
Refusjoner	-12 375	-32	0	32
Overføringsinntekter	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 100	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-31 446	-90 180	-89 820	360
Netto resultat	-84 803	-110 349	-90 882	19 467

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)





Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året	
	Rev.	Rekneskap Kommentar
	bud.	
Eigenkapitalinnskott KLP	3 169 3 169	Eigenkapitalinnskott i KLP. Forventa nivå for 2022 var på 3,4 mill. kr, og reelt beløp vart på 3 169 052 kr.
Sum	3 169 3 169	

Grunnskule

Skildring av tenesteområde

Les meir om tenesteområdet her: [Grunnskule](#).

Voss herad gir undervisingstilbod ved 11 grunnskular, der 8 er reine barneskular, to kombinerte barne og ungdomsskular (Vossestrand og Granvin), og éin rein ungdomsskule. Til saman har me omlag 1880 elevar i Vossaskulen.

Tenestetilbodet omfattar også SFO ved 10 grunnskular. Tre av skulane, Vangen, Gjernes og Gullfjordungen, tilbyr utvida SFO i haust- og vinterferie samt tre veker i sommarferien.

Status og utfordringar

Skuleåret har vore prega av etterverknader etter koronaperioden. Me har eit auka sjukefråvær og ser at det er vanskeleg å få tak i nok og kvalifiserte vikarar.

Voss herad vart våren 2022 oppmoda frå Statsforvaltaren om å delta i oppfølgingsordninga på grunn av høge risikopoeng ved enkelte av skulane våre. Voss herad har i år vore i analysefasen av oppfølgingsordninga og vil hausten 23 delta i gjennomføringsfasen av oppfølgingsordninga. Agenda Kaupang har evaluert oppvekstavdelinga hausten 22. Det er fire områder som me skal arbeide med i heile oppvekst. Dette arbeidet er me i gang med i rektorgruppa. Det er og laga ein ny tildelingsmodell for grunnskulen i Voss for å gjere budsjettarbeidet meir føreseieleg. Den nye tildelingsmodellen tek utgangspunkt i skulens innrapporterte tal til Grunnskulens informasjonssystem (GSI).

5 skular har delteke i den nasjonalt initierte satsinga "betre læringsmiljø".

Hovudprioriteringar

Vossaskulen har hatt fylgjande satsingsområde i 2022:

- Innføring og implementering av leseplan for Vossaskulen
- Inkluderande skulemiljø
- Plan for overgang barnehage - barneskule – ungdomsskule

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap		Opph.	Rev.	Avvik i
	2021	2022	bud. 2022	bud. 2022	
Grunnskule	213 853	244 146	205 884	219 107	-25 038



Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Skulefritidsordning	3 830	4 643	3 329	3 357	-1 287
Skulelokale	26 827	34 636	26 679	6 885	-27 751
Skuleskyss	4 916	5 883	6 994	6 994	1 111
Sum	249 427	289 308	242 886	236 344	-52 964

Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet har ved årsslutt eit meirforbruk på nær 53 mill.kr.

Vel halvparten av avviket skuldast budsjettert bruk av disposisjonsfond i tenesteområde "skulelokale" på kr. 25 millionar, som ikkje vart rekneskapsført. Ettersom kommunen gjekk med underskot i 2022 vart ikkje all planlagt fondsbruk realisert, og budsjettert på grunnskule hadde difor høgare inntekt enn det som vart rekneskapsført.

Grunnskuleteneste

For grunnskuletenesta isolert sett, er det i 2022 eit meirforbruk på kr. 25 millionar.

Det tapsført 1,5 mill.kr i refusjon sjukeløn som ikkje er budsjettert (Sjå meir info under sentralt kapittel). Dette kjem då fram som eit negativt avvik i driftsresultatet.

Voss herad sin del av PP (pedagogisk-psykologisk) -samarbeidet mellom Voss herad, Ulvik herad og Eidfjord kommune påverkar dette resultatet negativt med 6,4 mill. kr. Samarbeidet høyrer under PPT-tenesta og inkluderer inntektene i form av refusjonar frå Ulvik og Eidfjord. Grunnen til at samarbeidet påverkar resultatet i grunnskuletenesta i såpass stor grad er at budsjettert ligg på barne- og familietenestene. Det reelle avviket knytt til grunnskuletenesta under oppvekst 17 mill. kr når ein korregerer for dette. Samstundes vil meirforbruket i barne- og familietenesta auke tilsvarande. Skulen sitt meirforbruk er i hovudsak knytt til løn og driftsutgifter. Nokre av skulane går i balanse medan andre har eit stort overforbruk. Det er og eit auka sjukefråvær i tenesta siden korona som utløysa overtidsbruk hjå nokre av skulane som slit med å få tak i vikarar. Dette har hatt innverknad på overforbruket.

På grunn av auka kostnader knytt til leasing av IT- utstyr og programvarelisensar, er det eit meirforbruk også her. Dette skal gås gjennom av leiinga i skulen og det skal vurderast kva avtalar som kan seiast opp.

Det er elles store meirutgifter knytt til kjøp av tenester frå andre kommunar, utgiftene her har auka betydeleg frå år til år og fortsett å auke. Dette gjeld born som er folkeregistrert i Voss herad, men som går på skule i andre kommunar (barnevernstiltak). Heradet blir fakturert frå andre kommunar for opphaldet der. Det har også vore ein auke i Skyssutgifter.

Skulefritidsordning

Skulefritidsordninga har i 2021 eit meirforbruk på 1,3 mill. kr. Dette er i hovudsak grunna ein del mindre inntekter for SFO enn stipulert.

Skulelokale

Skulelokale har hatt eit meirforbruk på kr. 27,75 millionar. Dette er i hovudsak på grunn av ovannemnde budsjettering av bruk av disposisjonsfond på kr. 25 millionar som ikkje vart realisert.



Det er elles eit meirforbruk i tilknyting løn - DVPro fastløn - noko som har auka frå kr. 1 million i 2021 til kr. 2,9 i 2022.

Skuleskyss

Innafor tenesta "skuleskyss" er det eit mindreforbruk på kr. 1,1 millionar. Dette kan sjåast i samanheng med meirforbruket i grunnskuletenesta i tilknyting til skyss.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	240 173	264 457	258 653	-5 804
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	42 862	50 308	39 626	-10 682
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	14 340	16 138	6 622	-9 516
Overføringsutgifter	5 411	9 960	3 844	-6 116
Finansutgifter	7	31	0	-31
Sum Driftsutgifter	302 793	340 894	308 745	-32 149
Salgsinntekter	-7 724	-7 455	-9 178	-1 723
Refusjoner	-43 622	-42 646	-36 466	6 180
Overføringsinntekter	-54	-28	0	28
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 966	-1 457	-26 757	-25 300
Sum Driftsinntekter	-53 366	-51 586	-72 401	-20 815
Netto resultat	249 427	289 308	236 344	-52 964



Status måltabell

Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Inkluderande Voss		Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhøyrse	Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1.-7. trinn	72,0 %	74,0 %	77,0 %	Me har oppnådd målet og prognosen som me har sett opp
			Andel elever på mestringsnivå 1 på nasjonal prøve i regning (5. trinn)	27,2	21,0	22,2	Me jobbar for å tala ned og har fått det ned noko og vil strekka oss for å få det lengre ned
			Andel elever som har fullført og bestått videregående innen fem år	83,0 %	84,0 %		Det er ikkje oppdaterte tal i forbindelse med dette.
			Elevenes opplevelse av lærernes praktisering av prinsippene for Vurdering for læring, sammenlignet med et nasjonalt gjennomsnitt	3,4	3,4	3,7	
			Elevenes opplevelse av trygt læringsmiljø fritt for mobbing, sett i forhold til et nasjonalt gjennomsnitt	4,7	5,2	10,6	Voss herad har ein auke i mobbetal. Dette ser ein også på nasjonalt nivå, me må jobba for å få ned desse tala me har difor betra internkontrollen og rutinen våre i høve trygt og godt skulemiljø.



Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
			Elevenes opplevelse av utdannings- og yrkesrå- givningen, sett i forhold til et nasjonalt gjennomsnitt	3,4	4,0	3,6	

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Voss herad 2021	Voss herad 2022	Kinn	Stord	Aurskog- Høland	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) *) **)	119 358	124 225	118 983	109 699	95 281	104 390
Produktivitet						
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.- 10.årstrinn (B)	11,4	12,2	12,0	11,8	14,1	13,1
Dekningsgrad						
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	9,5 %	9,4 %	10,9 %	4,8 %	5,3 %	7,8 %
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring (B)	95,1 %					83,3 %

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Budsjettendringer				
Spesialundervisning	-800	I arbeid	!	Det er eit tett og godt samarbeid mellom skulane og PPT. Gjennom styrking av den ordinære undervisninga er målet at



Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
				fleire elevar kan ha utbytte av ordinær undervisning istadenfor spesialundervisning. Dette krev langsiktig og målretta arbeid.
Sum	-800			
Politisk vedtak				
HST 16.12.21 "anleis skuledag"	300	Ferdig	✓	Pengene er fordelt ut til skulane etter storleiken til desse. Tiltaket er ferdig.
HST 16.12.21 tidleg innsats - foreldreskule	200	Ikkje starta	✓	
Sum	500			
Innsparingstiltak				
Effektiviseringskrav grunnskule	-1 242	I arbeid	!	Den nye tildelingsmodellen skal bidra til innsparingar. Me er usikre på om me når måla for effektivisering men det er lagt opp til kr. 5 millionar i årlege innsparingar.
Sum	-1 242			
Nye tiltak				
Læremiddel til fagfornyinga	3 000	I arbeid	—	Innkjøp av læremiddel. Det har vore investert kr. 3 millionar til dette føremålet i 2022 til å styrke skulane.
Tidleg innsats	1 000	I arbeid	—	Styrkinga i undervisninga til 1-4 trinn for å sikre at ikkje nokon vert hengjande etter. I tillegg har me styrka ressurs både i PPT og helsestasjonen.
Psykisk helse barn og unge	1 450	I arbeid	—	Styrking av Helsestasjonen og PPT inn mot ungdomsskulane. Dette arbeidet er pågåande.
Sum	5 450			
Sum tiltak	3 908			

**Status investeringsprosjekt**

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		Kommentar
	Rev. bud.	Rekneskap	
Björgum skule - ventilasjonsanlegg	700	0	Utbetring av ventilasjon med auka luftmengd i 4 klasserom ved Björgum skule. Prosjektet var i fyrste omgang definert som investeringskostnad, og planlagt finansiert ved unytta lånemidlar frå tidlegare år til Miljøretta helsevern skule/barnehage (291.99.279). Ved nærare vurdering vart kostnaden flytta til driftsrekneskapen, medan budsjettmidlane vart ståande uendra i investering.
Inventar/utstyr skuler og barnehager	0	1 229	Kjøp av inventar/utstyr til Vangen skule i samband med rehabilitering av bygget.
Opprusting av skulebygg	6 750	0	Løyvd 10 mill. kr til opprusting av skulebygg i opprinneleg budsjett 2022. Dei 2 store prosjekta for ungdomsskulen og Vangen skule, medførte at det ikkje var kapasitet til å ta til med fleire investeringsprosjekt innafor grunnskule.
Teknisk inventar i kontorbygg, knutepunktet	0	219	Investeringa gjeld nettverksutstyr/infrastruktur og AV utstyr til knutepunktet. Meir spesifikt er det kjøpt inn og montert utstyr for trådløst dekning i alle leigde areal, skjermar til møterom og videokonferanseutrusting. Investeringa er ferdig, med eit lite meirforbruk. Det er ført noko på prosjektkoden som ikkje er relatert til nettverksutstyr/infrastruktur og AV utstyr, som gjer at det vert eit noko større avvik.
Ungdomsskulen idrettsfløy	75 288	72 089	Voss ungdomsskule - ny idrettsfløy: Voss Herad inngjekk etter utlysing og tilbodskonkurranse av prosjektet ein samspelsavtale med Horgi as i januar 2022. Samspelsperioden vart gjennomført med Byggherre, brukarar og entreprenør, før det enda opp i ei Total entreprisetrakt i april 22. Fysisk oppstart med sanering av eksisterande bygningsmasse starta i slutten av april. Med påfølgjande grunnarbeid og heving av område grunna flaumgrensa. Bygget er 3-delt med idrettsdelen i massiv tre, undervisningsdelen i betongelement og mellombygg med glas-fasadar. Råbygga vart reist seinhausten, og det var tett tak på idrettsdelen til nyttår. Prosjektet skal i tillegg til nybygg oppgradera skulen sitt uteområde, utomhusarbeidet starta med at skuleferien vart nytta til oppgradering av nord-området, slik at dette sto ferdig til skulestart. Framdrifta er i tråd med plan. Ingen uhell som førde til fråvær i byggeprosjektet i 22.
Vangen skule oppgr KST 4/19	22 250	21 218	Vangen skule - teknisk oppgradering av underetasjer: Skulen har fått nytt ventilasjonsrom som dekkar underetasjane med balansert ventilasjon. Dei fleste overflater er oppgraderte. Det har og vore råd å teke oppgradering av overflater i korridor 1.etg og trapperom frå gymsal opp til 2.etg. Prosjektet har vore noko forsinka på grunn av dekking av skjulte røyrføringar



Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap	Kommentar
			under riving som måtte omprosjekterast og flyttast, i tillegg har det vore lang leveringstid på tekniske deler. Ny grupperomsfløy vart teke i bruk i november og gymsalen var klar i slutten av desember. Då ein har utvida prosjektet med oppgradering av overflater i korridor og trappegang i tillegg til auka personbelastning og støyttiltak i gymsal etter ynskje frå skulen. Det gjenstår då noko arbeid i trappegang som vert slutført i 2023. Sluttoppgjør vert teke straks arbeidet er slutført.
Vangen skule oppr./rehabilitering	0	200	Kjøp av inventar/utstyr til Vangen skule i samband med rehabilitering av bygget.
Sum	104 988 94 955		

Barnehage

Skilddring av tenesteområde

Les meir om tenesteområdet her: [Barnehage](#).

Tenesteområdet omfattar i dag 11 kommunale og 7 private barnehagar, styrkt barnehagetilbod og Vonheim open barnehage.

Det er i overkant av 800 born i barnehagane i Voss herad. I 2022 har me oppretta barnehage på Hagahaugen.

Status og utfordringar

Dei første månadane av 2022 var prega av korona og etterverknadane av pandemien. Me hadde og reduserte tilbod på nokre av barnehagane i periodar.

Det er har vore høgt sjukefråvær gjennom året, og utfordrande å få tak i vikarar.

I løpet av 2022 har Voss herad også motteke nokon nye barnehageborn frå Ukraina.

Hovudprioriteringar

Hovudprioriteringa har vore å skapa eit trygt og godt barnehagemiljø for alle barn.

Gjennom prosessen med Agenda Kaupang vart det jobba med leiarutvikling, noko som me fortsetter med i 2023.

To barnehagar er med i satsinga om inkluderande barnehagemiljø.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap		Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
	2021	2022			
Barnehage	138 126	145 953	127 329	131 935	-14 019
Styrkt barnehage tilbod	10 240	7 518	14 328	14 328	6 810



Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Barnehage- lokale og skyss	7 093	7 188	6 993	8 624	1 436
Sum	155 459	160 660	148 651	154 887	-5 772

Kommentar til status økonomi

Tenestemrådet har ved årsslutt eit meirforbruk på nær 5,8 millionar kr.

Hovudårsak til meirforbruk på barnehage er knytt til høgare overføring til private barnehagar enn det som vart budsjettert, noko som skuldast bemanningsnorma. Avvik her ligg på omtrent 2,3 mill. kr.

Det største avviket gjeld pensjon, og er på omtrent 4 millionar kr. Dette er eit teknisk avvik, og ikkje knytt til drifta av barnehagar (sjå meir info om dette under kapittel om økonomisk status og utvikling). I tillegg er det tapsført 1,4 mill.kr i refusjon sjukeløn som ikkje er budsjettert (Sjå meir info under sentralt kapittel).

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	106 640	112 138	109 049	-3 089
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	9 031	8 714	7 640	-1 074
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	65 991	64 459	62 129	-2 330
Overføringsutgifter	2 875	3 476	-753	-4 229
Finansutgifter	2	1	0	-1
Sum Driftsutgifter	184 539	188 788	178 065	-10 723
Salgsinntekter	-16 425	-16 352	-16 612	-260
Refusjoner	-11 016	-11 770	-7 566	4 205
Overføringsinntekter	0	-6	0	6
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 639	0	1 000	1 000
Sum Driftsinntekter	-29 081	-28 128	-23 177	4 951
Netto resultat	155 459	160 660	154 887	-5 772



Status måltabell

Hovudmål	FN	Mål	Indikator	Ønska	Oppnå	Statusbeskrivi
	berekraftsm			202	d	ng indikator
	ål			1	at	
				2022	resultat	
Attraktive Voss		Barnehageplas s til all med lovfesta rett og ynskjer det	Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år (B)	85,0 %	86,0 %	90,4 %
			Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år (B)	97,0 %	98,0 %	97,0 %
Inkluderan de Voss		God utdanning -Alle born i Vossabarnehag en skal ha god omsorg, ein trygg og god oppvekst. Mindre ulikskap - Vossabarnehag en skal redusera ulikskap	Andel årsverk barne- og ungdomsfagarbei der	15,0 %	16,1 %	
			Andel ansatte som er menn, alle	12,0 %	12,5 %	9,2 %
			Andel av minoritetsspråklig e barn som går i barnehage siste år	72,0 %	74,0 %	
						Tal for 2022 ikkje tilgjengeleg enno

**KOSTRA Nøkkeltal****Kostra-analyse**

	Voss herad 2021	Voss herad 2022	Kinn	Stord	Aurskog- Høland	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) *) **)	194 337	190 148	212 543	179 439	192 484	189 367
Dekningsgrad						
Alle stillingstyper mann andel menn/kvinner (prosent)	11,2 %	10,4 %	7,2 %	8,0 %	7,4 %	9,2 %
Andel barn 0-6 år med barnehageplass (B)	66,6 %	67,3 %	69,8 %	71,1 %	65,5 %	67,1 %
Kvalitet						
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	48,2 %	46,8 %	54,3 %	46,6 %	37,4 %	42,7 %
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) (B)	5,4	5,7	5,9	5,1	5,1	5,8

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak**Rammeendringer i økonomiplanen**

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Vedtak forrige periode				
Feriestenging 2 veker	100	Ferdig		
Sum	100			

Budsjettendringer

Barnehagestruktur	-700	Ikkje starta	!	Det er kostnadsdrivande å drive mange små barnehagar.
Feriestenging 2 veker	-100	Ferdig		
Reduksjon i sjukefråvær	-100	I arbeid		
Bemanningsnorma - private barnehagar	2 200	I arbeid	!	Budsjettet for 2023 er oppjustert i forbindelse med bemanningsnorma. I 2022 var det framleis for lite budsjettet.
Sum	1 300			



Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Politisk vedtak				
HST 16.12.21 Bemanning barnehage	1 300	Ikkje starta	!	Det er utfordrande å få tak i kvalifisert personell slik at dette ikkje er starta opp enda.
Sum	1 300			
Innsparingstiltak				
Effektiviseringskrav barnehage	-200	I arbeid		
Sum	-200			
Sum tiltak	2 500			

Rammeendringar gjennom året*Beløp i 1000*

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Budsjettendringer				
Eingongstiltak - Barnehagane på Voss - oppgradering av utstyr	500	Ferdig		
Eingongstiltak - Opprettelse og drift av Hagahaugen	2 000	Ferdig	✓	Hagahaugen er etablert.
Eingongstiltak - læremiddel/utstyr/leikeapparat/utstyr til bruk i naturen	500	Ferdig	—	Desse pengane vart fordelt til barnehagane utifrå storleik og naudsynt utstyr ble kjøpt inn i 2022.
Sum	3 000			
Sum tiltak	3 000			



Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året	
	Rev.	Rekneskap Kommentar
	bud.	
Ny barnehage i Granvin	2 000 1 229	Prosjektet er 2-3 mnd forsinket, da det har vært behov for omarbeiding av planutkast og skisseforslag fra konsulent. Reguleringsplan vart endelig godkjent mars 2023, og en tek sikte på byggestart hausten 2023.
Sum	2 000 1 229	

Barne- og familietenestene

Skildring av tenesteområde

Les meir om tenesteområdet her: [Barne- og familietenestene](#).

Tenesteområdet omfattar barnevern, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og helsestasjon. I tillegg tilbyr tenesta støttefunksjonar til grunnskule, barnehage og integrering.

Støttefunksjonane er:

- Kommunale logopedar, fire spesialpedagogar i barnehage og Meistringsteam, organisert under PPT.
- Familiesenter med tre terapeutar og ein miljøarbeidar, organisert under barnevernet.
- Tre og ein halv stilling for kommunepsykologar, organisert direkte under leiar for Barne- og familietenester.

Barne- og familietenestene har ansvar for å gje hjelpetenester til born og unge i alderen 0 – 25 år. I tillegg skal me yta hjelp til føresette til born og unge.

Status og utfordringar

Restriksjonar kring koronaepidemien avtok i løpet av våren 2022.

Me har selt interkommunale PP-tenester og kommunepsykologtenester til Ulvik og Eidfjord.

I tillegg har me gjeve logopedtenester til Ulvik, Vaksdal og Voss sjukehus, helse Bergen.

I mars flytta tenestene inn i nytt kontorbygg «Knutepunktet» på jernbanestasjonen. Bygget er eigd av Bane Nor og Voss herad er leigetakarar. Me er samlokalisert med NAV, Vestland fylkeskommune og BUP – helse Bergen.

Tidleg innsats, førebygging, tverrfagleg samarbeid

I Barne- og familietenestene har me framleis stort fokus på tidleg innsats og førebygging. Me ser at det tverrfaglege samarbeidet er styrka etter at me er samlokalisert i Knutepunktet.

Barneverntenesta

Framleis har me store utgifter knytt til barneverntenesta, men har greidd å redusere ytterlegare i 2022, samanlikna med året før. Frå januar 2022 vart den nye Oppvekstreformen; reform 2022 verksett. Voss herad deltek mellom anna i eit interkommunalt prosjekt kring ny organisering og arbeid med fosterheimar. Familiesenteret er styrka med ein 50% stilling for familierapeut.

Helsestasjonen

Me har styrka skulehelsetenesta ved å vera meir ute på skulane. Stor etterspørsel frå skular om skulehelsetenester.



Det har også vore stor pågang etter jordmortenester.

Me ser at Voss herad har hatt lite vanskar med å rekruttere kvalifiserte tilsette til ledige stillingar for helsesjukepleiarar samanlikna med dei siste fem åra.

Foreldrerettleiing

Barnevernet har innført «Vestlandsmodellen»: Dette er ein modell for å undersøka høgkonflikt i familiar. Vidare er det eit tilbod med psykoedukasjon til foreldre. Tilbodet er etterspurt.

Familieterapeutane har teke etterutdanning i metoden EFT- emosjonsfokusert terapi.

I Barne- og familietenestene satsar me på tre ulike formar for rettleingsprogram til foreldre. Me har tilsette i alle tre einingar som har teke/tek vidareutdanning i dei ulike rettleiingsformene.

- ICDP: "International Child Development Programme". Eit helsefremjande og førebyggjande program for styrking av omsorg. Helsestasjonen Har gjennomført 3 ICDP kurs i 2021
- PMTO: "Parent Management Training Oregonmodellen. Målgruppe: foreldre til barn med gryande eller uttalte åtferdsvanskar 3-12 år
- COS: "Circle of Security" - For foreldre som har vanskar i høve omsorg og tilknytning til barnet

Kommunepsykologar

Me har fire kommunepsykologar i 3,5 årsverk som er organisert under leiar i Barne- og familietenestene. Me ser at desse tilfører tenestene våre mykje godt direkte- og førebyggjande arbeid, både klinisk arbeid og rettleiing. Dei jobbar med individualterapi, men har også mange oppgåver knytt til rettleiing og organisasjonsutvikling.

Ulvik og Eidfjord kjøper psykologtenester hjå Voss herad og blir fakturert deretter.

PPT

Frå 1.oktober vart det tilsett ny leiar ved PPT. Stillinga hadde då stått ledig frå november 2021.

PPT er styrkt med ein ekstra rådgjevar i 2022.

Meistringsteamet omfattar tre stillingar.

Frå august er fire stillingar for spesialpedagogar i barnehage overført til PPT frå tenesteområde barnehage.

Evaluering av Oppvekst

Barne- og familietenestene har frå august delteke i evaluering av Oppvekst i regi av Agenda Kaupang. Det er særleg fire områder som skal arbeidast med for å heve kvaliteten i tenestene.

Hovudprioriteringar

- Tidleg innsats, førebygging, tverrfagleg samarbeid
- Styrka skulehelsetenesta
- Foreldrerettleiing ("Vestlandsmodellen")
- Kommunepsykologar

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Helsestasjon og skulehelse	13 119	17 502	13 010	14 070	-3 431
Barnevernsteneste	12 812	20 867	16 186	17 683	-3 184



Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Barnevernstiltak i familien	5 227	5 522	4 590	4 598	-924
Barnevernstiltak utanfor familien	31 687	33 118	23 408	24 228	-8 890
Interkommunale samarb.(§27-samarb.ny)	0	10	6 202	6 469	6 459
Sum	62 845	77 019	63 397	67 049	-9 970

Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet har ved årsslutt eit meirforbruk på nær 10 mill.kr.

Det tapsført 0,6 mill.kr i refusjon sjukeløn som ikkje er budsjettert (Sjå meir info under sentralt kapittel).

Dette kjem då fram som eit negativt avvik i driftsresultatet.

Voss herad sin del av PP (pedagogisk-psykologisk) -samarbeidet mellom Voss herad, Ulvik herad og Eidfjord kommune er ført under teneste grunnskule, medan budsjettet ligg under barne- og familietenestene. Dette gjer at meirforbruket reelt sett er 6,4 millionar kr. høgare for barne- og familietenestene enn det som kjem fram i rekneskapen (og tilsvarande lågare for grunnskule).

Barnevernstenesta

Barnevernstenesta har per 31.12.2022 eit meirforbruk på kr. 3,2 millionar.

Avviket skuldast delvis ekstraordinære utgifter i samband med innflytting i Knutepunktet. Dette utgjer kr. 2,6 millionar i 2022, slik at avviket korrigert for dette vert kr. 0,35 millionar.

Tenesta har hatt auke i utgifter knytt til programvarelisensar og IT-utstyr. Dette utgjer til saman i underkant av kr. 100.000 utover det som er budsjettert.

På inntektssida har fosterheimsrefusjonar for 2021 blitt ført i år, noko som gjer at det er eit positivt avvik på om lag kr. 2 millionar per 31.12.2022 på inntektssida.

Barnevernstiltak i familien

Avvik i dette tenesteområde skuldast arten "tiltak og reising klientar". Dette er hovudsakleg utgifter knytt til førebels plasseringar (aktivt pusterom og inn-på-tunet).

Barnevernstiltak utanfor familien

Tenesta har eit meirforbruk på kr. 8,9 millionar per 31.12.2022.

Av dette er avviket på butilbodet for einslege mindreårige (EM) kr. 3,7 millionar. Meirforbruket her skuldast høgare lønsutgifter og mindre refusjonar enn førespegla. Det vart budsjettert 10,4 mill. kr i refusjonar frå staten, men det er kome inn 6,35 mill. kr.

Det er viktig å framheve at det er plasseringar frå barnevernet i EM-tiltaket som ville kosta kr. 1,8 millionar for kommunen. EM-tiltaket får ikkje refusjon for desse frå barnevernet slik at ein del av meirforbruket i 2022 må også sjåast i samanheng med dette.

Det har blitt gjennomført tiltak innanfor EM-tiltaket slik at utgiftsnivået er tilpassa inntektene noko som gjer at tenesta går i balanse i 2023.

Innafor tenesteområde elles er meirforbruket knytt til auka kostnader til tiltak og klientreiser. Denne posten har eit avvik på kr. 1,7 millionar. Det er også eit meirforbruk på tilskot til barnehage og helseutgifter, stønader til buutgifter og overføringar til andre.



I tillegg kjem ekstra utgifter til andre ikkje oppgavepliktige godtgjersle, samt større utgifter til konsulenttenester og juridiske tenester på til saman om lag kr. 1 million.

Barnevernet har ein del langsiktige plasseringar som har vore avtalt for lenge siden, desse er det vanskeleg å avslutta og dei fortsett å drive kostnadane. Tenesta er elles bevisst på å redusere fosterheimsplasseringar der det let seg gjere.

Utgifter knytt til fosterheimar er i 2022 gått ned med om lag kr. 1.000.000. Støttekontaktgodtgjersle er kr. 135.000 høgare enn budsjettet.

Helsestasjon og skulehelse

Helsestasjonen hadde på slutten av året 2022 eit meirforbruk på kr. 3,4 millionar. Av dette gjeld kr. 2,5 millionar ekstraavgifter på Knutepunktet, og kr 0,4 millionar gjeld avvik på pensjon.

Meirutgiftene elles skuldast delvis utgifter i forbindelse med innflytting i Knutepunktet og ny drift i Knutepunktet. I tillegg har det vore kjøpt inn nausdynt utstyr, oppdatering og nyinnkjøp av datautstyr. Det vert jobba frå leiinga si side med kostnadsreduserande tiltak.

Tenesta fekk for 2022 tildelt kr. 923 872,- i prosjektmidlar frå Helsedirektoratet knytt til styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesta (2064). Av desse brukte helsestasjonen i 2022 kr. 552 802,- . Helsestasjonen har valt å styrke jordmortenesta med 0,35 årsverk auke i stilling frå 22.08.2022 og noko til auke av helsesjukepleiarstilling i skulehelsetenesta gjennom året. Noko av tilskotsmidlane blir også brukt til å styrke helsesjukepleia i skulen. I tillegg hadde helsestasjonen tilskotsmidlar frå Bufetat ut 2022. Desse gjekk til styrking av foreldrerettleiing, i hovudsak ICDP.

Det vart tilført 1 årsverk knytt til handtering av flyktningar frå Ukraina, til styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta frå august/september i år, og ytterlegare 0,5 årsverk frå november. Desse midlane vart fordelt til styrking av helsesjukepleiarstillingar i helsestasjonen og på dei skulane som har motteke flyktningar frå Ukraina.

Lønsutgiftene i helsestasjonen er i balanse. Tenesta har hatt utfordringar med langtidsfråvær og forsøkt å dekke dette inn i den grad det har vore mogeleg.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	59 900	63 164	61 486	-1 678
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	11 415	19 961	11 561	-8 400
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	7 285	8 119	6 772	-1 347
Overføringsutgifter	6 658	10 157	4 266	-5 891
Finansutgifter	585	0	0	0
Sum Driftsutgifter	85 842	101 401	84 085	-17 316
Salgsinntekter	-38	-19	-104	-85
Refusjoner	-22 070	-23 730	-15 323	8 407
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-890	-634	-1 609	-975
Sum Driftsinntekter	-22 997	-24 382	-17 036	7 346
Netto resultat	62 845	77 019	67 049	-9 970



Status måltabell

Hovudmål FN	Mål	Indikator	Ønsk	Oppnå	Statusbeskriving	
berekrafts			202 a	dd	indikator	
mål			1	result	resulta	
			at	t		
			2022			
God helse og livskvalitet	03 - God helse og livskvalitet	God helse for alle barn i heradet. Arbeide for at barn får rett hjelp til rett tid.	Andel barn under omsorg som har tiltaksplan	70, 75,0 0 %	90,0 %	Nesten alle born under omsorg har no ein tiltaksplan
		Andel undersøkelser gjennomført innenfor 3 måneder	87, 90,0 0 %	89,0 %		
		Andel barn som har fullført helseundersøke lse innen utgangen av 1. skoletrinn (B)	91,0 %	93,0 %	Dei aller fleste av fyrste klassingane har vore innom undersøkjinga.	
		Andel barn som har fullført helseundersøke lse ved 4 års alder (B)	92,0 %	100,0 %	Så å si alle i denne aldersgruppa har vore innom til undersøkinga.	
		Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn(B)	5,0 %	8,2 %	Me ser at me har ei auke i tal elevar som mottek spesialundervisning jo lengre opp i årsklassen ein kjem. Ein ser og at ressursbruk knytt til spesialundervisninga aukar oppover i klassestega. Det blir arbeida med å få spesialundervisningstala ned i samarbeid med PPT. Med vriding av spesialundervisninga frå spesped til tilpassa opplæring	



Hovudmål FN
berekrafts
mål

Mål

Indikator

Ønsk Oppnå
202 a dd
1 result resulta
at t
2022

Statusbeskriving
indikator

samt tidleg
innsats.

Andel elever i
grunnskolen
som får
spesialundervis
ning, 5.-7.
trinn(B)

5,8 % 11,1 %

Me ser at me har ei
auke i tal elevar
som mottok
spesialundervisnin
g jo lengre opp i
årsklassen ein
kjem. Ein ser og at
ressursbruk knytt
til
spesialundervisnin
ga aukar oppover i
klassestega. Det
blir arbeid med å få
spesialundervisnin
gstala ned i
samarbeid med
PPT. Med vriding
av
spesialundervisnin
ga frå spesped til
tilpassa opplæring
samt tidleg
innsats.

Andel elever i
grunnskolen
som får
spesialundervis
ning, 8.-10.
trinn(B)

10,0 % 12,0 %

Me ser at me har ei
auke i tal elevar
som mottok
spesialundervisnin
g jo lengre opp i
årsklassen ein
kjem. Ein ser og at
ressursbruk knytt
til
spesialundervisnin
gen aukar oppover
i klassestega. Det
blir arbeid med å få
spesialundervisnin
gstala ned i
samarbeid med



Hovudmål FN	Mål	Indikator	Ønsk	Oppnå	Statusbeskriving
berekrafts			202	dd	indikator
mål			1	result	resulta
			at	t	
			2022		
					PPT. Med vriding av spesialundervisning frå spesped til tilpassa opplæring samt tidleg innsats.
		Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt(B)	18,0 %	22,0 %	
Inkludera nde Voss	Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhøyrse	Barn med tiltak institusjon, inkl. EM	13	10	6
					akuttileiligheit barnevern og EM- tiltak. Forventer 3 utflyttingar i 2023 og 2 innflyttingar.
Styrke- og 17 - utvikle tverrfagle g samarbei d	Samarbeid for å nå målene	Arbeida for at samtlege tilsette er kjend med kvarandre sine oppgåver. Auke samarbeidskompe tanse hjå tilsette.			

**Status økonomiplan tiltak****Rammeendringar i økonomiplanen***Beløp i 1000*

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Nye tiltak				
Budsjettauke barnevern	2 000	Ferdig		
Psykisk helse barn og unge	1 000	Ferdig		Me har bemanna opp i psykisk helse for barn- og unge både med psykolog og større del helsesjukepleiar
Barnevernsreform 2022	4 905	I arbeid	!	Fleire tiltak under barnevernsreformen er under arbeid og igangsatt.
Sum	7 905			
Sum tiltak	7 905			

Rammeendringar gjennom året*Beløp i 1000*

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Budsjettendringer				
Eingongstiltak - Prosjektleiar/Planleiar Tidleg innsats og livsmeistring	800	I arbeid	—	Me har tilsett ei stilling.
Sum	800			
Sum tiltak	800			



Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		Kommentar
	Rev.	Rekneskap bud.	
Investering oppvekst	0	503	Kjøp av 3 bilar til integrering og EM-tiltak; 1 ny elbil og kjøp av 2 bilar etter leasing.
Teknisk inventar i kontorbygg, knutepunktet	0	285	Investeringa gjeld nettverksutstyr/infrastruktur og AV utstyr til knutepunktet. Meir spesifikt er det kjøpt inn og montert utstyr for trådløsdekning i alle leigde areal, skjermer til møterom og videokonferanseutrusting. Investeringa er ferdig, med eit lite meirforbruk. Det er ført noko på prosjektkoden som ikkje er relatert til nettverksutstyr/infrastruktur og AV utstyr, som gjer at det vert eit noko større avvik.
Sum	0	788	



Integrering og vaksenopplæring

Skildring av tenesteområde

Les meir om tenesteområdet her: [Integrering og vaksenopplæring](#).

Tenesta har som mål å gjera godt integreringsfremjande arbeid ved å skape tillit, nettverk, auke samfunnsdeltaking og tilhøyring for busette flyktningar på Voss. Planlegging av god busetting og kartlegging av behov skjer allereie før flyktningane kjem frå mottak i Noreg og utlandet. Målet er å gje god tilpassa oppfølging etter behov.

Tenesta tilbyr kvalifiseringsprogram for dei mellom 18 og 55 år i form av Introduksjonsprogrammet, der målet er å gje deltakarane grunnleggande ferdigheiter i norsk, grunnleggande innsikt i norsk samfunnsliv og førebu dei til arbeid eller utdanning.

Status og utfordringar

I 2022 var planen å busette 35 flyktningar, men grunna krigen i Ukraina vert det i 2022 stor skilnad frå dei siste åra, og Voss ble oppmoda å busette 175 flyktningar. Ved utgangen av året var 163 flyktningar busett i heradet. Utfordringar med nok husver medførte at dei resterande blei busett i starten av 2023.

Endring i nasjonal busetting medførte endring i fleire lover, mellom anna introduksjonsprogram tilpassa flyktningane med kollektivt midlertidig opphald. Dette gjeld også lovendringar for å gjera det enklare for kommunane å busetje raskare.

Den høge busettinga har ført til auka bemanning og utgifter for Integreringstenesta. Me har brukt ein del ressursar på auka introduksjonsprogram, ventestønad (livsopphald) og bemanning for å gjera eit kvalitativt godt arbeid opp mot flyktning-gruppa.

Det har vore utfordrande å finne bustad til så mange flyktningar. Me har etablert framleige avtaler med private tilbydarar, og nyttar ressursar frå Integreringstenesta til dette arbeidet. Heradet mottok integreringstilskot per busett flyktning, og tilskotet dekkar dei auka kostnadane som tenesta har hatt dette året.

Integreringstenesta flytta inn i nye lokalar i Knutepunktet i februar 2022. Husleiga vart høgare enn forventa i budsjettet. Me har og husleige for eit par kontor på tinghuset grunna plassmangel på knutepunktet etter auka bemanning.

Hovudprioriteringar

- Godt integreringsfremmande arbeid
- Skape tillit, nettverk, auke samfunnsdeltaking og tilhøyring for busette flyktningar på Voss
- Planlegging av god busetting og kartlegging av behov
- Målet er å gje god tilpassa oppfølging etter behov

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Vaksenopplæring	6 108	7 013	4 570	4 105	-2 908
Introduksjonsordninga	6 563	8 740	4 338	5 564	-3 176
Sum	12 670	15 753	8 908	9 669	-6 084



Kommentar til status økonomi

Introduksjonsordninga

Det er ikkje i tilstrekkeleg grad teke omsyn til auka busetting av fleire flyktningar i budsjettet til introduksjonsordninga. Tenesta har eit meirforbruk i forhold til budsjettet på om lag 3,2 mill. kr ved årsslutt.

Vaksenopplæring

Per 31.12.2022 er det eit meirforbruk på kr. 2,9 mill.kr innafor vaksenopplæringa.

Dette skuldast lågare refusjon frå staten enn det som var budsjettert, i hovudsak som følgje av at fleire av elevane som går i vaksenopplæringa er over 5 års ramma. Desse elevane har grunnskulerett, og ettersom dette er ei kommunal oppgåve har me framleis utgifter knytt til dette.

Per i dag er det 22 elevar totalt med grunnskulerett (11 i kombinasjonsklassen) som tenesta ikkje lengre får noko refusjon for, og trenden er stigande. 1,5 - 2 ekstra lærarstillingar er relatert til desse, og bidreg til meirforbruket.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	18 825	22 114	21 327	-786
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	452	716	722	5
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	13	28	210	183
Overføringsutgifter	76	380	130	-251
Finansutgifter	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	19 366	23 238	22 389	-849
Salgsinntekter	-374	-388	-390	-2
Refusjoner	-5 309	-7 097	-11 330	-4 233
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 013	0	-1 000	-1 000
Sum Driftsinntekter	-6 696	-7 485	-12 720	-5 235
Netto resultat	12 670	15 753	9 669	-6 084

Status måltabell

Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska 2021	Oppnådd resultat 2022	Statusbeskrivning indikator
Inkluderand e Voss		Alle opplever tryggleik, meistrar kvardage n og har fleire	Andel personar som er vidare i jobb og/eller utdanning etter introduksjonsprogra m	65,0 %	70,0 % 37,5 %	



Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska 2021	Oppnådd resultat t 2022	Statusbeskriving indikator
		aktive leveår med god helse og trivsel				

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Voss herad 2021	Voss herad 2022	Kinn	Stord	Aurskog- Høland	Kostragruppe 07
Andre nøkkeltal						
Bosatte flyktninger per 1000 innbyggere	1,3					
Bosatte flyktninger per 1000 innbyggere (B)	1,3	10,1	10,3	5,5	6,8	7,4
Innvandrere i prosent av befolkningen	8,8 %	9,0 %	12,7 %	10,8 %	13,5 %	
Tilskudd integrering pr innbygger (B)	2 226					

Status økonomiplantiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Nye tiltak				
Effektivisering og kombinasjonsklasse, vaksenopplæringa	350	I arbeid	!	Dette er eit tiltak som mogleg må styrkast i tida som kjem dersom flyktningstraumen frå Ukraina vedvarer.
Sum	350			
Sum tiltak	350			



Helse

Skildring av tenesteområde

Les om tenesteområdet her: [Helse](#)

Status og utfordringar

Hovudmål for året var mellom anna å få etablert eit frisklivs og meistringstibod og stabilisering av legetenesta.

Frisklivs og meistringstilbodet er i 2023 eit godt etablert tilbod og det har vore stor pågang på kurs og treningsgruppe. 141 deltakarar har vore innom kurs/helsesamtalar. Ved utgangen av 2022 stod det 24 på venteliste. Ventetida har gått ned frå 3 månader til 1 månad etter ny frisklivsmedarbeidar vart tilsett hausten 2022. Snittalder på deltakarane har vore 51 år. 1/3 av desse har vore heilt eller delvis sjukemeldt.

Det vart sett inn ein rekkje tiltak for å stabilisere legetenestene. Auka løn og auka basistilskot har vore utslagsgivande. I tillegg har me avvikla eit næringsdrivande legekontor med 3 heimlar, og gjort det om til eit kontor med kommunalt tilsette. Dette har gitt store meirutgifter på ulike ansvar for legetenestene. Ved utgangen av året lukkast me å tilsetje i 6 av 7 ledige legestillingar. Det vart i 2022 oppretta ein ekstra fastlegeheimel, og det vil i 2023 opprettast ein til. Dette gjer me for at legane skal kunne gå ned på listelengd og skapa rom for noko lastekapasitet. Dette er viktig for både innbyggjarane og fastlegane. Vidare må me ha ein liten buffer for å kunne ta i mot flyktningar frå til dømes Ukraina. Me har som målsetting at dei legane som ynskjer det skal kunne ha 1000 pasientar på lista. Me har hatt fleire utfordringar dette året, som har skapa ein del ekstraarbeid og uro.

Me har gjennom heile året jobba for å finne meir eigna lokale til friskliv og meistringstilbodet. Lokala på Hagahaugen eignar seg i liten grad, og mange syns det er krevjande å koma seg til Hagahaugen. Me har også jobba med utgreiing av nye lokale til dagavdelinga som i dag er lokalisert på Voss sjukeheim. Somme avdelingar har hatt eit unormalt høgt sjukefråvær. Dette har gitt oss tidvise utfordringar med å tilby somme tenester. Det har mellom anna vore krevjande å gjennomføre god rehabilitering etter oppsett plan. Kvardagsrehabilitering har me i haustsemesteret nesten ikkje kunne tilbydd. Heimebesøk til 80-åringar har ikkje vorte gjennomført. Me har også måtte prioritera strengt kven som har fått fysioterapi. Sjukefråværet har medført slitasje på personell i fleire avdelingar, og auka kostnader knytt til overtid og vikarbruk.

Me har hatt utfordringar med å rekruttere til både faste stillingar og vikariat i alle avdelingar i alle yrkesgruppe.

Dersom me får stabilisert legetenestene, vil me få fleire millionar mindre i utgifter i 2023, då me vil sleppe å leige inn byrålegar. Dette fordrer at me held fram med å gi 60% auke på basistilskot, og auka praksiskompensasjon etter nattevakt. Kostnader knytt til oppretting av nye legekontor på Voss legekontor vert fordelt mellom 2022 og 2023, og vil gi eit betydeleg meirforbruk også i 2023. Me håpar å få tilsett to nye institusjonsleger, men enn så lenge nyttar me vikarar også i desse to stillingane.

Tiltak for å få ned kostnader på legevakta: Me har tilsett to legar i nordsjøturnus, samt gått over til vaktplan for 4 mnd om gongen. Dette vil gi betre kontroll på legebehovet på legevakta, og kan tilpassast dei legane me til ein kvar tid har tilgjengelig i kvar periode.



For Ergo- og fysioterapitenesta håpar me at sjukefråværet vil gå ned, men slik det ser ut no vil det følgja oss gjennom første halvår og gi meirutgifter knytt til vikarbruk. Me vil som følgje av dette ha redusert kapasitet..

Me har sikra oss eit interkommunalt samarbeid med Ulvik herad for Friskliv og meistring, som vil gi auka inntekter for 2023. me planlegg å søkje nye mildar saman med Vaksdal og Eidfjord, for vidare interkommunalt samarbeid med desse. Får me til det, vil det vera mogleg at me får auka inntektene ytterlegare, men dette må sjåast opp mot evt behov for ekstra ressursar.

Hovudprioriteringar

Fastlegekrisen.

Friskliv og meistring.

Kvardagsrehabilitering.

Effektiv drift på Hagahaugen.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Førebyggjande helsearbeid	4 458	3 409	2 130	3 311	-98
Lege og fysioterapi tenester	42 091	55 803	39 872	46 728	-9 075
Sum	46 549	59 212	42 001	50 039	-9 172

Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet helse har eit negativt avvik totalt på omtrent 9,1 mill. kr i 2022.

Helse fekk ein del meirutgifter i samband med innflyttinga på Knutepunktet, og avviket på husleige ligg på omtrent 2,3 mill. kr. Voss slapp ikkje unna den nasjonale fastlegekrisa, og ein måtte leige inn vikarar for 3,9 mill. kr (2,9 mill.kr meir enn budsjett). Det kosta og 1,5 mill. kr å løyse inn fastlegeheimlar.

Basistilskotet vart auka med 4 mill.kr til 11,5 mill.kr i forhold til opphavelag budsjett. Avviket gjekk i pluss med 1 million.

Samstundes har avdelinga klart å få inn meir i statlege refusjonar og eigenbetaling enn budsjettet.

Lisensar syner avvik på 1 million, og dette skuldast i all hovudsak Norsk helsenett, fordi Staten i desember 2021 vedtok å auke avgifta på drift av helsenettet.

Det tapsført 234 000 kr i refusjon sjukeløn som ikkje er budsjettet (Sjå meir info under sentralt kapittel).

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	37 589	42 767	41 586	-1 181
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	9 837	17 347	6 093	-11 254
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	22 742	25 530	25 917	387



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Overføringsutgifter	1 664	2 205	285	-1 920
Finansutgifter	66	35	0	-35
Sum Driftsutgifter	71 896	87 884	73 881	-14 003
Salgsinntekter	-2 911	-3 569	-2 776	793
Refusjoner	-22 065	-25 104	-20 331	4 773
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-371	0	-735	-735
Sum Driftsinntekter	-25 347	-28 673	-23 842	4 831
Netto resultat	46 549	59 212	50 039	-9 172

Status måltabell

Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska 2021	Oppnådd resultat 2022	Statusbeskrivning indikator
Attraktive Voss		Betra helse til innbyggjarane med å gjennomføra tiltak innan friskliv, meistring, førebygging og rehabilitering	Tal deltakarar på kurs i friskliv og meistring	300,0	141,0	
Inkluderande Voss		Vidareutviklelikverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenestene	Tal ledige plassar på fastlegeslisten	1,0 %	4,4 %	

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Voss herad 2021	Voss herad 2022	Kinn	Stord	Aurskog- Høland	Kostragruppe 07
Prioritet						
Annet forebyggende helsearbeid brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	296	211	643	766	510	656
Dekningsgrad						
Reservekapasitet fastlege (B)	98,7	95,6	100,1	98,6	104,3	99,5

**Kommunekasse**

Netto driftsutgifter 5,2 % 6,0 % 5,4 % 6,0 % 6,8 % 6,0 %

kommunehelse i prosent av samlede netto driftsutgifter (Kommunekasse)

*) Inflasjonsjustert med deflator

Status økonomiplan tiltak**Rammeendringar i økonomiplanen**

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Innsparingstiltak				
Effektiviseringskrav helse og omsorg	-500	I arbeid	!	Dyre løysingar i 2022 held fram i 2023.
Sum	-500			
Sum tiltak	-500			

Rammeendringar gjennom året

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Budsjettendringer				
Eingongstiltak - utgifter til legetenester	1 000	Ferdig	!	Tilsetjing i fastlegeheimlar er ein pågåande prosess.
Sum	1 000			
Sum tiltak	1 000			

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		Kommentar
	Rev.	Rekneskap bud.	
Teknisk inventar i kontorbygg, knutepunktet	0	76	Investeringa gjeld nettverksutstyr/infrastruktur og AV utstyr til knutepunktet. Meir spesifikt er det kjøpt inn og montert utstyr for trådløst dekning i alle leigde areal, skjermer til møterom og videokonferanseutrusting. Investeringa er ferdig, med eit lite meirforbruk. Det er ført noko på prosjektkoden som ikkje er relatert til nettverksutstyr/infrastruktur og AV utstyr, som gjer at det vert eit noko større avvik.
Utstyr og tekniske installasjonar	0	266	Utstyr til fysio- og ergoterapi til Friskliv, Knutepunktet og Hagahaugen.
Sum	0	341	



Omsorg

Skildring av tenesteområde

Les om tenesteområdet her: [Omsorg](#)

Status og utfordringar

I 2022 har me halde fram med omstilling for omsorgstenestene. Det er gjennomført omstilling for å tilpassa drifta dei økonomiske rammene. Det er store utfordringar med å rekruttera personell innan alle yrkesgrupper. Det har ført til at me nyttar dei tilsette utover avtalt stillingsstorleik. Meirarbeidet er betydeleg for mange av dei tilsette. Sjukefråveret er høgt i mange av avdelingane i tenesteområde omsorg. Dette gjeld spesielt i heimetenesta, men og i langtidsavdelingane. Dette fører til at dei som er på jobb ofte vert beden om å hjelpe til med ekstraarbeid.

Heradet har nytta litt færre langtidsplasser på Voss sjukeheim i 2022. Dette skuldast at det ikkje er søkjarar som treng plassane.

Område sør i Granvin har gjennom naturleg avgang tilpassa seg bemanningsnivået i resten av heradet. Det vart noko trangt bemanningsmessig og det vart nødvendig å styrkje budsjettet i område Sør med eit årsverk.

Produksjonskjøkkenet på Vetteflaten er i gang, og leverar mat til Aust, Vest og Nord. Brukarar er fornøgd med den gode maten dei serverar.

For avdeling menneske med nedsett funksjonsevne har utfordringane vore auke i omfattande tenester til enkelt brukarar og brukerstyrt personleg assistanse (BPA). Dei har og fokus på samarbeid med pårørande og verjer.

På Aust har overgang til korttidsplassar merkast ved at pasientgruppa krev høgare behandlingsnivå, langtidsbebuarar er jamnt klinisk og kognitivt sjukare ved innkomst enn tidlegare og ein merkar trong for tettare sjukepleiaroppfølging av den enkelte pasient.

Korttidseininga har omfattande pasienttilfelle med langtkommen palliativ og terminal sjukdom, og personale for natteining har større behov for kompetanse innan dette området då dei handterer denne gruppa på nattestid.

For Vest er fagdekninga på langtidsavdelinga særst tynn. Difor har det gått ressursar med til å sikre eit minimum av fagdekning på grunn av vakansar. Ofte har ein sjukepleiar hatt ansvar for heile avdelinga, som medfører at sjukepleiar må erstattast i pleien. Behovet for kompetanse har vore så stort at overtid har vore nødvendig. Det er mange vakante assistentstillingar på helg.

Hovudprioriteringar

Optimal bruk av dei ressursane me har til rådvelde, spesielt personale.

Tildela rette tenesta til brukarane.

Vidareføra prosjekt om oppgåvedeling.

Fokus på leiaroppgåva og å gje leiarane ein overkommeleg arbeidsdag.

Kompetanseutvikling - kompetente fagmiljø vil trekkja til seg fleire kompetente fagpersonar.

Digitalisering og velferdsteknologi.

Heiltidskular og tilrettelagt arbeidstid.

Redusera sjukefråver.

**Status økonomi per teneste**

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Aktivisering av eldre og funksjonshemma	19 291	24 381	20 696	21 377	-3 004
Rusomsorg	275	183	152	152	-31
Pleie i institusjon	164 570	189 774	158 179	173 439	-16 336
Pleie til heimebuande	170 141	184 023	172 542	182 804	-1 219
Tilbod øyeblikkelig hjelp - døgnopphald i kommune	2 600	3 115	1 773	2 484	-632
Institusjonslokale	21 448	25 376	18 642	22 495	-2 881
Sum	378 326	426 854	371 984	402 751	-24 103

Kommentar til status økonomi

Avviket på tenestområdet Omsorg vart i overkant av 24 mill.kr. Over 13 mill.kr av dette skuldast pensjon og 4 mill.kr er tapsført for refusjon sjukeløn (Sjå meir info under sentrale kapittel). Dette kjem då fram som eit negative avvik i driftsresultatet.

Koronaavtalen gjekk ut april 2022. Avtalen førte til betydelege utgifter i tenesta. Staten dekkar ikkje inn heile beløpet, og heradet har nytta egne reserver til å dekkar utgiftene.

Det er stor innsparing på faste løner, ganske enkelt fordi ein ikkje har lukkast å rekruttera til ledige stillingar.

Dei store avvika gjeld overtid. Samla har Omsorg brukt 16,6 mill. kr til overtidbetaling (8,0 mill. kr meir enn budsjett) – dette kan reknast om til over 20 årsverk som ein manglar for å få drifta til å gå rundt. Det gjekk og ut 12,6 mill. til innleige at sjukepleiarar frå eksterne firma (avvik 5,7 mill. kr), som er løysinga når egne ressursar ikkje strekk til. Innleige skuldast i all hovudsak mangelen på sjukepleiarar.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	387 644	429 078	408 287	-20 791
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	54 932	62 518	49 859	-12 659
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	30 503	40 118	39 376	-742
Overføringsutgifter	7 431	13 929	7 038	-6 891
Finansutgifter	1 447	622	0	-622
Sum Driftsutgifter	481 958	546 265	504 560	-41 705
Salgsinntekter	-34 635	-31 915	-32 400	-485
Refusjoner	-63 445	-85 008	-67 814	17 194
Overføringsinntekter	-1 510	-598	-5	593



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-4 041	-1 891	-1 590	301
Sum Driftsinntekter	-103 632	-119 411	-101 809	17 602
Netto resultat	378 326	426 854	402 751	-24 103

Status måltabell

Hovudmål	FN berekrafts mål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Inkluderan de Voss		Alle opplever tryggleik, meistarar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel.	Auke i årsverk i heimeteneste		2,0	2 årsverk oppretta, men det er fortsatt vakante stillingar i heimetenestene.
			Bruk av lokaliseringsteknologi (GPS, sensor)	20, 30,0	25,0	
			Mottakarar av matombringning til gruppa over 80 år som ikkje bur på institusjon	10, 0 %	12,0 %	Har ikkje eigne tal for dette. Nytt produksjonskjøken vil vonaleg auka matsal til heimebuande.
			Tilbod om plass dagtilbod for personar med demens	28, 0	30,0 31,0	Innvilga vedtak i 2022
			Utvikla likeverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenes ter	Andel av dei som har hatt korttidsopphald som returnerer til heimen	50, 0 %	55,0 % 53,0 %

**KOSTRA Nøkkeltal****Kostranalyse**

	Voss herad 2021	Voss herad 2022	Kinn	Stord	Aurskog- Høland	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (B)	33,8 %	33,5 %	35,1 %	38,5 %	33,6 %	33,2 %
Dekningsgrad						
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)	37,6 %	35,7 %	25,8 %	40,8 %	29,7 %	29,8 %
Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (prosent)	0,7 %	0,8 %	1,0 %	0,5 %	0,6 %	0,7 %
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	12,6 %	11,5 %	12,1 %	7,9 %	10,1 %	9,1 %

Status økonomiplan tiltak**Rammeendringer i økonomiplanen***Beløp i 1000*

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Innsparingstiltak				
Effektiviseringskrav helse og omsorg	-1 500	I arbeid	–	Mangel på fagpersonell kan gje dyre løysingar.
Sum	-1 500			

Budsjettendringer

Effektivisera bemanning område Vest (Voss sjukeheim)	-1 000	Ferdig	–	Færre årsverk.
Redusera institusjonsplassar	-2 500	I arbeid	–	Færre langtidsplassar ved naturleg avgang og ingen på venteliste.
Drift av kommunalt kjøkken Vetleflaten frå tidleg 2022, Voss sjukeheim frå hausten 2022. (Meirutgifter.)	3 500	Ferdig	–	Bebuarar og heimebuande er særskildt nøgde med maten det nye kjøkkenet tilbyr.
Sum	0			

Nye tiltak



Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Auka ressursbehov brukarar i institusjon	1 950	I arbeid	–	
Auka ressursbehov til brukarstyrt personleg assistanse (BPA)	4 630	I arbeid	!	Fleire søker om tenesta og enkelte har aukande behov.
Auka ressursbehov ressurskrevjande brukarar i heimetenesta	1 816	I arbeid	–	Aukande behov hjå enkelte brukarar.
Styrking heimetenestene Vest og Aust	1 160	Ferdig	–	Eit nødvendig tiltak sidan talet på heimebuande som treng tenester er stigande.
Nye brukarbehov, endring med barnevernreforma	2 275	I arbeid	–	
Auka ressursbehov brukar på avlastinga	1 350	Ikkje starta	✓	
Ny brukar, ekstern plassering	2 550	I arbeid	!	Utskreve frå spesialisthelsetenesta.
Sum	15 731			
Sum tiltak	14 231			

Rammeendringar gjennom året

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Budsjettendringar				
Eingongstiltak Driftsmidlar til utskifting av inventar og utstyr som kjøleskap, ovnar, it utstyr eller inventar og møblar.	1 000	I arbeid	–	Fornyng av utstyr held fram i 2023.
Eingongstiltak Velferdsteknologi	1 000	I arbeid	–	
Eingongstiltak - Flyttbare heiser	150	Ferdig	✓	Gjennomført.
Sum	2 150			
Sum tiltak	2 150			



Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		Kommentar
	Rev.	Rekneskap bud.	
Bilar helse og omsorg	2 300	294	Kjøp av 2 bruktbilar til heimetenestene.
Kommunalt kjøkken	12 000	37 464	Produksjoskjøkken: Fysisk oppstart på produksjonskjøkkenet starta seinhausten 21, innvendig ombygging i eksisterande bygg, ferdigstilt desember 21. Betong, stål og førebunde arbeid med føringsvegar i eksisterande bygg gjekk utover heile vinteren. Våren 22 starta tømrararbeid og påkopling til eksisterande bygg. Innvendig arbeid oppstart etter ferien, prosjektet vart overlevert som planlagt 01.11.22 og har sidan medio november levert middagsmat. Prosjektet har tilført Vetteflaten ein del oppgraderingar som carport med EL lading for heimesjukepleie, sol-skjerming, kjølt ventilasjon i foajé og oppgradert utomhusområdet. Grøntarbeid og planting våren 23. Ingen uhell som førde til fråvær i byggeprosjektet. Tilskot frå Husbanken med 12,5 mill vart fyrst utbetalt i januar 2023.
Teknisk inventar i kontorbygg, knutepunktet	0	114	Investeringa gjeld nettverksutstyr/infrastruktur og AV utstyr til knutepunktet. Meir spesifikt er det kjøpt inn og montert utstyr for trådlusdekning i alle leigde areal, skjermar til møterom og videokonferanseutrusting. Investeringa er ferdig, med eit lite meirforbruk. Det er ført noko på prosjektkoden som ikkje er relatert til nettverksutstyr/infrastruktur og AV utstyr, som gjer at det vert eit noko større avvik.
Utstyr og tekniske installasjonar	750	0	Utstyr til fysio- og ergoterapi til Friskliv, Knutepunktet og Hagahaugen.
Vetteflaten - ny dagavdeling	0	209	Stod ferdig desember 2021, og har fungert til formålet.
Villa Gjerdebu - uteområde	750	0	Heradsstyret handsama 2. tertialrapport 20.10.2022 (sak 1012/22), og løyvde då kr 600.000 + mva til "Uteområde Villa Gjerdebu", finansiert frå auka inntekter frå sal av konsesjonskraft.
Vossest. oms.tun - carport heimesjukepleie og vaktmesterlager	1 625	0	Rammeløyve for oppføring av carport med bod er godkjent. Det er laga skisseprosjekt, kravspesifikasjon og konkurransegrunnlag. Vert utlyst i mars 2023.
Sum	17 425	38 081	

Sosialtenester

Skildring av tenesteområde

Les meir om tenesteområdet [her](#).

Sosialtenestene i Voss herad omfattar psykisk helse og rusarbeid, NAV og integreringstenester.

Avdelingane skal sikra samanhengande tenester som kjem den enkelte brukar til nytte.



Status og utfordringar

Integreringstenesta har klart å få ein del flyktningar frå Ukraina inn i introduksjonsprogrammet raskare enn planlagt, og fleire enn forventa gjekk over til å bli ordinære NAV-brukarar, noko som ga overskriddingar hjå NAV.

Helse og omsorg satsar på psykisk helse og rusarbeid. Ein ynskjer å satsa på førebyggjande arbeid og gje eit betre tenestetilbod til dei med milde og moderate psykiske lidningar. Dette gjer ein ved å dreia tenesta til meir målretta arbeid for målgruppa. Samstundes skal ein sørgja for at alle som har behov for hjelp skal kunne få det.

Voss herad har fokus på å få til god samhandling på spesialisthelsetenesta omkring dei brukarane med store samansette psykiske lidningar.

Det skal takast omsyn til om sosialtenestemottakarar har barn. Barnets levestandard og behov skal sikrast. Det vert difor ofte gjeve meir i stønad til barnefamiliar no enn tidelgare, etter presiseringar frå Statsforvaltaren om at barneperspektivet og barn sine behov skal særskilt vurderast, med individulle og konkrete vurderingar.

NAV Voss opplever at det er fleire stønadmottakarar som ved månadens slutt ikkje har tilstrekkeleg med midlar for å klare dei totale utgiftene. Då må dei søkje om supplerande stønad eller naudhjelp for å klare seg fram til neste månadsutbetaling.

Heradet har gjennom 2022 halde fram samarbeidet med Kirkens Bymisjon om følgjande:

- Arbeidstilbod til rusavhengige. Eit samarbeid med NAV, kommunen, frivillige lag/organisasjonar, og private.
- Hengeplass for ungdom på ettermiddag er etablert, her får ein også tilgang til å snakke med psykologtenesta.
- Skattkammeret. Ungdomsteam, utstys-sentral, samkøyring av andre frivillige og ideelle organisasjonar som jobbar med fattigdomstiltak.
- Samarbeid med Bjørkeli DPS om individuell jobbstøtte (IPS). Målet er å få personar med psykisk lidning ut i arbeid. Her er det ordinært arbeidsliv som vert nytta, ikkje tradisjonelle tiltaksplassar.

Hovudprioriteringar

Hovudoppgåve : Få folk i arbeid.

Syta for nok ressursar til livsopphald for den enkelte.

Psykisk helse og Rus jobbar for å gje innbyggjarar med behov for tenesta gode liv.

Eit viktig tiltak er samarbeidet med Kirkens Bymisjon.

Bustadsosial handlingsplan - alle skal ha ein trygg plass å bu.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap		Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
	2021	2022			
Sosial og flykningkontor	20 541	24 800	18 200	21 782	-3 018
Kommunale sysselsettingstiltak	598	593	-190	-190	-782



Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Kvalifiseringsordning	2 410	1 901	3 830	1 830	-71
Ytelse til livsopphald	21 471	29 958	15 272	26 772	-3 187
Stønad til eigen bustad	4 177	4 013	3 750	3 750	-263
Sum	49 198	61 265	40 862	53 944	-7 322

Kommentar til status økonomi

Sosialtenester endte opp med eit negativt resultat i 2022 på omtrent 7,3 mill. kr.

NAV hadde meirforbruk på husleige. I ein periode under flytting betalte NAV leige både på Tinghuset og på Knutepunktet. Sosialhjelp hadde overskriding på 5,5 mill.kr. Revidert budsjett for 2022 skulle ha vore tilstrekkeleg med utgangspunkt i rekneskapen for 2021. Avviket skuldast hovudsakleg generell prisvekst. Overforbruket i tenesteområdet går i hovudsak til stønadar og husleige. Utgiftene går til store barnefamiljar, uføretrygda, brukarar med andre statlege ytingar og flyktningar.

Her kan nemnast at taksten for tiltakspengar vart redusert i 2021. NAV Voss opplever at det er vanskeleg å få økonomien til å gå i hop for stadig fleire av brukarane. Dette syner seg også i ei stadig auka oppdragsmengd for gjeldsrådgjevar.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	17 923	18 623	18 146	-478
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	5 448	8 813	3 774	-5 039
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3 957	4 337	3 317	-1 020
Overføringsutgifter	27 803	35 636	31 819	-3 817
Finansutgifter	4	1 151	0	-1 151
Sum Driftsutgifter	55 135	68 560	57 056	-11 504
Salgsinntekter	-806	-2 905	-827	2 078
Refusjoner	-4 046	-4 389	-2 285	2 104
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 085	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-5 937	-7 295	-3 112	4 182
Netto resultat	49 198	61 265	53 944	-7 322



Status måltabell

Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2021	Oppnådd resultat 2022	Statusbeskriving indikator
Inkluderande Voss		Alle opplever tryggleik, meistarar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel	Tal brukarar med psykisk liding som kjem ut i arbeid	15	19	Betre enn forventa.
			Tal brukarar som deltek i gruppetilbod innan rus og psykiatri		45	45 personar i snitt per veke i 2022. Har ambisjonar om å doble dette talet i 2023.
		Alle opplever tryggleik, meistarar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel.	Tal brukarar med psykisk liding som kjem ut i arbeid	15,0	19,0	
			Tal brukarar som deltek i gruppetilbod innan rus og psykiatri			
		Utvikla likeverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenester				

**KOSTRA Nøkkeltal****Kostra-analyse**

	Voss herad 2021	Voss herad 2022	Kinn	Stord	Aurskog- Høland	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutgifter til råd, veiledning og sos.forebyggend arb. pr. innb, 20-66 år (B) *) **)	3 443	3 651	2 511	2 420	1 171	1 806
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	4,6 %	5,1 %	4,6 %	4,0 %	4,2 %	4,7 %
Dekningsgrad						
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	33,4 %	35,0 %	17,1 %	41,7 %	46,7 %	34,5 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år (B)	3,5 %	4,5 %	3,3 %	2,4 %	3,9 %	3,6 %
Kommunekasse						
Netto driftsutgifter per innbygger (242) råd veiledning og sosialt forebyggende arbeid (B) (Kommunekasse) *) **)	1 997	2 114	1 003	1 430	705	1 064

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak**Rammeendringer i økonomiplanen**

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Budsjettendringer				
Reduksjon i bemanning - integreringstenesta	-550	Ikkje starta	✓	
Sum	-550			
Nye tiltak				
Auka ressursbehov tilrettelagde arbeidsplassar	50	I arbeid	!	Det er krevjande å få dei siste ut i arbeid.
Sum	50			



Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
--------	---------------	--------	--------	------------

Sum tiltak	-500			
------------	------	--	--	--

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		
	Rev.	Rekneskap	Kommentar
		bud.	
Investering oppvekst	0	340	Kjøp av 3 bilar til integrering og EM-tiltak; 1 ny elbil og kjøp av 2 bilar etter leasing.
Teknisk inventar i kontorbygg, knutepunktet	0	780	Investeringa gjeld nettverksutstyr/infrastruktur og AV utstyr til knutepunktet. Meir spesifikt er det kjøpt inn og montert utstyr for trådløsdekning i alle leigde areal, skjermer til møterom og videokonferanseutrusting. Investeringa er ferdig, med eit lite meirforbruk. Det er ført noko på prosjektkoden som ikkje er relatert til nettverksutstyr/infrastruktur og AV utstyr, som gjer at det vert eit noko større avvik.
Sum	0	1 120	



Kultur og fritid (inkl.kyrkja)

Skildring av tenesteområde

Les om tenesteområdet her: [Kultur og fritid](#)

Status og utfordringer

Endeleg er det igjen aktivitet på kulturfeltet. Etter to år med korona har kulturlivet kunne planleggja og gjennomføra kulturaktivitet utan restriksjonar, og deltakarar og publikum har så smått begynt å vende tilbake. Det er likevel for tidleg å sei noko om dei langsiktige konsekvensane av koronapandemien på deltaking i kultur og idrett. IPSOS analyse har gjort ein undersøking av endring av kulturbruk hjå innbyggjarane (2022:35) og dei skriv:

“Resultatene fra denne undersøkelsen om endringer i kulturbruk som en følge av pandemien, viser først og fremst at folk har savnet kulturtilbud under pandemien. Mye tyder på at folk ikke bare ønsker å ta i bruk kulturtilbud de benyttet seg av fra før, men at flere ønsker å benytte seg mer av kulturtilbud etter pandemien. Etterspørsel etter kulturtilbud vil øke. Det er et ønske eller tro på, blant respondentene, om fortsatt kulturbruk etter pandemien. Undersøkelsen viser at kulturtilbud spiller en viktig rolle i folks liv, og folk flest synes ikke de helt får dekket behovet for kulturbruk når det er begrenset til aktiviteter i hjemmet.”

Når me ser på tala fordelt etter aktivitet lover det godt for besøket til Voss kulturhus framover då det er dei tre variablane kino, konsert og bibliotek som skårar høgst:

Figur 19. Etter pandemien, hvilke av disse fysiske kulturtilbudene tror du at du vil benytte?
(Totalutvalg, n=2011)




(IPSOS 2022:30)

Sjølv om det er for tidleg å konkludera i høve gjenreisinga av kulturlivet etter koronaen, finnes det undersøkingar som kan tyde på at me står overfor ei utfordring når det gjeld deltaking blant barn og unge.



Har de begynt igjen på samme eller ny fritidsaktivitet etter at det åpnet opp?




Frivilligbarometeret for 2022 syner at berre 33 % av ungdommane som mista fritidstilbodet sitt under pandemien har kome tilbake til same eller ny aktivitet.

Me veit at fritidsaktivitet blant barn og unge heng saman med foreldra si inntekt. Når pandemien vert avløyst av dyrtid, vil dette truleg kunne slå særleg hardt ut for familiar med vedvarande låg inntekt. For å sikra brei deltaking og for å sikra at me når dei gruppene som har eit særleg behov for ein aktiv kommune, har me gjennom heile 2022 jobba for å sjå innbyggjarane våre som heile menneske som treng hjelp og støtte på tvers av kommunale tenester. Me har eit stort fokus på tverrfagleg arbeid retta inn mot ulike grupper, aktivitetar og tenester. Me har jobba i formelle tverrfaglege strukturar og prosjektbasert til dømes gjennom reforma Leve heile livet og i ungdomsprosjektet Bygd for alle. Dette er eit felt og ei arbeidsform me må ta med oss vidare og utvikla samane med både helsesektoren, oppvekstsektoren og barne- og familietenestene.

Lokalane til fleire av avdelingar i kultur og fritid er ikkje tilfredsstillande. På kulturhuset veks tenestene seg ut av huset. I tillegg til auken i tal elevar i vaksenopplæringa, har kulturskulen ei auke av elevar for sjuande år på rad. Elevplassane har dobla seg dei siste ti åra, og sjølv om me no skal vidareutvikle den desentraliserte kulturskulen, vil me ha behov for meir plass til denne tenesta på kulturhuset. Etter endring av prispolitikken der me ynskjer å stimulera frivillige lag og foreiningar, ynskjer fleire å halde til på kulturhuset. Dette er også eit ynskje frå oss. Det er eit mål for Voss herad at kulturhuset skal vera eit kulturelt kraftsenter også for det frivillige kulturlivet. For å møte nye krav og forventingar til kva eit relevant biblioteket skal vera, må også dei ha plass til utvikling av til dømes ein folkeverkstad og gamingrom for barn.

Det er ei kjent sak at ungdomsklubben Gryto ikkje tilfredsstillar krava til eit godt arbeidsmiljø. Det er behov for ny ventilasjon og støydempende tiltak i bomberommet. Ventilasjonen har vore på investeringsbudsjettet, men er sett på vent i påvente av ei avklaring om kor ungdomsklubben skal halde til.

Samla sett er Voss ein god kulturkommune. I fylgje Telemarksforskning sin kulturindeks er me den 54 beste kommunen i landet på kultur. Me skårar særleg godt på kulturarbeidsplassar, kino og frivilligheit, men gjer det også godt på bibliotek. Kulturarbeidsplassane kjem høgt opp særleg på grunn av Sylvsmlø.



Heile rapporten kan lesast på [Norsk kulturindeks](#).

Hovudprioriteringar

Dette er ein kort gjennomgang av dei seks overordna måla som kommunalområde kultur og fritid jobba mot i 2022.

1. Arbeid for barn og unge er eit prioritert arbeidsområde

Alle avdelingane i kommunalområde kultur og fritid har tenester og aktivitetar særleg retta mot barn og unge. I ungdomsarbeidet har det vore mange aktivitetssopplegg både innafor ordinær ungdomsklubb, men også som ferieaktivitetar og i samarbeid med næringsliv og kulturaktørar. Målet er å arbeide inkluderande og at alle aktivitetane våre skal vere gratis for ungdommane. I prosjektet Bygd for alle vart det gjennomført ALLEMED-dugnad som er ei tverrfagleg samling der ungdom, føresette, frivillige lag, representantar frå ulike kommunale sektorar og politikarar saman diskuterte korleis ein skal nå hovudmålet til prosjektet. I forkant av samlinga vart det gjennomført ei grundig kartlegging av eksisterande tilbod og tiltak. Resultata frå dette arbeidet har lagt føringar for arbeidet i prosjektet. Målet er å redusere barrierar og utfordringar som fører til utanforskap. Mange barn er glad i å lesa og lesestimuleringssatsinga Sommarles ved biblioteket hadde auke på 27 %. Aktivitetsparken som opna våren 2022 har vore ei stor suksess. Dette er ei lågterskel møteplass som både stimulerer til samvær og fysisk aktivitet.



2. Voss kulturhus skal vere eit kulturelt sentrum.

Eit kulturhus bør sjølvstendig vere eit kulturelt sentrum, men dei siste åra har det vore utfordrande å kunne realisera dette. Etter to år med pandemi slo krigen i Ukraina og flyktningstraumen inn i 2022 og med den auka tal elvar i vaksenopplæringa. Året vart avslutta med storflaumen som råka kulturhuset hardt. I denne situasjonen vert det trøgt om plassen og det er særleg kultur- og frivilligaktivitet som har måtte vike for dei lovpålagte tenestene. Trass dette har me hatt god aktivitet. Me hadde me ein flott barnefilmfestival, og gode besøkstal på kino. Det var og stor aktivitet med mange kulturarrangement i Gamlekinoen.

3. Me skal utvikla gode og stabile samarbeidsformer med frivilligheita.

Frivilligheita generelt og kulturfrivilligheita spesielt er viktig i vår sektor. Voss herad bør bidra til gode rammer for rekruttering og stimulering av frivillig arbeid. Dette gjer me ved arbeidet tett med frivilligsentralen for å underbygga deira rolle som koordinator og bindeledd mellom frivilligheita og heradet. Me inviterte også lag og organisasjonar til å nytta lokala våre gratis eller til reduserte takstar. Me samarbeider også sjølv med frivillige i tenestene våre; ungdomstenestene samarbeider med til dømes Røde kors og Bymisjonen om ulike aktivitetar, og biblioteket sin datakafè er eit samarbeid med Voss gymnas og Folkehøgskulen og eit nytt samarbeid med Voss husflidslag. Mot slutten av 2022 starta me utgreiing av konsekvensane av gratis leige av idrettshall og symjebasseng for barne- og ungdomsidretten i samband med fylkeskommunen sitt pilotprosjekt på dette området.

4. Sikre brei deltaking kunst, kultur og idrettsliv.

Dette målet er styrande for mange av vala me tek gjennom året. Det å sikra og stimulera til eit breitt kulturtilbod og idrettstilbod er viktig. Me har hatt ei god utvikling av Den kulturelle spaserstokken som inviterer til kvalitativt gode kulturopplevingar blant dei eldre og særleg på institusjonar. Den kulturelle skulesekken sikrar profesjonell kultur inn i grunnskulen. Prosjektet Bygd for alle har som hovudmål å sikra deltaking for alle uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn. Kulturmidlane våre er også med å sikra eit breitt kulturtilbod.

I tillegg til særlege prosjekt er det viktig å halde fast ved lågterskeltilboda som kino og bibliotek. Kinobesøket har hatt ein jamn og god utvikling gjennom heile året.

5. Etablere ei debattscene

Ein sakleg og opplyst offentleg samtale er viktig for å sikra respekt, inkludering og demokratiske prosessar. Biblioteket har ansvar for dette og har sett ned ei arbeidsgruppe som skal arrangera fleire debattar i 2023.

6. Aktivt samarbeid med eigarar og interessentar i kulturminnevernet.

I samband med kulturminnedagane arrangerer me opne seminar om kulturmiljøvern. I 2022 var tema Kulturarv og stadidentitet, og me fordjupa oss i korleis det bygde miljøet er med å formar oss som menneske og lokalsamfunn. Tema er særleg knytt til vernesonene som er lagt på buområda rundt Vangen. Me ser det også som ei viktig oppgåve å bistå huseigarar med planlegging og søknadar i samband med restaurering og istandsettingsprosjekt.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000



Teneste	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr
Aktivitetstilbod - barn og unge	3 574	4 214	3 505	3 602	-611
Kommunal næringsverksemd	18	88	109	109	21
Kulturminneforvaltning	726	677	555	627	-50
Bibliotek	5 726	6 169	5 902	5 996	-172
Kino	-184	379	295	355	-24
Museum	525	545	568	568	23
Kunsformidling	2 090	1 976	2 239	2 239	263
Idrettaktivitetar og tilskot idrett	2 288	2 510	2 202	2 202	-308
Kommunale idrettsanlegg/bygg	6 214	7 961	6 236	4 310	-3 651
Kulturskule	4 673	4 775	4 789	5 006	231
Kulturaktivitetar og tilskot kultur	4 210	6 029	6 641	7 087	1 058
Kommunale kulturbygg	1 658	3 863	1 362	2 603	-1 260
Kyrkja	9 566	10 199	9 599	10 199	0
Gravplassar og krematorier	1 718	1 642	1 713	1 601	-41
Sum	42 803	51 027	45 715	46 505	-4 522

Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet for kultur og fritid gjekk ut av 2022 med eit negativt resultat på kr. 4,5 millionar. Stordelen av underskotet er ikkje knytt til drifta av tenesteområdet, men til budsjettavvik relatert til finansiering av investeringar. Det er budsjettert kr. 3,6 millionar til nytt servicebygg ved utebassenget, og i driftsbudsjettet ligg finansieringa som ein inntekt ved bruk av disposisjonsfond. Det vart også budsjettert kr. 880 tusen til ny kinoprojektor. Leveransen vart forsinka og fondsbruken derfor ikkje inntektsført. Me fekk difor eit rekneskapsteknisk avvik.

Tenesteområde Kultur og fritid (inkludert kyrkja), gjekk samla sett med eit lite meirforbruk når ein korrigerer for dei nemnde rekneskapstekniske avvika. Noko er knytt til feilbudsjettering av eksternt prosjektilskot i ungdomsarbeidet, men hovudforklaringa ligg i kr. 1,8 millionar til saneringsarbeidet i kulturhuset etter flaumen, midlar som vert tilbakeført frå forsikringsselskapet. Meirutgiftene knytt til pensjon blei samla sett på nær kr. 500 tusen for tenesteområdet, i tillegg til at straumen auka med kr. 370 tusen (33 %). Det er stort fokus i avdelinga på budsjettkontroll, og alle avdelingsleiarane har både eigarskap og kontroll på sine egne budsjett. Dette syner igjen i årsrekneskapen.

Den største utfordringa for Kultur og fritid framover vil bli gjenoppbygginga av kulturhuset. Oppbygginga må ta omsyn til at kulturhuset ligg i flaumsona og det vil koma på meirkostnader med å førebyggja skadar ved neste flaum.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Lønn	24 122	26 045	26 371	326
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	7 907	11 746	7 670	-4 076



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 552	1 756	1 327	-429
Overføringsutgifter	21 829	25 931	24 729	-1 202
Finansutgifter	1 266	1 423	-1 100	-2 523
Sum Driftsutgifter	56 677	66 901	58 997	-7 905
Salgsinntekter	-6 601	-7 572	-6 024	1 547
Refusjoner	-6 352	-7 410	-3 167	4 243
Overføringsinntekter	-493	-35	0	35
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-428	-857	-3 300	-2 443
Sum Driftsinntekter	-13 874	-15 874	-12 491	3 383
Netto resultat	42 803	51 027	46 505	-4 522

Status måltabell

Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskrivning indikator
Attraktive Voss	03 - God helse og livskvalitet 11 - Bærekraftige byer og lokalsamfunn 12 - Ansvarlig forbruk og produksjon 17 - Samarbeid for å nå målene	FNs berekraftsmål skal ligge til grunn for all kulturverksemd.	Besøk i folkebibliotek per innbyggjar	3,2	4,5	3,4	
			Utlån per innbyggjar	3,3	3,5	3,5	
			I samarbeid med kultur- og idrettslivet skal me utvikla og lyfta fram Voss som ei markant og tydeleg kultur- idretts og festivalbygd.	Norsk	19	20	52
		Voss skal ha eit kulturliv	Kulturarbeidarar i kommunen	12,00	15,00	11,78	



Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
		som bidreg til å styrkar identiteten, gjev gode opplevingar og skapar bulyst.	per 1000 innbyggjar				
Inkluderande Voss	10 - Mindre ulikhet	Barn og unge på Voss skal ha ein trygg og inkluderande oppvekst med ei meiningsfull fritid for alle.	Elever i grunnskulealder i kulturskole, i %	20,0 %	22,0 %	16,7 %	Talet frå 2021 er feil. Rett tal er 16,5 %
			Årlig totalt besøk i kommunalt drevne fritidssenter per 1000 innbyggere 6-20 år	1 084,0		1 035,0	
		Kulturlivet skal tilby møteplassar og byggje fellesskap for alle.	Kinobesøk per innbyggjar	1,50	2,00	1,75	
		Voss herad skal på ein respektfull og likeverdig måte samarbeida med frivilligheita.	Utleige Gamlekinoen, dagar i året	86,0	87,0	123,0	
Innovative Voss	09 - Industri, innovasjon og infrastruktur	Voss herad stimulerer eit kulturliv som utfordrar gamle tankesett og vanar, og slik fremmar kritisk					



Hovudmål	FN berekraftsmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat t 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskrivning og indikator
refleksjon og innovasjon.							

KOSTRA Nøkkeltal

Kostranalyse

	Voss herad 2021	Voss herad 2022	Kinn	Stord	Aurskog- Høland	Kostragruppe 07
Prioritet						
Bibliotek	373	386	297	228	313	297
nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *)						
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	768	922	602	433	593	613
nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *)						
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *)	2 543	2 975	2 534	2 228	2 258	2 429
Dekningsgrad						
Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B)	16,2 %	18,1 %	16,4 %	15,4 %	13,8 %	14,0 %

*) Inflasjonsjustert med deflator

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Vedtak forrige periode				
Kultur og fritid	140	Ferdig	✓	
effektiviseringstiltak				
Sum	140			
Budsjettendringer				
Kultur og fritid	-48	Ferdig	✓	
effektiviseringstiltak				
Overføre idrettshallen til KFet, frå 1.07.21	155	Ferdig	✓	
Sum	107			



Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Politisk vedtak				
HST 16.12.21 tilskot Voss cup	100	Ferdig	✓	
Sum	100			
Nye tiltak				
Ny distriktsmusikarstilling i folkemusikk	200	I arbeid	✓	Tilsetting av distriktsmusikar blei ikkje fullført i 2022. Forhandlingane om samarbeidsavtala med Vestland fylkeskommune tok noko tid, og me jobba med å samordna satsinga med Ullensvang kommune som er del av ordninga der det også skal tilsettast ny distriktsmusikar. Stillinga er no lyst ut og det forventast tilsetting ila våren 2023.
Auke tilskot til Voss frivilligsentral (Nabobeino)	87	Ferdig	✓	
Sum	287			
Sum tiltak	634			

**Status investeringsprosjekt**

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		Kommentar
	Rev.	Rekneskap	
	bud.		
Digitalisering kino (inv)	1 100 0		Kinoprojektoren vart bestilt i juni 2022, men på grunn av leveringsforseinkingar var den ikkje levert ved årsskiftet. Forventa levering fyrste halvår 2023.
Gamlekinoen rehabilitering	300	389	Fase med mogelegheitsstudie for Gamlekinoen er avslutta. Vert finansiert frå tidlegare unytta lånemidlar til gamlekinoen (291.99.543).
Kjøp maskin/utstyr/bilar til park og idrett	0	243	Gjennomført konkurranse på hjullastar til Park og Idrett - ingen tilbydarar. Planlagt ny utlysing, etter at kravspesifikasjon er revidert. Heradsstyret løyvde midlar til robotklippar 09.06.2022 i sak tertialrapport 1 (sak 48/22), finansiert med meirinntekter frå konsesjonskraft til eingongstiltak. Det vart kjøpt inn 1 klippar som har fungert godt på bane Gras 1 sesongen 2022.
Ridande Vossabrudlaup	0	2 026	Flytting og gjenreising av monumentet Ridande vossabrudlaup er knytt til utbygginga på knutepunktet. Bane Nor (Voss stasjonshotell) og Statens vegvesen som utbyggjar tok på seg det økonomiske ansvaret for flyttinga. Arbeidet blei lyst ut på anbod, men det var ikkje mogleg å gje fast pris på oppmuring av ramma til monumentet på grunn av for mange usikkerheitsmoment. Sluttrekninga er til no ikkje klarlagt, men det er forventa at Bane Nor og Statens vegvesen dekker heile rekninga. Arbeidet er planlagt slutført i 2023.
Vossabadet - servicebygg utebasseng	500	0	Opprinneleg budsjett i 2022 til servicebygg utebasseng var 8,375 mill kr. I tillegg er det i 1. tertialrapport budsjettert med 4,5 mill til teknisk rom. Desse beløpa kjem fram med 2 ulike prosjektnr/linjer, men må sjåast i samanheng.
Vossabadet - servicebygg utebasseng	2 500	1 001	Opprinnelege budsjett i 2022 til servicebygg utebasseng er 8,375 mill kr. I tillegg er det i 1. tertialrapport budsjettert med 4,5 mill til teknisk rom. Desse beløpa kjem fram med 2 ulike prosjektnr/linjer, men må sjåast i samanheng. Bygging av teknisk kjellar til utebassenget er i hovudsak utført i 2022, men kostnaden er ført til prosjekt for idrettsfløy på ungdomsskulen. Arbeid med røyr/tilkopling mellom bygga vil fyrst verta kostnadsført i samband med bygging av servicebygget. Det rekneskapsførte beløpet gjeld i hovudsak sanering av gammalt bygg og klargjering av tomt for servicebygg.
Sum	4 400	3 659	



Årsrekneskap

Dette kapittelet gjer ei oversikt over alle dei obligatoriske rekneskapsoversiktane til årsrekneskapen.

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Rammetilskot	-586 307	-552 800	-558 757	-599 106	40 349
Inntekt- og formuesskatt	-476 919	-488 300	-541 237	-521 118	-20 119
Eigedomsskatt	-70 399	-70 600	-70 600	-76 403	5 803
Andre generelle driftsinntekter	-34 657	-39 223	-67 223	-64 834	-2 388
Sum generelle driftsinntekter	-1 168 282	-1 150 923	-1 237 817	-1 261 461	23 644
Korrigert sum løyvingar drift, netto	1 081 979	1 095 870	1 153 797	1 241 430	-87 633
Avskrivningar	68 644	63 758	67 185	67 184	2
Sum netto driftsutgifter	1 150 623	1 159 629	1 220 982	1 308 613	-87 631
Brutto driftsresultat	-17 659	8 706	-16 835	47 152	-63 987
Renteinntekter	-14 090	-15 417	-16 917	-21 665	4 748
Utbytte	-11 476	-10 300	-16 600	-14 992	-1 608
Renteutgifter	14 838	22 280	24 380	22 252	2 128
Avdrag på lån	51 111	52 100	52 100	52 122	-22
Netto finansutgifter	40 383	48 663	42 963	37 716	5 247
Motpost avskrivningar	-68 644	-63 758	-67 185	-67 184	-2
Netto driftsresultat	-45 920	-6 389	-41 057	17 685	-58 742
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering	11 163	6 900	35 189	35 189	0
Avsetningar til bundne driftsfond	15 951	6 000	9 750	11 174	-1 424
Bruk av bundne driftsfond	-41 293	-20 482	-22 232	-34 224	11 992
Avsetningar til disposisjonsfond	63 009	19 777	64 025	15 851	48 174
Bruk av disposisjonsfond	-2 910	-5 806	-45 675	-45 675	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	45 920	6 389	41 057	-17 685	58 742
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0



Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap Opph. 2021	bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap Avvik i 2022	kr
Administrasjon og leing	74 787	77 301	82 409	87 131	-4 722
Plan, næring og forvaltning	24 111	23 755	24 751	39 769	-15 018
Samferdsel	27 998	27 980	35 293	37 107	-1 814
Eigedom og bustad	11 598	24 671	30 202	21 159	9 043
Brann og ulukkesvern	13 297	12 960	13 733	15 435	-1 702
Vatn, avlaup og renovasjon	-15 520	-14 240	-13 766	-4 413	-9 353
Politisk styring	7 807	7 740	7 740	7 244	496
Finansielle postar/økonomi	-84 803	-42 382	-90 882	-110 349	19 467
Grunnskule	249 427	242 886	236 344	289 308	-52 964
Barnehage	155 459	148 651	154 887	160 660	-5 772
Barne- og familietenestene	62 845	63 397	67 049	77 019	-9 970
Integrering og vaksenopplæring	12 670	8 908	9 669	15 753	-6 084
Helse	46 549	42 001	50 039	59 212	-9 172
Omsorg	378 326	371 984	402 751	426 854	-24 103
Sosialtenester	49 198	40 862	53 944	61 265	-7 322
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	42 803	45 715	46 505	51 027	-4 522
Sum løyvingar drift, netto	1 056 552	1 082 190	1 110 666	1 234 178	-123 513
Av dette:					
Avskrivninger	0	0	0	0	0
Netto renteutgifter og -inntekter	-13	-50	-50	24	-74
Overføring til investering	0	0	-1 100	0	-1 100
Avsetninger til bundne driftsfond	5 637	0	0	3 784	-3 784
Bruk av bundne driftsfond	-31 051	-12 981	-14 731	-11 060	-3 671
Avsetninger til disposisjonsfond	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	-650	-27 250	0	-27 250
Korrigert sum løyvingar drift, netto	1 081 979	1 095 870	1 153 797	1 241 430	-87 633



Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Investeringar i varige driftsmidlar	82 330	163 194	179 530	223 360	-43 830
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	420	422	-2
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 910	3 400	3 169	3 169	0
Utlån av eigne midlar	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	398	0	0	742	-742
Sum investeringsutgifter	85 638	166 594	183 119	227 692	-44 574
Kompensasjon for meirverdiavgift	-12 581	-32 328	-36 360	-35 581	-779
Tilskot frå andre	-30 033	-2 500	0	-30 293	30 293
Sal av varige driftmiddel	-7 284	0	0	-1 824	1 824
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	-14 750	0	0	0	0
Bruk av lån	-6 171	-124 866	-106 175	-116 976	10 801
Sum investeringsinntekter	-70 819	-159 694	-142 535	-184 674	42 139
Vidareutlån	41 733	35 000	35 000	20 087	14 913
Bruk av lån til vidareutlån	-30 733	-35 000	-35 000	-20 087	-14 913
Avdrag på lån til vidareutlån	12 726	11 200	11 200	13 261	-2 061
Mottatte avdrag på vidareutlån	-23 136	-11 200	-11 200	-16 886	5 686
Netto utgifter vidareutlån	590	0	0	-3 624	3 624
Overføring frå drift	-11 163	-6 900	-35 189	-35 189	0
Avsetningar til bundne investeringsfond	10 921	0	0	6 086	-6 086
Bruk av bundne investeringsfond	-11 335	0	-420	-565	145
Avsetningar til ubunde investeringsfond	605	0	0	304	-304
Bruk av ubunde investeringsfond	-4 039	0	-4 975	-10 029	5 055
Dekning av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	-15 011	-6 900	-40 584	-39 394	-1 190
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	398	0	0	0	0



Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Administrasjon og leing	590	0	1 710	1 390	320
Plan, næring og forvaltning	2 301	313	313	1 937	-1 624
Samferdsel	2 037	16 194	14 319	31 738	-17 419
Eigedom og bustad	34 484	12 188	16 176	25 152	-8 976
Brann og ulukkesvern	13 594	24 200	6 200	646	5 554
Vatn, avlaup og renovasjon	7 368	6 250	12 000	22 324	-10 324
Grunnskule	7 809	64 250	104 988	94 955	10 033
Barnehage	1 715	16 250	2 000	1 229	771
Barne- og familietenestene	300	0	0	788	-788
Helse	0	0	0	341	-341
Omsorg	12 087	15 175	17 425	38 081	-20 656
Sosialtenester	0	0	0	1 120	-1 120
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	43	8 375	4 400	3 659	741
Investeringar i varige driftsmidlar	82 330	163 194	179 530	223 360	-43 830

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Stedskaping Evanger	0	0	420	422	-2
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	420	422	-2

3. Investeringar i aksjar og andelar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Eigenkapitaltilskot KLP	2 910	3 400	3 169	3 169	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 910	3 400	3 169	3 169	0

4. Utlån

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Utlån av egne middel	0	0	0	0	0
Sum del 1-4	85 240	166 594	183 119	226 950	-43 832



Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Rammetilskot	-586 307	-552 800	-558 757	-599 106	40 349
Skatt på inntekt og formue	-476 919	-488 300	-541 237	-521 118	-20 119
Eigedomsskatt	-70 399	-70 600	-70 600	-76 403	5 803
Andre skatteinntekter	-19 341	-18 630	-18 630	-19 305	675
Andre overføringer og tilskot frå staten	-15 316	-20 593	-48 593	-45 529	-3 063
Overføringer og tilskot frå andre	-244 663	-172 739	-179 832	-241 347	61 515
Brukarbetalingar	-61 753	-59 727	-60 095	-59 155	-940
Sals- og leigeinntekter	-121 808	-133 854	-195 459	-192 552	-2 907
Sum driftsinntekter	-1 596 506	-1 517 243	-1 673 203	-1 754 515	81 312
Utgifter til løn	800 993	797 725	847 243	855 875	-8 631
Sosiale utgifter	185 320	214 263	232 672	231 521	1 152
Kjøp av varer og tenester	388 907	359 677	401 362	484 227	-82 865
Overføringer og tilskot til andre	134 982	90 525	107 906	162 861	-54 956
Avskrivningar	68 644	63 758	67 185	67 184	2
Sum driftsutgifter	1 578 846	1 525 949	1 656 368	1 801 667	-145 299
Brutto driftsresultat	-17 659	8 706	-16 835	47 152	-63 987
Renteinntekter	-14 090	-15 417	-16 917	-21 665	4 748
Utbytte	-11 476	-10 300	-16 600	-14 992	-1 608
Renteutgifter	14 838	22 280	24 380	22 252	2 128
Avdrag på lån	51 111	52 100	52 100	52 122	-22
Netto finansutgifter	40 383	48 663	42 963	37 716	5 247
Motpost avskrivningar	-68 644	-63 758	-67 185	-67 184	-2
Netto driftsresultat	-45 920	-6 389	-41 057	17 685	-58 742
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering	11 163	6 900	35 189	35 189	0
Avsettingar til bundne driftsfond	15 951	6 000	9 750	11 174	-1 424
Bruk av bundne driftsfond	-41 293	-20 482	-22 232	-34 224	11 992



	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Avsettingar til disposisjonsfond	63 009	19 777	64 025	15 851	48 174
Bruk av disposisjonsfond	-2 910	-5 806	-45 675	-45 675	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	45 920	6 389	41 057	-17 685	58 742
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0

Forskriftsskjema konsolidert rekneskap 2022

Den konsoliderte årsrekneskapen etter kommunelova § 14-6 fyrste ledd d, skal visa kommunen som éi økonomisk eining. Dette vert utarbeida ved å slå saman årsrekneskapane til dei einingane som skal inngå. Det vart gjort elimineringsar på dei linjene der dette var aktuelt.

For Voss omfattar dette rekneskapen for Voss herad og Vossabadet og Voss Idrettshall KF.

Konsolidert rekneskap er sett opp etter obligatoriske økonomiske oversikter etter § 5-5, § 5-6 og § 5-8 i [forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap m.m.](#)

Økonomisk oversikt etter § 5-6

	Regnskap 2021	Regnskap 2020
Driftsinntekter		
1 Rammetilskudd	586 307 016	555 733 107
2 Innteks- og formuesskatt	476 918 728	431 925 007
3 Eiendomsskatt	70 399 325	65 172 330
4 Andre skatteinntekter	19 340 886	18 851 744
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	15 316 154	54 371 717
6 Overføringer og tilskudd fra andre	246 428 111	209 432 795
7 Brukerbetalingar	61 752 615	55 012 772
8 Salgs- og leieinntekter	128 637 304	144 585 345
9 Sum driftsinntekter	1 605 100 139	1 535 084 816
Driftsutgifter		
10 Lønnsutgifter	806 749 924	777 525 916
11 Sosiale utgifter	186 598 629	195 179 775
12 Kjøp av varer og tjenester	393 459 307	367 112 127
13 Overføringer og tilskudd til andre	131 221 365	112 603 434
14 Avskrivningar	68 783 198	66 983 390
15 Sum driftsutgifter	1 586 812 422	1 519 404 642



16 Brutto driftsresultat	18 287 717	15 680 174
Finansinntekter		
17 Renteinntekter	14 113 864	15 340 914
18 Utbytter	11 475 971	10 223 362
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-	-
20 Renteutgifter	14 840 392	23 346 669
21 Avdrag på lån	51 110 649	53 312 625
22 Netto finansutgifter	-40 361 207	-51 095 018
23 Motpost avskrivninger	68 783 198	66 983 390
24 Netto driftsresultat	46 709 708	31 568 546
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:		
25 Overføring til investering	-11 164 746	-8 518 941
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	24 654 323	-26 915 615
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-60 199 285	3 489 900
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	-	3 901 462
28 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-3 525 353
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-46 709 708	-31 568 546
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-

Følgende justeringar er gjort i samband med konsolidert regnskap for selskapa 1 og 25:

Selskap	Kostra art	Motpart	Beløp	Type KOSTRA-art
1	480	25	4 511 000	Drift
Sum selskap	1	4 511 000		
25	850	1	-1 141 000	Drift
25	880	1	-3 370 000	Drift
Sum selskap	25	-4 511 000		
Sum konsern	-			

Bevilgningsoversikt etter § 5-5 1.ledd

	Regnskap2021	Regnskap 2020
1 Investeringer i varige driftsmidler	81 931 817	110 383 318
2 Tilskudd til andres investeringer	-	3 000 000
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	2 912 136	22 260 040



4 Utlån av egne midler	-	1 850 000
5 Avdrag på lån	397 861	397 861
6 Sum investeringsutgifter	85 241 814	137 891 219
7 Kompensasjon for merverdiavgift	12 581 235	17 055 630
8 Tilskudd fra andre	30 032 819	4 768 653
9 Salg av varige driftsmidler	7 283 694	25 728 830
10 Salg av finansielle anleggsmidler	-	-
11 Utdeling fra selskaper	-	-
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	14 750 000	-
13 Bruk av lån	6 171 355	90 579 103
14 Sum investeringsinntekter	70 819 103	138 132 216
15 Videreutlån	41 732 885	41 806 032
16 Bruk av lån til videreutlån	30 732 885	41 806 032
17 Avdrag på lån til videreutlån	12 726 259	11 600 678
18 Mottatte avdrag på videreutlån	23 136 170	17 580 642
19 Netto utgifter videreutlån	590 089	-5 979 964
20 Overføring fra drift	11 164 746	8 518 941
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	413 820	-8 994 185
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	3 434 234	-5 745 717
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	-	-
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	15 012 801	-6 220 961
25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	-	

Konsolidert balanserekneskap etter § 5-8

	Regnskap2021	Regnskap i fjor
EIENDELER		
A. Anleggsmidler	4 005 079 754	3 981 382 670
I. Varige driftsmidler	1 769 021 443	1 769 973 390
1. Faste eiendommer og anlegg	1 654 731 783	1 647 092 741
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	114 289 660	122 880 648
II. Finansielle anleggsmidler	585 798 204	578 673 858
1. Aksjer og andeler	209 482 353	206 570 217
2. Obligasjoner	-	-
3. Utlån	376 315 851	372 103 641
III. Immaterielle eiendeler	-	-



IV. Pensjonsmidler	1 650 260 108	1 632 735 422
B. Omløpsmidler	648 484 215	524 040 313
I. Bankinnskudd og kontanter	494 413 351	436 776 049
II. Finansielle omløpsmidler	-	-
1. Aksjer og andeler	-	-
2. Obligasjoner	-	-
3. Sertifikater	-	-
4. Derivater	-	-
III. Kortsiktige fordringer	154 070 864	87 264 263
1. Kundefordringer	107 467 541	77 813 479
2. Andre kortsiktige fordringer	-	-
3. Premieavvik	46 603 323	9 450 784
Sum eiendeler	4 653 563 970	4 505 422 982
EGENKAPITAL OG GJELD		
C. Egenkapital	1 386 075 664	1 271 883 642
I. Egenkapital drift	198 753 757	162 545 852
1. Disposisjonsfond	123 977 196	63 114 968
2. Bundne driftsfond	74 776 562	99 430 885
3. Merforbruk i driftsregnskapet	-	-1
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet	-	-
II. Egenkapital investering	70 073 868	73 921 923
1. Ubundet investeringsfond	11 782 394	15 216 629
2. Bundne investeringsfond	58 291 474	58 705 294
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet	-	-
III. Annen egenkapital	1 117 248 039	1 035 415 867
1. Kapitalkonto	1 136 389 939	1 054 557 767
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	-19 141 900	-19 141 900
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering	-	-
D. Langsiktig gjeld	3 059 946 727	3 037 486 053
I. Lån	1 426 067 563	1 372 802 332
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	1 426 067 563	1 372 802 332
2. Obligasjonslån	-	-
3. Sertifikatlån	-	-



II. Pensjonsforpliktelse	1 633 879 164	1 664 683 721
E. Kortsiktig gjeld	207 541 579	196 053 288
I. Kortsiktig gjeld	207 541 579	196 053 288
1. Leverandørgjeld	-	-
2. Likviditetslån	-	-
3. Derivater	-	-
4. Annen kortsiktig gjeld	207 471 961	195 850 130
5. Premieavvik	69 618	203 158
Sum egenkapital og gjeld	4 653 563 970	4 505 422 982
F. Memoriakonti	-	-
I. Ubrukte lånemidler	191 256 912	110 661 151
II. Andre memoriakonti	200 000	200 000
III. Motkonto for memoriakontiene	-191 456 912	-110 861 151
F. Memoriakonti	-	-
I. Ubrukte lånemidler (Note 2)	-110 661 151	-159 046 286
II. Andre memoriakonti	-200 000	-200 000
III. Motkonto for memoriakontiene	-110 861 151	-159 246 286



Vossabadet og Voss Idrettshall KF

2022 var året då restriksjonar med koronapandemien slapp grepet rundt storsamfunnet, og føretaket fekk – med unntak av to veker i starten av året – halde ope som normalt. Dette har vore svært viktig for folkehelsa, symjeopplæring i skulane, idretten og alle dei tilsette. Likevel har året ført med seg utfordringar i ulike former. Høgt sjukefråvær, høge energikostnader, lekkasje, flaum og inflasjon har vore nokre av dei. I tillegg har det vore eit år for fokus på betre samdrift av det som tidlegare var to føretak, og som no skal driftast under éin administrasjon. Føretaket legg difor bak seg eit år med høgt nivå av samarbeid, varierte arbeidsoppgåver, raske taktskifte, ny kunnskap og omstilling. Resultatet for 2022 vart eit negativt netto driftsresultat på nær 748 000 kr.

(i 1000 kr)	Budsjett 2022	Rekneska 2022
Driftsinntekter		
Overføringar og tilskot frå andre	- 8 146	- 8 783
Sals- og leigeinntekter	- 7 583	- 8 506
Sum driftsinntekter	- 15 729	- 17 289
Driftsutgifter		
Lønnsutgifter	6 416	6 991
Sosiale utgifter	1 673	1 657
Kjøp av varer og tenester	7 627	8 301
Overføringar og tilskot til andre		1 131
Avskrivningar		140
Sum driftsutgifter	15 716	18 220
Brutto driftsutgifter	13	- 931
Finansinntekter		
Renteinntekter	8	44
Renteutgifter	21	1
Avdrag på lån		
Netto finansutgifter	- 13	44
Motpost avskrivningar		140
Netto driftsresultat	-	- 748
Overføring til investering	321	321
Avsetning til bundne driftsfond	21	- 21
Bruk av disposisjonsfond	- 321	- 858
Sum disponeringar	-	- 516
Framført inndekning til seinare år	-	- 232

Kommentarar til nokre nøkkeltal:

- Overføring frå Voss herad er på totalt 6,6 mill. kr. Beløpet er fordelt slik:



- 3,1 mill. kr: Overføring for skulesymjing og lønsrefusjon for skuleansvarleg
- 2 mill. kr: Ekstra tilskot for høge energiutgifter
- 1,5 mill. kr: Driftstilskot Voss Idrettshall

Totale sals- og leigeinntekter for det nye KF-et er på 8,5 mill. kr. Dette omfattar blant anna billettsalet i Vossabadet (avg.fritt) som var på nær 5,7 mill. kr. Dette er ei auke på litt over 1,6 mill.kr frå 2020.

Det har ikkje vore drift av utebassenget i 2022.

Driftsutgiftene har vore noko høgre enn budsjettet. Av dette utgjør utgifter til straum og fjernvarme 3,5 mill.kr, utgifter til vedlikehald bygg/teknisk utstyr på vel 1 mill. kr og utgifter til reinhald og kjemikaliar på 1,2 mill. kr. Med to bygningar i drift, der det eine nett har fylt fem år og det andre har fylt 35, er det naudsynt med hyppig vedlikehald og utskiftingar. Kostnader til dette har auka vesentleg. Dette kan ein vente i åra som kjem òg.

Aktiviteten i både Vossabadet og Voss idrettshall har vore god i 2022. Idrettshallen har vore fullbooka i vekedagane gjennom heile 2022 og har også vore nytta til konsertlokale, idrettsarrangement, festivalar og lågterskeltilbod med open hall for barnefamiljar. 11. november flauma Vangsvatnet over på nytt, berre åtte år etter at den førre storflaumen gjorde krav på inventar og utstyr i kjellaren i Voss Idrettshall. Ut året 2022 har store delar av kjellaren vore stengt og aktivitet har måtta flytta ut av bygget eller inn i andre rom.

I Vossabadet vart det gjennomført symjekurs i regi av Voss IL på våren, samt barnehagesymjing og skulesymjing som normalt. Frå hausten 2022 var òg baby- og småbarnssymjing og aquagym attende på timeplanen, med ekstern instruktør. Voss Røde Kors sitt tilbod med Aktivitetskortet er populært og vart vidareført i 2022. Besøksal for Vossabadet:

Besøksalet for 2022 er 86.84
auke på 11,6% frå 2021.

